



# Landskapsanalyse i Os kommune

Rapport

## Dokumentinformasjon

<b>Oppdragsgjevar:</b>	Os kommune
<b>Tittel på rapport:</b>	Landskapsanalyse Os kommune
<b>Oppdragsnamn:</b>	Landskapsanalyse i Os kommune
<b>Oppdragsnummer:</b>	617324-01
<b>Skriven av:</b>	Guro Steine
<b>Oppdragsleiar:</b>	Karianne Eriksen
<b>Tilgang:</b>	Åpen

## Kort samandrag

Rapporten inneheld ei landskapsanalyse for heile Os kommune. Overordna føremål med analysen er at den skal vere eit kunnskapsgrunnlag for langsiktig bruk og vern av areal i kommunen. Analysen er overordna og tilpassa kommuneplannivået, og skal vere eit landskapsfagleg grunnlag for rullering av kommuneplanens arealdel (KPA).

02	14.03.19	Rapport revidert	KE	GS
01	14.01.19	Fullstendig rapport	GS/KE	GS
00	25.10.18	Nytt dokument. Til arbeidsmøte med kommunen	KE/NR	GS
<b>VERSJON</b>	<b>DATO</b>	<b>SKILDRING</b>	<b>SKRIVEN AV</b>	<b>KS</b>



## Føreord

Asplan Viak AS har vore engasjert av Os kommune for å utarbeide ei landskapsanalyse for heile kommunen. Overordna føremål med analysen er å få eit oppdatert kunnskapsgrunnlag for langsiktig bruk og vern av areal i kommunen. Analysen skal vere på eit overordna nivå tilpassa kommuneplannivået, og skal vere eit landskapsfagleg grunnlag for rullering av kommuneplanens arealdel (KPA). Landskapsanalysen skal kartlegge og analysere ulike område sin landskapskarakter og -verdi, og slik legge grunnlaget for å gjere bevisste val i møtet mellom landskapsverdiar og vekst / fortettingssoner i kommunen. Det gjeld særleg Osøyro som kommune- og regionsenter og dei definerte nær-sentra Lysefjorden, Nore Neset, Søfteland, Søre Neset og Søre Øyane.

Landskapsanalysen er utarbeidd med utgangspunkt i Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvarens rettleiar «Metode for landskapsanalyse i kommuneplan». Det er nytta ein digital kartleggingsmetode der data om landskapet sitt innhald er samanstillt gjennom bruk av geografiske informasjonssystem (GIS) som både gjer analysen tilgjengeleg og at den kan etterprøvast. Det er særleg viktig fordi oppdraget ikkje har omfatta lokal medverknad. Arbeidet er utført i nært samarbeid med kommuneadministrasjonen, og det er halde fleire arbeidsmøte undervegs.

Asle J. Andaas har vore Os kommune sin kontaktperson for oppdraget og har i tillegg bidratt med grundig lokalkunnskap. Plansjef i Os kommune, Tina Kvammen Mjøs Sinclair har delteke i arbeidsmøte. Landskapsanalysen er utført av landskapsarkitektane Karianne Eriksen, Guro Steine og Nina Rieck. By- og regionplanleggar/GIS-ingeniør Marianne Lindau Langhelle og GIS-analytikar Torbjørn Eidsheim Bøe har vore sentrale medarbeidarar.

Bergen, 14.03.2019

Karianne Eriksen  
**Oppdragsleiar**

Guro Steine  
**Kvalitetssikrar**

# Innhald

<b>SAMANDRAG.....</b>	<b>7</b>
Bakgrunn og formål.....	7
Framgangsmåte og metode .....	7
Overordna landskapsanalyse .....	7
Vegetasjon og blågrøne strukturar: .....	7
Analyse av delområde .....	8
Strategisk landskapsplanlegging – bruk av landskapsanalysen.....	8
<b>1. INNLEIING.....</b>	<b>10</b>
1.1. Bakgrunn og formål .....	10
Bakgrunn og overordna formål .....	10
Formål med landskapsanalysen .....	10
1.2. Avgrensing .....	10
Tematisk avgrensing.....	10
Geografisk avgrensing .....	10
1.3. Landskap i arealplanlegginga – Den europeiske landskapskonvensjonen .....	11
<b>2. METODE .....</b>	<b>12</b>
2.1. Innleiing .....	12
2.2. Geografiske informasjonssystem (GIS) og web-kart.....	12
2.3. Kunnskapskjelder.....	12
2.4. Metode for landskapsanalyse i kommuneplan.....	13
Arbeidsprosess .....	13
Fase I – Førebu .....	13
Fase II – Skildre .....	13
Fase III – Fastsette landskapskarakter.....	14
Fase IV – Vurdere landskapsverdi .....	14
Fase V – Vurdere konsekvensar .....	14
<b>3. OVERORDNA LANDSKAPSANALYSE .....</b>	<b>15</b>
3.1. Fylkeskartlegging Hordaland.....	15
3.2. Overordna landformer, vatn, sjø og vassdrag .....	17
Landformer.....	17
Vassdrag .....	19
Sentrale funn .....	21
3.3. Vegetasjon og blågrøne strukturar .....	21
Naturlandskap .....	21
Kulturlandskap.....	21
Sentrale funn .....	22
3.4. Kulturhistoria / mennesket i landskapet .....	24
Sentrale funn .....	25
3.5. Arealbruk .....	25
Sentrale funn .....	25
3.6. Romleg visuelle forhold .....	27
Landformer, skala og siktlinjer .....	27
Overgangssoner og visuelle knutepunkt .....	28
Landemerke.....	28

Sentrale funn .....	28
<b>4. ANALYSE AV DELOMRÅDE.....</b>	<b>29</b>
4.1. Inndeling i delområde.....	29
4.2. Delområde .....	33
Delområde 2 Øvredalen .....	33
Delområde 3 Lønningdal .....	36
Delområde 4 Bogstrand.....	39
Delområde 5 Hegglandsdalen .....	42
Delområde 6 Moldadalen - Aldalen .....	46
Delområde 8 Solstrand – Moldegård .....	49
Delområde 9 Lyssand .....	53
Delområde 10 Nordmarka- Hjelle .....	56
Delområde 11 Prestegardsskogen .....	60
Delområde 12 Osøyro .....	64
Delområde 13 Ulvenvatnet – Kuventræ – Moberg.....	69
Delområde 14 Kuvågen .....	73
Delområde 15 Liafjellet .....	76
Delområde 16 Ulvensletta.....	80
Delområde 17 Skogafjellet .....	83
Delområde 18 Varåsen - Kolskogen .....	86
Delområde 19 Gåssandvatnet- Hetleflotvatnet .....	89
Delområde 20 Haukeland - Hatleli .....	93
Delområde 21 Røykenes.....	96
Delområde 22 Sjøfteland.....	99
Delområde 23 Gåsakilen – Vinddalsvatnet .....	104
Delområde 25 Lyseklosterdalen .....	108
Delområde 26 Endelausmarka .....	112
Delområde 27 Sjøvik - Sperrevik .....	115
Delområde 29 Drange .....	119
Delområde 30 Ulvenfjellet .....	122
Delområde 31 Nore Neset.....	125
Delområde 32 Skeisosen .....	129
Delområde 33 Forstrøno - Skorpo.....	133
Delområde 34 Strøno .....	136
Delområde 35 Søre Øyane .....	140
Delområde 36 Innerøy - Gulholmane.....	144
Delområde 37 Halhjem .....	147
Delområde 38 Ferstad- Bjørnen .....	151
Delområde 39 Særvoll- Lunde .....	154
<b>5. OPPSUMMERING .....</b>	<b>158</b>
5.1. Områdetypar og landsskapsverdiar.....	158
5.2. Strategisk landskapsplanlegging – bruk av analysen .....	158
Fastsetting av byfjell / markagrense i KPA .....	158
Identifisering og avgrensing av særleg verdifulle regionale og lokale landskapsområde.....	159
Sikring av landskapsverdiar mot utbygging i fortettingsområde/ sentrumsområde.....	159
Krav til landskapsanalyse på reguleringsnivå.....	160
5.3. Kartvedlegg. Overordna landskapstrekk for senterområda .....	161
Osøyro 161	
Nore Neset .....	163

Søfteland .....	165
Søre Neset .....	167
Søre Øyane .....	169
Lysekloster.....	171
<b>KJELDER.....</b>	<b>173</b>

## SAMANDRAG

### Bakgrunn og formål

Overordna føremål med landskapsanalyse i Os kommune er å få eit oppdatert kunnskapsgrunnlag for langsiktig bruk og vern av areal i kommunen. Landskapsanalysen kartlegg og analyserer ulike område sin landskapskarakter og -verdi, og slik legge grunnlaget for å gjere bevisste val i møtet mellom landskapsverdiar og vekst / fortettingssoner i kommunen. Det gjeld særleg Osøyro som kommune- og regionsenter og dei definerte nær-sentra Lysefjorden, Nore Neset, Søfteland, Søre Neset og Søre Øyane.

### Framgangsmåte og metode

Landskapsanalysen er utarbeidd med utgangspunkt i Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvarens rettleiar «Metode for landskapsanalyse i kommuneplan». Det er nytta ein digital kartleggingsmetode der data om landskapet sitt innhald er samanstillt gjennom bruk av geografiske informasjonssystem (GIS) som både gjer analysen tilgjengeleg og at den kan etterprøvast.

### Overordna landskapsanalyse

#### Overordna landformer, vatn, sjø og vassdrag:

- Den geologiske formasjonen Bergensbogane er utgangspunktet for åsane og sprekkedalane som er dei dominerande landskapstypene i kommunen.
- Avslutninga av Bergensbogane i Øyane sør og landhevinga etter istidene er utgangspunktet for ei spesielt variert kystlinje.
- Lausmassane lagt att av brear og elvar og kystlinja er i stor grad utgangspunkt for arealbruken.
- Osvassdraget sitt varierte elvelandskap er eit sentralt og heilskapleg samanhengande landskapselement. I utløpet på Osøyro vert vassdraget mindre markert som landskapselement.

#### Vegetasjon og blågrøne strukturar:

- Skogsåsane er dominerande landskapstype som karakteriserer store delar av naturlandskapet i Os.
- Sprekkedalane er dominerande landskapstype som i tillegg til naturlandskapet inneheld fleire særeigne kulturlandskap.
- Furuskog heilt ned i strandsona er eit særeige karaktertrekk ved kysten.
- Sjølv om naturlandskapet dominerer i areal, er Os kjenneteikna av eit småskala kulturlandskap som har lang historisk kontinuitet og som er ein ressurs for stad- og landskapsutvikling.
- Både kommunesenteret Osøyro og senterområda har viktige og heilskaplege kulturlandskap tett på som kan vere ressurs i å sikre grøne og blågrøne samband mellom busetnaden og landskapet omkring.
- Fleire stader er kulturlandskapa i ferd med å endre karakter gjennom nedbygging (sårbart).

### Kulturhistoria i landskapet:

- Nær samanheng mellom landformer, naturressursar og kulturhistorie. Lett tilgang til sjø kombinert med god landbruksjord har vore viktig.
- Mange synlege kulturhistoriske landemerke i landskapet, først og fremst knytt til tettstader, kyrkjemakt, samferdsel og andre verdskrig.
- Kulturhistoriske landemerke er ein ressurs for opplevingar, identitet og historisk forankring, og bør sikrast ein god landskapssamanheng .

### Arealbruk:

- Den tette sentrumsstrukturen på Osøyro utgjer ein relativt liten del av det bygde arealet.
- Eit spreidd busetnadsmønster med bygging i randsoner og naturlege overgangar i landskapet bidrar til at bygder og grender veks saman og gjer landskapet vanskelegare å lese og orientere seg i.
- Kystlinja og strandsona er sterkt bygningspåverka.
- Tydeleg behov for landskapsstrategi i fortettings- og transformasjonråde for ikkje å miste identitetsskapande element og overgangssoner i landskapet (sårbart).

### Romleg visuelle forhold:

- Landskapet i Os spenner frå storskala fjellområde til småkupert landskap, småskala kulturlandskap og skjergardslandskap til møtet med storskala fjordlandskap att.
- Variasjonen gir eit stort mangfald i landskap med ulik karakter og skala.
- Lange siktlinjer i storskala landskap gjer fjell, åsar og kollar eksponerte og visuelt sårbare.
- Store og/eller mange landskapsinngrep i småskala landskap bidreg til å byggje ned landskapskarakter, landskapssamanhengar og redusere landskapsmangfald.
- Inngrep i randsoner og overgangssoner bidreg til å byggje ned landskapskarakter og redusere landskapsmangfald.
- Kommunen er rik på landemerke, både topografiske og kulturhistoriske, som er både identitetsskapande og orienterande i landskapet.

### Analyse av delområde

Samla er kommunen delt inn i 39 område som er verdivurdert på bakgrunn av overordna analyse. Deretter er det gjort detaljert analyse av 35 av delområda, gjennom utfylling av analyseskjema der forhold i landskapet som er avdekkja gjennom analysen er skildra. Det er gitt tilrådingar for viktige omsyn og premiss for utvikling i eit landskapsperspektiv for det enkelte delområdet.

### Strategisk landskapsplanlegging – bruk av landskapsanalysen

Landskapsanalysen har kartlagt og analysert landskapstypar og landskapsverdiar, og lagt grunnlaget for vidare utvikling av strategiar for dei fire hovudpunkta kommunen har skildra som mål for bruk av analysen:

1. *Grunnlag for fastsetting av byfjell/markagrense i KPA*
2. *Identifisering og avgrensing av særleg verdifulle regionale og lokale landskapsområde*
3. *Grunnlag for sikring av landskapsverdiar mot utbygging i fortettingsområde/sentrumsområde*
4. *Grunnlag for krav til landskapsanalyse på reguleringsnivå*

I tillegg til disse fire bruksområda kan landskapsanalysen nyttast som grunnlag for å vurdere landskapskonsekvensar av innspel til kommuneplan og andre plan- og utbyggingstiltak.

# 1. INNLEIING

## 1.1. Bakgrunn og formål

### Bakgrunn og overordna formål

I samband med rullering av kommuneplanens arealdel ønskjer Os kommune å få utarbeida ein landskapsanalyse med fokus på naturdimensjonane i landskapet.

Kommunen har opplevd stor folkevekst siste tiår, og forventar framleis stor vekst. Kommuneplanarbeidet har definert ein senterstruktur der Osøyro er regionsenter, medan Lysefjorden, Nore Neset, Søfteland, Søre Neset og Søre Øyane er definert som nær-sentra. Framtidig vekst i byggeområde skal primært skje innanfor senterområda i denne strukturen, noko som gjer det avgjerande å sikre både avgrensinga av senterområda, og verdiar og kvalitetar innanfor desse vekstsonene.

Overordna formål med landskapsanalysen er å få eit oppdatert kunnskapsgrunnlag for langsiktig bruk og vern av areal i kommunen.

### Formål med landskapsanalysen

Landskapsanalysen skal vere eit landskapsfagleg grunnlag for rullering av kommuneplanens arealdel KPA. Landskapsanalysen skal kartlegge og analysere landskapstypar og landskapsverdiar i kommunen, og slik legge grunnlaget for å gjere bevisste val i møtet mellom landskapsverdiar og vekst og fortettingssoner i kommunen.

Kommunen har særleg framheva følgjande mål for bruk av analysen:

- Grunnlag for fastsetting av byfjell/markagrense i KPA
- Identifisering og avgrensing av særleg verdifulle regionale og lokale landskapsområde
- Grunnlag for sikring av landskapsverdiar mot utbygging i fortettingsområde/sentrumsområde
- Grunnlag for krav til landskapsanalyse på reguleringsnivå

## 1.2. Avgrensing

### Tematisk avgrensing

Analysen tek for seg aktuelle tema for fastsetting av landskapskarakter og landskapsverdi slik det er skildra i rettleiaren «Metode for landskapsanalyse i kommuneplan» frå Direktoratet for naturforvaltning (DN) og Riksantikvaren (RA) (2011).

### Geografisk avgrensing

Landskapsanalysen omfattar heile kommunen. På bakgrunn av overordna analyse og synfaring er heile kommunen sitt areal delt inn i delområde med samanfallande og heilskaplege karaktertrekk.

Osøyro og nærsentra Lysefjorden, Nore Neset, Søfteland, Søre Neset og Søre Øyane er deretter nærare vurdert med utgangspunkt i ein radius på 2 km for Osøyro og 1 km for nærsentra, i samsvar med regional areal- og transportstrategi. Slik vert det tydeleggjort kvar «vekstradien» kryssar grenser for delområde med samanfallande karaktertrekk og kan sjåast i samanheng med landskapet.

### 1.3. Landskap i arealplanlegginga – Den europeiske landskapskonvensjonen

Landskapsanalysen skal bidra til auka forståing av dagens landskapskarakter, verdiar og sårbare forhold, og til kva faktorar som kan endre dette, slik at kommunen i sitt planarbeid kan gjere bevisste val i møtet mellom landskapsverdiar og vekst og fortettingssoner i kommunen. Dette er i samsvar med den europeiske landskapskonvensjonen, som Norge godkjente i 2001, og som tredde i kraft i 2004.

Den europeiske landskapskonvensjonen har som formål å verne, forvalte og planlegge landskap.

Konvensjonen omfattar alle typar landskap; by- og bygdelandskap, kyst- og fjellandskap. Den handlar om verdifulle landskap, ordinære landskap og om landskap som kan trenge reparasjon. Landskapet er i stadig endring. Konvensjonen tek ikkje sikte på å hindre endringar men å påverke endringane i den retning som folk ønskjer. Konvensjonen legg særleg vekt på landskapet der folk bur og arbeider og der barn veks opp.

Landskapet famnar både kultur og natur, vi skapar alle vår eiga landskapsoppleving på grunnlag av bruk, minner, assosiasjonar og kunnskap. Det er dei personlege erfaringane som gir landskapet kulturelle og sosiale verdiar, i tillegg til miljømessige og økonomiske verdiar.

Eit viktig mål med konvensjonen er å styrke enkeltmennesket og lokalsamfunnet sin medverknad i arbeidet med planlegging, vern og forvaltning av landskap. Konvensjonen etablerer ansvar og rettar for alle til å

- etterspørje landskapsomsyn i sine omgjevnader
- engasjere seg for å ta vare på landskapskvalitetar
- delta når fagfolk, byråkratar og politikarar diskuterer landskapsverdiar og forvaltning
- bidra når styresmaktene innarbeider landskapsomsyn i planlegging og forvaltning

Den europeiske landskapskonvensjonen definerer landskapsplanlegging «*som sterke framtidssrettede tiltak som tar sikte på å forbedre, istandsette og skape landskap*». Norge forpliktar seg gjennom konvensjonen til å betre kunnskapane om eigne landskap. I dette ligg det å kartlegge landskapet og å analysere landskapets karakter for å få fram kva krefter og truslar som fører til endringar.

## 2. METODE

### 2.1. Innleiing

Metode for landskapsanalyse i kommuneplan dannar grunnlaget for arbeidet med analysen. Rettleiaren frå DN/RA legg opp til ein omfattande og systematisk gjennomgang av landskapet sitt innhald, dokumentert gjennom sjekklister.

Vi har valt å nytte geografiske informasjonssystem (GIS) i kartlegginga av data, der landskapsanalysetemaa vert samanstilt og kan etterprøvast visuelt i kart. På bakgrunn av kartlegginga er i tillegg landskapskarakter og landskapsverdi skildra skriftleg i eitt analyseskjema per delområde. Analyseskjema omfattar også tilråding for landskap.

### 2.2. Geografiske informasjonssystem (GIS) og web-kart

Temadata er samla i eit webkart etablert i Arcgis Online som har fungert som felles plattform for medarbeidarane i landskapsanalysen. Dette webkartet har vore tilgjengeleg for kommunen i samband med analysearbeidet, og er ein del av leveransen til slutt. Webkart er brukt i dialog med kommunen i arbeidet med landskapsanalysen.

Gjennom enkel tilrettelegging kan kartet også bli gjort offentleg tilgjengeleg som eit supplement til rapporten. Det kan for eksempel nyttast som verktøy i det vidare arbeidet med rullering av KPA og lokale medverknadsprosessar.

### 2.3. Kunnskapskjelder

Kartlegginga er basert på oppdaterte data frå Os kommune og frå tilgjengelege offentlege databasar, deriblant:

- Grunnkartdata (FKB og N20)
- Markslagsbasen (AR5)
- Data frå Naturbase (t.d. «viktige naturtyper»)
- Verdivurdering av landskapsområde i Hordaland (2011).
- Regional viktige friluftsområde (HFK)
- Kjerneområde landbruk
- Data frå Riksantikvaren (Askeladden og SEFRAK)
- KPA
- Gjeldande reguleringsplanar

Vi tek atterhald om eventuelle feil i datagrunnlaget. I ein kommune med høg aktivitet kan det også vere at kartdata, flyfoto og dagens situasjon ikkje alltid stemmer heilt overeins.

Analysen tek utgangspunkt i kjent kunnskap, eksisterande registreringar og datasett. Det er i tillegg gjennomført synfaring i store delar av kommunen. I ein overordna analyse er det likevel umogleg å nå over heile arealet.

Det vert derfor lagt til grunn for arbeidet at ein må gjere meir detaljerte registreringar og analysar i påfølgjande planprosessar (etter kommuneplanarbeidet). Det inkluderer etterprøving av analysen gjennom lokal medverknad.

## 2.4. Metode for landskapsanalyse i kommuneplan

### Arbeidsprosess

Rettleiaren «Metode for landskapsanalyse i kommuneplan» skildrar ein prosess i fem fasar:




### Fase I – Førebu

Ei sentral oppgåve i denne fasen er å fastsette mål og rammer for landskapsanalysen. Ved oppstart var mål og overordna rammer fastsett av kommunen gjennom førespurnad. I oppstartmøte vart arbeidsopplegg og framdrift nærare fastlagt i dialog med kommunen.

### Fase II – Skildre

I denne fasen vart grunnlag innhenta og studert, og det vart etablert database og terrengmodell i GIS som grunnlag for ei overordna landskapsanalyse og skildring av landskapet i kommunen.

På bakgrunn av det overordna kartleggingsarbeidet vart det gjennomført synfaringar og utarbeidd eit forslag til inndeling i delområde. Inndelinga i delområde vart sendt administrasjonen for gjennomsyn og delt i web-kart.



Figur 2-1 Skjermdump av webkart som syner høgdeleg, senterområde, bilder frå synfaring.

### Fase III – Fastsette landskapskarakter

I denne fasen vart landskapskarakteren fastsett for kvart delområde med utgangspunkt i kartlegging, analysar og synfaring. Visuelle og romlege forhold er vekta tyngst, men også andre tema og landskapselement har påverka inndeling og fastsetting av karakter. I arbeidsmøte med kommunen vart det gjort ei kvalitetssikring («gyldighetstest») av avgrensing av delområde og lokalnamn. Det vart vidare bestemt at fire delområde ikkje trengte detaljert landskapsanalyse på bakgrunn av at det er område som anten er analysert i detalj tidlegare, som Bjåneshalvøya, eller at delområda er uaktuelle for utvikling, som fjellområda-

Delområda som det er utført detaljert analyse for er dokumentert og presentert med utgangspunkt i sjekklister for fastsetting av landskapskarakter, samt kart og foto.

### Fase IV – Vurdere landskapsverdi

I denne fasen er landskapsverdien til det enkelte delområdet vurdert og grunngeve verbalt med utgangspunkt i eit fastlagt kriteriesett i rettleiaren. Viktige kriterier er mellom anna overordna landformer/landskapsrom, terrengformer, vegetasjon, arealbruk, særprega kulturlandskap, bruk av landskapet, tidsdjupne, kontinuitet, samt ei samla vurdering av heilskap, særpreg og variasjon der visuelle forhold ved landskapet er vekta tyngst.

### Fase V – Vurdere konsekvensar

Rettleiaren legg i denne fasen opp til konsekvensutgreiing av innspel om nye byggjeområde i kommuneplan. Det er ikkje ein del av denne analysen, men analysen vil vere eit grunnlag for korleis kommunen kan vurdere innspel og utbyggingsforslag.

Vi har i denne fasen søkt å svare ut kommunen sine mål med analysen gjennom å gje landskapsfaglege råd for utvikling både på overordna nivå og for det enkelte delområde, knytt opp mot dei fire hovudpunkta gitt under føremål med analysen:

- Grunnlag for fastsetting av byfjell/markagrense i KPA
- Identifisering og avgrensing av særleg verdifulle regionale og lokale landskapsområde
- Grunnlag for sikring av landskapsverdiar mot utbygging i fortettingsområde/sentrumsområde
- Grunnlag for krav til landskapsanalyse på reguleringsnivå

### 3. OVERORDNA LANDSKAPSANALYSE

#### 3.1. Fylkeskartlegging Hordaland

Landskapet i Os kommune er overordna kartlagt og verdivurdert som del av «Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke. Med utgangspunkt i Nasjonalt referansesystem for landskap»<sup>1</sup>, utarbeidd av Aurland Naturverkstad på oppdrag frå Hordaland fylkeskommune i 2011.

Kartlegginga er gjennomført med flyhøgde 1:50 000 og omfattar landskapskarakter og verdisetting i eit regionalt perspektiv. Os kommune er plassert i landskapsregion 21, Ytre fjordbygder på Vestlandet, underregion 21.5 Bergensbuene.

Landskapet langs kysten er klassifisert i landskapstypene:

- Breie fjordløp, fjordmøte og opne fjordmunningar
- Indre øy, holme og skjergardslandskap
- Middels breie fjordløp
- Småfjord og storsund

Landskapet innafor kystlinja, der ytre del av Bergensbogane gjer seg sterkt gjeldande visuelt og romleg, er klassifisert i landskapstypene

- Kystfjell
- Kystfjelldalar
- Sprekkedalar
- Åslandskap og skogsåsar


Av desse er to landskapsområde gitt stor verdi: *Øvredalen (landskapstype kystfjelldal)* og *Lysekloster (landskapstype sprekkedal)*. Landskapet elles er vurdert til middels verdi eller vanleg førekomande landskap, med *sprekkedalar, åslandskap og skogsåsar* som dominerande landskapstype.

Denne overordna analysen er basert på stor flyhøgde og landformer/topografi, og landskapstypene dannar ein del av grunnlaget for landskapsanalysen på kommunalt nivå. I eit forvaltingsperspektiv på kommunalt nivå er det behov for å gjere inndeling i delområde på eit litt anna grunnlag.

Landskapet i Os spenner frå storskala fjellområde til småskala kulturlandskap og skjergardslandskap til møtet med storskala fjordlandskap att. Kystlinja og dei kystnære områda er sterkt prega av busetnad, og er under sterkt press. Samstundes gjer store infrastrukturiltak som ny ferjefri E39 til at nye område også innafor kystlinja kjem under press. I inndeling av delområde i analysen for Os er derfor arealbruk og arealdekke, samanhengande jordbruksområde/kulturlandskap, samanhengande skogsområde og kystlinja lagt til grunn i større grad, noko som gir ei litt anna inndeling enn i fylkeskartlegginga.

---

<sup>1</sup> Vi antar at Nasjonalt referansesystem for landskap vil bli erstatta av NiN landskap som er ein nasjonal heildekkande kartleggingsmetode på landskapstypenivå M1:50 000 som er under utvikling. Metoden skal svare ut formålet med ivaretaking av landskapsmangfald, som i naturmangfaldlova er definert som «mangfaldet av landskapstypar», og er knytt opp mot forpliktingane i den europeiske landskapskonvensjonen.




Figur 3-1 Kart som syner landskapstypar frå Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke, 2011

### 3.2. Overordna landformer, vatn, sjø og vassdrag


Overordna landformer og vassdrag er danna av geologiske prosessar som er grunnleggande for heile landskapet si innreiing, og for bruk og forståinga av landskapet.

#### Landformer

Dei overordna landskapsformene i Os kommune er forma av den geologiske formasjonen kalla *Bergensbogane*, og som består av ei markert, bogeforma landskapsform med Løvstakken i Bergen som sentrum. Os kommune dannar sørenden av den ytste bogen kalla Store Bergensboge. Bergartane i dei indre Bergensbogane er hovudsakleg gneis og djupbergartar, medan dei ytre bogane er ei blanding av vulkanske og sedimentære lag, i Os for ein stor del av gammal havskorpe og konglomerat, kalkstein og skifer, og noko glimmerskifer og grunnfjellsgneisar.



*Bergensbogane illustrert med ulike fargar for ulike bergartar*




*Fjella i Os er del av Bergenshogene*

Figur 3-2 Bergensbogane. Kjelde: Kulturminnegrunnlag Osøyro Sone 1. Kultureininga Os kommune 2018

Bergensbogane er forma i den kaledonske fjellkjedefoldinga som skjedde for over 400 millionar år sidan. Forvitring og erosjon av elvar og isbrear har etterpå danna dei karakteristiske sprekkedalane i Os-landskapet. På grunn av den karakteristiske bogeformen ligg desse dalane i Os i sørvestleg-nordautleg retning. I indre delar er fjella høge og dalane markerte, og mot Samnangerfjorden stuper fjellet bratt mot fjorden. Kystfjella strekker seg opp mot 800 moh inn mot Gullfjellet, med Svenningen 769 moh og Møsnuken 639 moh.


Dei ytre delane mot Lysefjorden og Bjørnafjorden får eit lågare terreng og dalformene vert mindre markerte idet dei går over i fjordar og sund. Lyshornet ligg på 405 moh, Ulvenfjellet på 316 moh og Liafjellet på 259 moh, medan toppane på Drange, Strøno og Søre Neset ligg under 200 moh. Det endå lågare øy, holme og skjergardslandskapet ut mot Bjørnafjorden gir ei langstrakt og variert kystlinje med mange vågar, sund og osar.



Figur 3-3 Høydelskart som tydelig viser åslandskapet og sprekkedalene som er karakteristisk for Os.

Gjennom fleire istider har elvar og isbrear skore vekk dei mjukaste bergartane. Os vart isfritt for om lag 14 000 år sidan, og havet kom då opp Osdalføret heilt opp til Hauglandsvatnet. Seinare rykte breen fram att ned dalføret, og la att store lausmassar, morenemassar, i brefronten. Då sto havet 58 meter høgare enn i dag (marin grense), og både i Osdalføret og på Nore Neset finn ein havavsetningar. På Hauge og på Moberg finn ein store, tjukke lausmasseterrassar lagt att av breane. Dei flotte rullesteinsstrendene i Mobergsvikjo og på Solstrand er også lagt att av breen. På Ulvensletta og Kuventræ la smeltevatnet i breelvene att store sandsletter.

Lausmassane brear og elvar har lagt att har sidan vore avgjerande for bruken av områda, som for eksempel dei store jordbruksareala på Søfteland som framleis er kjerneområde for landbruk. Etter at breen trekte seg tilbake, har elvar og bekkar halde fram med å grave seg ned i lausmassane og laga smådalar og ravinar innafor dei store hovudformene, som på Kuventræ.




Figur 3-4 Lausmassekart

### Vassdrag

Oselva og alle vatna i Osvassdraget er eit sentralt landskapselement i kommunen. Oselva startar på kote 60 i Samdalsvatnet (Bergen kommune) og er som ei perlerad av små og store vatn med korte, smalare elvestrekningar i mellom før den renn ut i fjorden ved Osøyro. Dei største vatna er Hauglandsvatnet, Gåssandvatnet, Vindalsvatnet og Hetleflotvatnet. Frå Samdalsvatnet er elva 26 km lang med ein høgdeskilnad på berre 60 meter, noko som er sjeldsynt for Vestlandet og som syner att i høgdelagskartet. Aust for vassdraget ligg høge kystfjell og markerte dalar, vest for vassdraget vert landskapet lågare ut mot kysten

Nedbørsfeltet er på heile 110 km<sup>2</sup>. Den flate dalbotnen har gitt vatnet låg fart og ført til at elva har lagt frå seg lausmassar på vegen som dannar utgangspunkt for jordbruk og busetnad. Perleraden av vatn, det rolege elveløpet og det vekslande landskapet mellom opne vatn og smale elvestrengar gjer dalføret til eit attraktivt rekreasjons- og friluftslandskap. Mot fjorden vert vassdraget meir utydeleg som landskapselement gjennom tettstaden Osøyro.



Figur 3-5 Kart som syner vatn og vassdrag.

## Sentrale funn

- Den geologiske formasjonen Bergensbogane er utgangspunktet for åsane og sprekkedalane som er dei dominerande landskapstypene i kommunen.
- Avslutninga av Bergensbogane i øyane i sør og landhevinga etter istidene er utgangspunktet for ei særleg variert kystlinje.
- Lausmassane lagt att av brear og elvar og kystlinja er i stor grad utgangspunkt for arealbruken.
- Osvassdraget sitt varierte elvelandskap er eit sentralt og heilskapleg samanhengande landskapselement. I utløpet på Osøyro vert vassdraget mindre markert som landskapselement.

### 3.3. Vegetasjon og blågrøne struktur

Vegetasjon og naturstruktur er utgangspunkt for landskapet som habitat for plantar og dyr, men også for vår oppleving av natur og høve til rekreasjon og friluftsliv. Strukturane er oppstått på bakgrunn av naturgitte føresetnader, naturen sine egne endringsprosessar, og vår menneskelege påverknad.

#### Naturlandskap

Naturlandskapet i Os er dominert av dei skogkledde fjella og åsane, som saman med sprekkedalane utgjer den dominerande landskapstypen både i tal og areal. Spesielt for Os er at furuskogen mange stader strekker seg heilt ned i fjøresteinane, som på Strøno og i Søre Øyane.

Kommunen er rik på registrerte verdifulle naturlokalitetar knytt til kystfuruskogen, edellauvskogar i sørvende varme lier, kulturlandskapet, og til strandsone og kystlinja. Mange av desse er knytt til overgangssoner og randsoner i landskapet og er ein viktig del av landskapsmangfaldet, både romleg visuelt og økologisk.

Landskapsøkologi er eit faguttrykk som snakkar om samanhengen mellom økosystem og landskap, mellom kjerneområde med verdifull natur, randsoner og omgjevnader for å sikre leveområde for bl.a. viktige og trua artar. Grønstruktur og blågrøn struktur (vassdrag/vatn med randsoner) er viktige både for biologisk mangfald og som ferdselskorridorar mellom bygde område og naturområde for rekreasjon og friluftsliv. Ein robust blågrøn struktur er også viktig for å gjere busetnaden meir motstandsdyktig mot flaum, skred og andre naturhendingar sett i lys av klimaframskrivingar.

#### Kulturlandskap

Det småskala jordbrukskulturlandskapet er eit særtrekk i Os. Kulturlandskapet er i hovudsak knytt til dei mange sprekkedalane og til lausmassane lagt att av brear og elvar, og ligg som mjuke overgangssoner mellom busetnad og skogsåsane. Ravinedalar og andre småformer gjer landskapet småkupert og variasjonsrikt. Kulturlandskapet viser korleis vi har gjort nytte av naturgrunnlaget og endra våre fysiske omgjevnader gjennom bruk.


I tillegg til betydinga for naturmangfald og som produksjonslandskap, er kulturlandskapet eit visuelt uttrykk for historisk kontinuitet som gir tidsperspektiv og felles referansar, og som gjer landskapet meiningsberande og kan bidra til å byggje identitet og fellesskap. Desse kvalitetane ligg tett på både kommunesenteret Osøyro og på senterområda. Fleire stader er heilskapen og samanhengane i kulturlandskapa i ferd med å bli endra. Det skjer både ved tett bygging i randsonene som viskar ut overgangen mellom bygde område og kulturlandskapet, og gjennom spreidd utbygging som fragmenterer og byggjer ned sjølve landskapet. Heilskapleg og langsiktig planlegging, forvaltning og bruk er avgjerande for å ta vare på denne ressursen i landskapet.

#### Karakteristiske heilskaplege kulturlandskap og samanhengar:

- o Osdalføret m/ kulturlandskapa på Gåssand, Haukeland/Søfteland, Hetlefloten/Tøsdal
- o Ulvenvatnet – Moberg – Mobergsvikjo
- o Ulvenvatnet – Kuventræ – Kvernelva
- o Lyseklosterdalen – Lysøya m/ Klosterelva, Pøyla og Søvik
- o Særvoll – Skeie og Døsjaelva
- o Søre Øyane
- o Lyssand og Bø
- o Hegglandsdalen og Vallaelva
- o Moldadalen og Moldegård
- o Øvredalen og Lønningdal

#### Sentrale funn

- Skogsåsane er dominerande landskapstype som karakteriserer store delar av naturlandskapet i Os.
- Sprekkedalane er dominerande landskapstype som i tillegg til naturlandskapet inneheld fleire særeigne kulturlandskap.
- Furuskog heilt ned i strandsona er eit særeige karaktertrekk ved kysten.
- Sjølv om naturlandskapet dominerer i areal, er Os kjenneteikna av eit småskala kulturlandskap som har lang historisk kontinuitet og som er ein ressurs for stad- og landskapsutvikling.
- Både kommunesenteret Osøyro og senterområda har viktige og heilskaplege kulturlandskap tett på som kan vere ressurs i å sikre grøne og blågrøne samband mellom busetnaden og landskapet omkring.
- Fleire stader er kulturlandskapa i ferd med å endre karakter gjennom nedbygging (sårbart).



Figur 3-6 Markslagskart.

### 3.4. Kulturhistoria / mennesket i landskapet

Måten som menneske før oss har levd på har gitt synlege merker i omgjevnaden vår. Dette ser me dels som fysiske spor og strukturar i landskapet, og dels som eit generelt preg ved at menneske i tidlegare tider har forma landskapet til sin bruk. I ein landskapsanalyse er det dei *synlege og fysiske kulturminna* som er viktige, fordi desse som regel har større opplevingsverdi enn kulturspor under torva, og dei er ein meir markant og lesbar del av landskapet.

Dei viktigaste kulturhistoriske utviklingane og historiene som har forma landskapsbiletet i Os er først og fremst knytt til menneske sitt tilhøve til sjøen. Fjorden var hovudvegen og viktigaste næringsveg. Alt i steinalderen (8000 f.Kr – 1800 f.Kr) slo folk seg ned på øyar og nes i Os. I slutten av steinalderen byrja folk med husdyr, og etter kvart også noko jordbruk i kombinasjon med fiske og jakt. I bronsealder og jernalder fekk jordbruket fotfeste, og dei mange gravhaugane vitnar om eit stabilt fiske- og jordbruksfunn i forhistorisk tid som utnytta den lette tilgangen til sjø og den gode jordbruksjorda i kommunen. Denne kombinasjon mellom jordbruk og fiske vart vanleg på heile Vestlandet, og prega levesett og landskap i mange tusen år. Bruken av sjøen har sett tydeleg spor etter seg i form av naust, sjøbuer, kaiar, gardstun og sjønære tettstadsområde som vender seg mot fjorden. Osøyro er eit godt døme på dette. Denne kulturhistoriske samanhengen til fjord og sjø set eit tydeleg preg, ikkje berre på strandsona i Os, men også på korleis ein historisk har busett seg i kommunen.

Ut over desse generelle utviklingstrekk, er det særleg fire historiske trekk som er viktige for Os, og som har satt spor i landskapet.

- Strandstaden Osøyro. Den vesle strandstaden Osøyro vaks fram med utgangspunkt i godt jordbruksland og lett tilgang til sjø ved elveosen ut mot fjorden. Staden må ha vore sentral langt tilbake i tid, og her vart tidleg reist ei kyrkje. Seinare kom her ekserserstad, hotell, butikkar og staden vart endestasjon for Osbanen (sjå under).
- Klosteret i Lysefjorden. Kyrkjemakt har satt sine spor i Os sitt landskap. På 1100-talet vart eit cistercienserkloster reist ved Lysefjorden. Dette vart etter kvart eit av dei største godsda i landet med ca. 200 gardsbruk. Klosteret var i funksjon til reformasjonen, 1536. I nærleiken til klosterområdet ligg Ole Bull sin villa på Lysøen, som er med på å ytterlegare gje kulturhistorisk verdi i dette området.
- Samferdsel. Den smalspora Osbanen kom i drift i 1894 mellom Os og Nesttun i Bergen. Banen knytte Os tettare med den viktige marknaden i Bergen, og stasjonane på Hamre, Kismul, Kalandseidet, Søfteland, Ulven, Kuven og til sist Osøyro ga grunnlag for etablering av små tettstader, og ga grunnlag for eit rikt og variert næringsliv i kommunen. Jernbanen, som vart lagt ned i 1935, har framleis ein synleg trasé. Den Stavangerske Postveg frå 1700-talet er ei anna historisk viktig kommunikasjonsåre i kommunen, som truleg er lagt på eit enno eldre vegfar. I dag er Postvegen synleg frå Bergstø til Hetleflåten og går over utkragingsbrua Torve bru frå 1810.
- Andre verdskrig. For å forsvare Bergensområdet, var Os viktig for okkupasjonsmakta. På Haugsneset, Torringjo, Mobergsvika, Tøsdal og Hetleflåten var det anti- luftsskyts og kystartilleri. I tillegg var det mange sovjetiske krigsfangar i Os, ca. 620 på det meste. Fangane budde i fangeleirar bl.a. ved Ulven. Tøsdal og Haugsneset.

Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap gir forståing for korleis stadene i kommunen har utvikla seg, og historiene kan bidra til å forankra ny utvikling av tettstader og senterområde. Kulturarven bidreg til identitet, sjølvforståing, og oppleving av at staden ein bur på vert del av noko større. Dette bind saman folk på tvers av generasjonar, og på tvers av bakgrunn og opplevingar.

## Sentrale funn

- Nær samanheng mellom landformer, naturressursar og kulturhistorie. Lett tilgang til sjø kombinert med god landbruksjord har vore viktig.
- Mange synlege kulturhistoriske landemerke i landskapet, først og fremst knytt til tettstader, kyrkjemakt, samferdsel og andre verdskrig.
- Kulturhistoriske landemerke er ein ressurs for opplevingar, identitet og historisk forankring, og bør sikrast ein god landskapssamanheng.

### 3.5. Arealbruk

Temaet *Arealbruk* gjer greie for hovudtrekka i dagens arealbruk med vekt på bygde miljø, og korleis landskapet er og vert påverka av denne arealbruken. Os kommune har eit samla areal på ca. 140 km<sup>2</sup> med store sjø-, skogs- og fjellområde. Landarealet er på ca. 135 km<sup>2</sup>, mens vatn utgjer ca. 5 km<sup>2</sup>. Berre ca. 3,78 km<sup>2</sup> er bygd areal (areal dekkja av bygningar og areal av vegbane).

Opphavleg busetnad og ferdselsårer følgjer i stor grad dei overordna strukturane i landform og naturgrunnlag skildra over. Folketalet er på vel 20 000, der den største konsentrasjonen av busetnad ligg i kommunesenteret på Osøyro, som er tilnærma bygt heilt saman med Kuventræ og Ulven mot nord, og med Kuvågen mot sør. Den tette sentrumsstrukturen på Osøyro utgjer ein relativt liten del av arealet, småhusbusetnad dominerer med unntak av nyare bygningsmiljø langs hamnefronten, og nærings- og industriområde i området kring Ulven, Kolskogen og Kolskogen.

E39 går gjennom Osdalføret til Ulven/Kolskogen og vidare utover Søre Neset til ferjekaien på Halhjem. E39 Svegatjørn – Rådal skal stå ferdig 2022, og veganlegget vil prege landskapet ved Kolskogen og i Endelausmarka. Når veganlegget står ferdig vil trafikk verte flytta frå dagens E39 og få verknader for busetnad og arealbruk langs dagens veg og Søfteland og Lysefjorden som lokalsenter. Framtidig ferjefri E39 Stord – Os vil ytterlegare bidra til å endre arealbruken, både direkte og indirekte.


Andre tettare konsentrasjonar ligg på Søfteland, Haugland, Halhjem, Nore Neset, Søre Øyane og Søvik, som alle har skule- og idrettsområde. Områda er elles i hovudsak prega av meir eller mindre tette småhusmiljø og/eller gardsmiljø. Desse konsentrasjonane er utgangspunktet for senterstrukturen der Lysefjorden, Nore Neset, Søfteland, Søre Neset og Søre Øyane er utpeika som nærsenter.

Kommunen er karakterisert av eit spreidd busetnadsmønster der særleg strandsona og kystnære område er sterkt bygningspåverka. Det er bygt «litt over alt» i det småskala kulturlandskapet, spesielt kulturlandskap og på øyar og holmar. Der eldre bygningsmiljø gjerne er tilpassa landskapet, ber nyare bygningsmiljø og felt meir preg av at ein byggjer ned landskapet, og enkelte av bygdene/grendene er i ferd med å vekse saman. Gjennom bygging på visuelt eksponerte toppar eller nes, eller bygging i strandsona og dei andre randsonene mellom kulturlandskap og naturlandskap, vert naturlege overgangar i landformer, terreng og vegetasjon «viska ut» eller øydelagt. Dette er landskapselement som er med på å gi struktur og identitet, og nedbygging av elementa gjer landskapet vanskelegare å lese og orientere seg i.

## Sentrale funn

- Den tette sentrumsstrukturen på Osøyro utgjer ein relativt liten del av det bygde arealet.
- Eit spreidd busetnadsmønster med bygging i randsoner og naturlege overgangar i landskapet bidrar til at bygder og grender veks saman og gjer landskapet vanskelegare å lese og orientere seg i.
- Kystlinja og strandsona er sterkt bygningspåverka.

- Tydeleg behov for landskapsstrategi i fortetting og transformasjon for ikkje å miste identitetsskapande element og overgangssoner i landskapet (sårbart).




Figur 3-7 Kartet viser busetnadsmønsteret med Osøyro og nærsentra Lysefjorden, Nore Neset, Sjøfteland, Søre Neset og Søre Øyane markert med 1 km radius, og korleis enkelte område er i ferd med å vekse saman til samanhengande, bygde område.

### 3.6. Romleg visuelle forhold

Romleg visuell analyse gjer greie for korleis ein kan oppleve og forstå landskapet gjennom å kartlegge landskapselement som landskapsrom, linjedrag og siktlinjer, overgangssoner og visuelle knutepunkt, landemerke, og skala i landskapet.

Landskapet i Os spenner frå storskala fjellområde, via mellomskala åsar og dalar til småskala kulturlandskap og skjergardslandskap, til møtet med storskala fjordlandskap att.



Figur 3-8 Kart som viser overordna romleg visuell analyse.

#### Landformer, skala og siktlinjer

Dei høge kystfjella i indre delar er storskala landformer heilt opp mot 800 moh som danner storskala landskapsrom og opnar for vide utsyn og lange siktlinjer til landskapet omkring. Kystfjella går over i eit lågare og meir småkupert landskap med åsar og skogskollar som gir meir små- og mellomskala landskapsrom. Siktlinjene vert kortare og dalromma misser visuell kontakt med det overordna kyst- og fjordlandskapet. Det oppstår ein stor kontrast mellom opplevinga av det storskala landskapet ein ser frå høgareliggende område, og opplevinga av det småskala landskapet, der innreiinga av landskapet med fordelinga mellom naturlandskap, kulturlandskap og bygd landskap vert opplevd som karaktersetande.

Mot fjorden og kysten vert kontrastane mellom storskala og småskala landskap endå større. Ut mot dei store fjordmøta i Bjørnafjorden, Fusafjorden, Lysefjorden og Korsfjorden får ein igjen vide utsyn og lange siktlinjer. Opplevinga av det storskala fjordlandskapet står i sterk kontrast til det lågmælte øy, holme og skjergardslandskapet med mange vågar, sund og osar, der siktlinjene igjen vert korte og dei nære omgjevnadene bestemmande for opplevinga av landskapet.

Variasjonsriksdommen i landformer og skala gjer at inngrep og tiltak i høgareliggende område og store opne landskapsrom vert eksponerte og synlege frå eit stort omland.

I det småskala landskapet med kortare siktlinjer er inngrep og tiltak mindre eksponerte og meir skjerma, men landskapet vert meir sårbart for storskala inngrep som endrar småskala og naturlege overgangar i landformer, terreng og vegetasjon og gir redusert landskapsmangfald.

### Overgangssoner og visuelle knutepunkt

Overgangssoner og randsoner i landskapet er ein viktig del av landskapsmangfaldet, både romleg visuelt og økologisk. I overgangssoner mellom landskapsrom oppstår visuelle knutepunkt som har betydning for opplevinga av landskapsromma som møtest. Viktige overgangssoner i Os er

- Strandsona mellom sjø og land
- Randsoner mellom vassdrag og land
- Randsoner mellom naturlandskap og kulturlandskap
- Randsoner mellom busetnad og naturlandskap eller kulturlandskap

### Landemerke

Kommunen er rik på landemerke, både topografiske og kulturhistoriske, som er både identitetsskapande og orienterande i landskapet gjennom å vere godt synlege og karakteristiske. Døme på topografiske landemerke er Bjørnatrynet, Liatårnet, Lyshornet og Borgafjellet. Døme på kulturhistoriske landemerke er Lysekloster og Lysøya med Ole Bulls villa, Moldegaard og Solstrand hotell. Døme på nyare landemerke er Oseana kunst og kultursenter og moloane som strekker seg ut og omfamnar hamnebassenet på Osøyro, og ferjekaien på Halhjem.

### Sentrale funn

- Landskapet i Os spenner frå storskala fjellområde til småskala kulturlandskap og skjergardslandskap til møtet med storskala fjordlandskap att.
- Variasjonen gir eit stort mangfald i landskap med ulik karakter og skala.
- Lange siktlinjer i storskala landskap gjer fjell, åsar og kollar eksponerte og visuelt sårbare.
- Store og/eller mange landskapsinngrep i småskala landskap bidreg til å byggje ned landskapskarakter og redusere landskapsmangfald.
- Inngrep i randsoner og overgangssoner bidreg til å byggje ned landskapskarakter og redusere landskapsmangfald.
- Kommunen er rik på landemerke, både topografiske og kulturhistoriske, som er både identitetsskapande og orienterande i landskapet.

## 4. ANALYSE AV DELOMRÅDE

### 4.1. Inndeling i delområde

På bakgrunn av synfaringar og dei overordna analysane er landskapet i Os delt inn i delområde etter landskapskarakter. Landskapskarakter er eit konsentrert uttrykk for samspelet mellom naturgrunnlaget, arealbruken, historisk og kulturelt innhald, romlege og andre forhold som kan oppfattast og som gir området eit særpreg som skil det frå landskapet omkring.

Samla er kommunen delt inn i 39 område som er verdivurdert på bakgrunn av overordna analyse. Deretter er det gjort detaljert analyse av 35 av delområda, gjennom utfylling av analyseskjema der forhold i landskapet som er avdekkja gjennom analysen er skildra. Fire delområde er ikkje tatt med til vidare detaljert landskapsanalyse med bakgrunn i at dei allereie er kartlagt/analysert i samband med andre planarbeid, eller at det ikkje er aktuelt med tiltak eller planarbeid i området som vil kunne endre landskapskarakteren i vesentleg grad. Desse fire delområda er likevel gitt ein kort landskapskarakteristikk og verdivurdert:


- 1 Svenningen – Møsnuken. Kystfjellområde, uaktuelt for tiltak i kommuneplan.
- 7 Bjånes. Analysert i samband med kommunedelplanarbeid.
- 24 Lyshornet. Kystfjellområde, uaktuelt for tiltak i kommuneplan.
- 28 Lysøya. Øy, holme og kulturlandskap, uaktuelt for tiltak i kommuneplan.

For senterområda Osøyro, Søfteland, Lysekloster (Søvik – Hellebakkane), Nore Neset, Søre Øyane og Halhjem er analysen gjort meir detaljert enn for dei andre delområda.


Tabell 1 Inndeling i delområde med kort karakteristikk og verdisetting. Senterområda er utheva.

Område nr	Område navn	Områdetype - kort karakteristikk	Verdi
1	Svenningen - Møsnuken	Kystfjell. <i>Ikkje detaljert analysert.</i>	Stor
2	Øvredalen	Kystfjelldal/ kulturlandskap	Svært stor
3	Lønningdal	Spreiddbygd dal	Stor
4	Bogstrand	Spreiddbygd fjordlandskap	Middels
5	Hegglandsdalen	Spreiddbygd dal. Kulturlandskap.	Stor
6	Moldadalen - Aldalen	Spreiddbygd kystås og kystdal	Middels
7	Bjånes	Skogsås. <i>Ikkje detaljert analysert.</i>	Middels
8	Solstrand- Moldegård	Kulturlandskap og tett busetnad	Stor
9	Lyssand	Kulturlandskap	Stor
10	Nordmarka - Hjelle	Jordbruksområde, tett busetnad	Middels
11	Prestegardsskogen	Marka	Middels
<b>12</b>	<b>Osøyro</b>	<b>Tettstad. Elveosen, storfjord.</b>	<b>Middels</b>
13	Ulvenvatnet - Kuventræ- Moberg	Vassdrag og kulturlandskap	Stor
14	Kuvågen	Bustadområde	Middels

15	Liafjell	Skogsås	Middels
16	Ulvensletta	Slette	Middels
17	Skogafjellet	Skogsås	Middels
18	Varåsen - Kolskogen	Næring - og bustadområde	Liten
19	Gåssandvatnet-Hetleflotvatnet	Vassdrag	Stor
20	Haukeland - Hatleli	Spreidd bygd dal	Middels
21	Røykenes	Vassdrag. Spreidd bygd	Middels
<b>22</b>	<b>Søfteland</b>	<b>Bustadområde, vassdrag, kulturlandskap.</b>	<b>Middels</b>
23	Gåsakilen - Vindalsvatnet	Vassdrag og tett bustadområde	Middels
24	Lyshornet	Skogsås. <i>Ikkje detaljanslysert.</i>	Middels
25	Lyseklosterdalen	Kulturlandskap	Svært stor
26	Endelausmarka	Skogsås	Middels
<b>27</b>	<b>Søvik - Sperrevik</b>	<b>Bustadområde, kulturlandskap, skogsåsar.</b>	<b>Stor</b>
28	Lysøya	Øy, holme og skjergardslandskap. <i>Ikkje detaljanslysert.</i>	Stor
29	Drange	Kystlandskap	Stor
30	Ulvenfjellet	Skogsås	Middels
<b>31</b>	<b>Nore Neset</b>	<b>Bustadområde, skule, næringsområde.</b>	<b>Middels</b>
32	Skeisosen	Indre fjordbasseng	Stor
33	Forstrøno - Skorpo	Øy, holme og skjergardslandskap	Stor
34	Strøno	Øylandskap	Middels
<b>35</b>	<b>Søre Øyane</b>	<b>Øy, holme og skjergardslandskap, bustadområde, kulturlandskap.</b>	<b>Middels</b>
36	Innarøy - Gulholmane	Øy, holme og skjergardslandskap	Stor
<b>37</b>	<b>Halhjem</b>	<b>Bustadområde, ferjeleie, kulturlandskap.</b>	<b>Middels</b>
38	Ferstad - Bjørnen	Skogsås	Stor
39	Særvoll - Lunde	Spreiddbygd jordbruksområde	Middels




Figur 4-1 Inndeling i delområde og verdivurdering. For alle sentra er det vist ei radius på 1km, for regionsenteret Osøyro er det også vist ein radius på 2km, i samsvar med regional areal- og transportstrategi.




Figur 4-2 Høgdelagskart med inndeling i delområde.

## 4.2. Delområde

### Delområde 2 Øvredalen







Figur 4-3 Øvredalen sett frå sør i flyhøgde. 3d kart Asplan Viak AS.

Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor- middels- liten)
<b>Landskapets innhald</b>		
Landformer og vatn	Øvredalen er ein lang og smal lågtliggende kystfjeldal med dalsider som stig bratt opp frå Øvredalsvatnet. På vestsida stig terrenget opp til Rindafjellet på ca. 700 moh. og på austsida til Gråfjellet på ca. 450 moh. Sentralt element er Øvredalsvatnet på 27 moh, som er ein langstrakt fjordsjø som dekker heile dalbotn i sørleg del av dalen. Skredlielva, Utløelva og fleire mindre sidebekker renn ut i Øvredalselva.	Stor
Vegetasjon	Skog dekker dalsidene. Inst i dalen veks det lauvevegetasjon langs Øvredalselva, elles dyrka mark og beite.	Middels
Arealbruk og busetnad	Vatn og skog dekker det meste av Øvredalen. Øvredalsvegen går på ei smal brem på vestsida av vatnet inn til jordbruksareal på gardane i Øvredalen ved enden av vatnet og dalen. Det er myr langs bekkane. Øvre del av dalen er kartlagt som del av friluftsområdet Svinningen – Midtseterfjellet med innfallsport frå Midtseter som er tilrettelagt med parkering.	Middels
Kulturhistoria i landskapet	Velhalde kulturlandskap og gardsmiljø. SEFRAK-registrerte bygningar i tilknytning til gardane.	Stor

Kulturelle referansar	-	
Romlig- estetiske forhold	Markert og veldefinert, klart avgrensa landskapsrom.	Stor
<b>Endrings- og vedlikehaldsprosessar</b>		
Aktive naturprosessar	Øvredalselva og alle sidebekker ned frå dei bratte dalsidene fører med seg og legg frå seg masser.	Liten
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Kulturlandskapet er avhengig av aktiv drift.	Middels
Bygg- og anleggsverksemd Transport	-	
<b>Samanhengar og brot</b>		
Geografiske og romlege	Den langstrakte dalen har eit romleg forløp frå fjell mot fjord med særleg gode samanhengar og overgangssoner.	Stor
Funksjonelle	Elveavsetningar og morenemassar dannar grunnlag for jordbruksareal.	Stor
Historiske	-	
<b>Nøkkelement</b>		
Naturskapte nøkkelement	Øvredalsvatnet og Øvredalselva.	
Menneskeskapte nøkkelement	-	
<b>Landskapskarakter</b>		
Markert og veldefinert landskapsrom karakterisert av den langstrakte fjordsjøen, bratte fjellsider og ein markert dalbotnavslutning. Velhalde kulturlandskap og gardsmiljø gir småskala kontrast til storskala landformer og bidreg til tidsdjupne og karakter.		
<b>Samla verdivurdering</b>		
Dalen har eit heilskapleg romleg forløp der naturlandskapet og kulturlandskapet står i særleg god samanheng med kvarandre og er utan skjemmande inngrep. <b>Svært stor verdi.</b>		
<b>Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)</b>		
<p><i>Viktige omsyn:</i></p> <p>Det er viktig å ta vare på overordna landformer med Øvredalsvatnet og Øvredalselva som er karakteriserande for heilskapen i landskapet, og eit aktivt jordbruk som held kulturlandskapet i hevd.</p> <p><i>Overordna prinsipp for utvikling:</i></p> <p>Øvredalen er innfallspørt til store friluftsområde i kystfjella og har potensial for styrking av lokalt og regionalt friluftsliv. Landskaps- og terrenginngrep som bryt med heilskapen bør ikkje tillatast.</p>		

Delområde 3 Lønningdal







Figur 4-4 Lønningdal sett frå sør i flyhøgde. 3d kart Asplan Viak AS.

Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor- middels- liten)
<b>Landskapets innhald</b>		
Landformer og vatn	Dalmøte mellom hovuddalføret Øvredalen og fleire mindre kystfjellaldalar som dannar overgang mellom Samnangerfjorden og Øvredalsvatnet. Terrenget stig mot Austerlifjellet og Gråfjellet i aust og mot Steindalsåsen og Rødsfjellet i vest. Lønningdalselva samlar fleire sideelver og bekkar og bekker på veg mot Samnangerfjorden.	Stor
Vegetasjon	Gras- eng og beite. Lauvskog langsmed elver og i overgangssonene mellom jordbruksareal og barskog og blandingskog i åssidene .	Middels
Arealbruk og busetnad	Området er prega av jordbruksareal, gardsbruk og spreidd busetnad. Øvredalsvegen og Midtsetervegen gjennom området.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Heilskapleg kulturlandskap med eldre gardstun.	Middels
Kulturelle referansar	Gamleskulen.	Liten
Romlig- estetiske forhold	Tydeleg avgrensa dal der dalbotn ca. 10 moh dannar ein terskel som overgangssone mellom fjorden og Øvredalen, og gir utsyn mot Bogøya i Fusa. Ope kulturlandskap definerer dalbotnen. Mot Samnangerfjorden og Lønningdalsøyra	Stor

	smalnar kystfjella dalrommet inn kring Lønningdalselva sitt utløp.	
<b>Endrings- og vedlikehaldsprosessar</b>		
Aktive naturprosesser	Elvar og bekkar frå fjellsider fører med og legg frå seg masser. Lønningdalselva meandrerer.	Liten
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Kulturlandskapet delvis i gjengroing.	Liten
Bygg- og anleggsverksemd Transport	-	
<b>Samanhengar og brot</b>		
Geografiske og romlege	Lønningdalselva dannar tydeleg samanheng mellom Øvredalsvatnet og Samnangerfjorden. Dalmøtet bind saman fleire kystfjelldalar.	Stor
Funksjonelle	Elv- og breelvavsetning dannar grunnlaget for jordbruksdrifta som strekker seg langs ein gradient frå fjorden via dalbotn til fjell og er basert på allsidig ressursutnytting.	Stor
Historiske	-	
<b>Nøkkelement</b>		
Naturskapte nøkkelement	Lønningdalselva.	Stor
Menneskeskapte nøkkelement	-	
<b>Landskapskarakter</b>		
Tydeleg avgrensa dal / dalmøte prega av eit småskala kulturlandskap med jordbruksareal og gardsbruk. Inngår i overordna landskapssamanheng med gradient heilt frå Samnangerfjorden via Lønningdal og Øvredalen til Svenningen.		
<b>Samla verdivurdering</b>		
Lønningdalen sin landskapsverdi er knytt til jordbrukslandskapet som gir delområdet tidsdjupne og karakter, og til området sin funksjonelle og romlege samanheng mellom Øvredalen og Samnangerfjorden. <b>Stor verdi</b>		
<b>Tilrådingar for landskap</b>		
<p><i>Viktige omsyn:</i></p> <p>Det er viktig å ta vare på den funksjonelle og romlege samanhengen med Øvredalen og Samnangerfjorden. Lønningdalselva sitt løp er viktig for denne samanhengen. Landskapsrommet er småskala og sårbart for fragmentering.</p> <p><i>Overordna prinsipp for utvikling:</i></p> <p>Saman med Øvredalen og Midtseter som innfallspport til friluftsområde i kystfjella.</p>		

Delområde 4 Bogstrand







Figur 4-5 Bogavika

Forhold ved landskapet	Skildring	Betydning for landskapskarakteren (stor- middels- liten)
<b>Landskapets innhald</b>		
Landformer og vatn	Skrånande fjellside mot Samnangerfjorden. Svært bratt terreng sør for Notaneset. Brattkyst med lite variasjon i strandsone og berre mindre nes og viker med unntak av Lønnevågen og utløpet av Lønningdalselva. Elver og bekker frå fjellside og ut i Samnangerfjorden.	Stor
Vegetasjon	Skogkledde fjellsider med mindre jordbruksareal i Bogavika, på Bogastrand, Sørbakken og Aspevika.	Middels
Arealbruk og busetnad	Spreidde bustader og fritidsbustader. Mindre felt med dyrka mark i strandsona nord for Notaneset/ Øyra. Fv. 137 går langs fjorden eit stykke opp i fjellsida. Naust langs fjorden og eit oppdrettsanlegg sør i delområdet. Fiskeindustri ved Lønningdalselva sitt utløp i Lønnevågen.	Liten
Kulturhistoria i landskapet	SEFRAK-registrerte bygningar i Bogavika og Bogastrand.	Liten
Kulturelle referansar	-	
Romlig- estetiske forhold	Bratte fjellsider mot Samnangerfjorden, middels breitt fjordløp med lite variasjon i landskapsform og arealbruk.	Stor
<b>Endrings- og vedlikehaldsprosessar</b>		
Aktive naturprosessar	Havnivå, klimaendringar.	Liten

Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	-	
Bygg- og anleggsverksemd Transport	-	
<b>Samanhengar og brot</b>		
Geografiske og romlege	Øyra som Lønningdalselva sitt utløp og del av samanhengande gradient mellom Øvredalsvatnet og Samnangerfjorden.	Middels
Funksjonelle	Lønningdalselva og fjordmøtet som grunnlag for fiskeindustri. Fv. 137 langs fjorden som viktig samband mellom Os og Fusa.	Middels
Historiske	-	
<b>Nøkkeelement</b>		
Naturskapte nøkkeelement	Bekkekløft og bergvegg ved Bjørndalen (naturtype).	
Menneskeskapte nøkkeelement	-	
<b>Landskapskarakter</b>		
Delområdet utgjer ein del av fjordsida langs Samnangerfjorden, som er eit middels breitt fjordløp med bratte fjordsider og lite variasjon i landskapsform. Spreidd busetnad og lite variasjon i arealbruk.		
<b>Samla verdivurdering</b>		
Vanleg førekommande landskap regionalt, og utan spesielle lokale landskapsverdiar, men heller ikkje dominerande og øydeleggande inngrep i landskapet. <b>Middels verdi.</b>		
<b>Tilrådingar for landskap</b>		
<p><i>Viktige omsyn:</i></p> <p>Utløpet av Lønningdalselva er allereie kanalisert og forbygt. Det er viktig å ta vare på den funksjonelle og romlege samanhengen med Lønningdalen og Øvredalen.</p> <p><i>Overordna prinsipp for utvikling:</i></p> <p>Skalaen på landskapsrommet gjer at fjordlandskapet toler ein del utan å kome i konflikt med landskapskarakter. Samtidig vil større tiltak kunne verte særleg eksponerte i fjordlandskapet, slik at fjernverknad vert viktig å vurdere.</p>		

Delområde 5 Hegglandsdalen





Figur 4-6 Kulturlandskap med eldre gardstun på Møs.

Forhold ved landskapet/ Landskapets innhold	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor- middels- liten)
<b>Landskapets innhold</b>		
Landformer og vatn	Langsmalt og veldefinert daldrag. Bratt dalside mot vest, noko lågare og slakare austside. Fleire vatn som heng saman, ulike i forma. Tveitavatnet på 62 moh og Hegglandsvatnet på 59 moh renn vidare sørvestover i Vallaelva mot Oselva.	Stor
Vegetasjon	Jordbruksareal i dalbotn. Gras- eng og beite. Lauvskog langsvassdrag , gardstun og i overgangssonene mellom dal og fjell. Barskog og litt blandingskog i dalsidene.	Middels
Arealbruk og busetnad	Veksling mellom moderne og storskala gardsbruk med kjerneområde landbruk på Møs, Tveit og Eide, og småbruk og spreidde bustader langs fylkesvegen. Frå Hegglandsdalsvatnet og sørover nyare bustader (mykje tomannsbustader) og industriverksemd. Kartlagt friluftsområde i åsen mos søraust. Fylkesveg 137 går gjennom dalbotn.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Kulturlandskap med eldre gardstun. Fleire sefrak-registrerte bygg, spesielt langs fylkesvegen, på Møs og Eide.	Stor

Kulturelle referansar	-	
Romlig- estetiske forhold	Tydeleg avgrensa dal med god heilskap og visuell samanheng.	Middels
<b>Endrings- og vedlikehaldsprosessar</b>		
Aktive naturprosessar	Vatna og Vallaelva. Overvatn og klimaendringar.	Middels
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Jordbruksareala er i dag i god hevd innerst i dalen, mens ytre del av dalen og overgangen mot Valla er i ferd med å endre karakter som følge av utbygging.	Stor
Bygg- og anleggsverksemd Transport	Kulturlandskapet er i ferd med å endre karakter med nye bustader og industribygg på nordvestssida av Hegglandsvatnet.	Stor
<b>Samanhengar og brot</b>		
Geografiske og romlege	Tveitavatnet, Hegglands-vatnet og Vallaelva utgjer ein heilskap og samanheng. Brot med jordbrukslandskapet i sør med nyare bustad og industrietablering.	Stor
Funksjonelle	Jordbruksdrifta har samanheng med moreneavsetningane og vassdraget i dalen. Funksjonelle og romleg samanheng frå jordbruksareala i dalen via beitelandskap i randsona mot fjellet.	Stor
Historiske	-	
<b>Nøkkelement</b>		
Naturskapte nøkkelement	Tveitaberget i området er registrert som viktig naturtype -rik edellauvskog. Hegglandslia er registrert som lokalt viktig naturtype - hagemark. Det er også registrert lokalt viktige naturtypar langs vatna.	Middels
Menneskeskapte nøkkelement	-	
<b>Landskapskarakter</b>		
Langstrakt og smal dal der Tveitavatnet, Hegglands-vatnet og Vallaelva utgjer ein heilskap og samanheng. Tydeleg avgrensa dal med god heilskap og visuell samanheng. Landskapet er i endring nærast mot Os der jordbruksområda vert til bustadområde.		
<b>Samla verdivurdering</b>		
Eit klart definert landskapsrom der vassdrag og dyrka mark i god heilskap med velhaldne gardsbruk i dalbotn gir dalen eit ope og variert preg. Samanhengande kulturlandskap med stor grad av heilskap, særpreg og variasjon. <b>Stor verdi.</b>		
<b>Tilrådingar for landskap</b>		
<i>Viktige omsyn:</i>		

Landskapsområdet er i ferd med å endre karakter som følge av utbygging. Grensa mellom delområde 5 Hegglandsdalen og 10 Nordmarka-Hjelle er trekt som ein direkte konsekvens av denne endringa. Utan dei nye byggjeområda ville avgrensinga av dalen strekt seg heilt til Vallaelva sitt utløp i Oselva. Ytterlegare bygging vil fragmentere kulturlandskapet og endre landskapskarakteren.

Randsona mellom jordbrukslandskapet i dalbotnen og furuskogen i åssidene er sårbar for inngrep i både terreng og vegetasjon som gir brot i kulturlandskapet sin funksjonelle og romlege samanheng frå dal til fjell.

Randsone kring vatna og Vallaelva er ein viktig ressurs både for visuelle kvalitetar og funksjonell handtering av overvatn.


*Overordna prinsipp for utvikling:*


Det intakte jordbrukslandskapet nord i dalen bør ikkje fortettast ytterlegare, og kjerneområdet kan med fordel utvidast slik at omsyna over vert inkludert.

Byggjeområde bør plasserast slik at randsone i dalsidene og langs vassdrag vert ivaretatt.

Sikre randsone / grøntstruktur lengst sør mot Hjelle som buffer mellom byggjeområde og kulturlandskap, og som grøntkorridor for stiar og mot friluft- og turområde i dalsidene.

Delområde 6 Moldadalen - Aldalen






Figur 4-7 Moldadalen sett frå nordaust i flyhøgde. 3d kart Asplan Viak AS.

Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor- middels- liten)
<b>Landskapets innhald</b>		
Landformer og vatn	Åsar omgir langsmal sprekkedal. Lonaelva renn i Moldadalen og ut i Moldefjæra. Moldadalen er avgrensa av Moldaåsen i søraust og av Nordåsen og Furehaugen i nordvest. Storåsen, Møsåsen og Tverråsen grensar mot Fusafjorden nord i delområdet.	Stor
Vegetasjon	Jordbruksareal i Moldadalen, på Hatvik, Berge, Lia og på Rød. Gras- eng og beite. Skogkledde åssider med tette granplantefelt i åssida og kystfuruskog oppe på åskammen. Også lauvskog og blandingskog, og fleire edellauvskogar.	Middels
Arealbruk og busetnad	Jordbruksareal med gardsbruk i Moldadalen, på Hatvik, Berge Lia og Rød. Kjerneområde landbruk i Moldadalen. Spreidd busetnad i dalbotnen og dalsidene. Nyare bustadfelt på Berge og Steglet som strekker seg høgare opp i terrenget. Turstiar i skogsåsane. Ferjekai på Hatvik. Oppdrettsanlegg ved Skavhella. Fylkesveg 552 går gjennom dalbotn til ferjekaien.	Middels
Kulturhistoria i landskapet	Kulturlandskap med eldre gardstun. Fleire SEFRAK- registrerte bygg på Hatvik, Berge, Kilen, Lia og Rød. Store gamle tre i tuna.	Middels

Kulturelle referansar	Hatvik viktig kulturminnelokalitet, ubåtjagarskule.	Middels
Romlig- estetiske forhold	Moldadalen er tydeleg definert langsmal dal med åsar som avgrensar og lukkar landskapsrommet.	Stor
<b>Endrings- og vedlikehaldsprosessar</b>		
Aktive naturprosesser	Lonaelva, klimaendringar.	Liten
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Jordbrukslandskapet er avhengig av aktiv drift.	Liten
Bygg- og anleggsverksemd Transport	Nokre nye bustader på Berge.	Liten
<b>Samanhengar og brot</b>		
Geografiske og romlege	Velhalde og intakt kulturlandskap. Sprekkedal som knyter seg til Fusafjorden både i nord og sør.	Stor
Funksjonelle	Jordbruksareala har samanheng med marin havavsetning. Ligg i nær tilknytning til Moldegård.	Middels
Historiske	-	
<b>Nøkkelement</b>		
Naturskapte nøkkelement	Store gamle trær opp mot Moldaåsen. Rik edellauvskog i Klyvelia, Hatvik og på Lio. Gammal fattig edellauvskog på Floget.	Middels
Menneskeskapte nøkkelement	Ferjeleiet på Hatvik.	Liten
<b>Landskapskarakter</b>		
Tydeleg og smal sprekkedal som følgjer hovudlandforma mot den opne Fusafjorden og dannar skilje mot Bjåneshalvøya. Går over i brattkyst mot fjorden frå Hatvik og nordover. Moldadalen er prega av tett skog med granplanta felt i åssida og kystfuruskog oppe på åskammen. Heilskaplege kulturlandskap i Moldadalen, på Hatvik, Berge, Lia og Rød. Nyare bustadfelt ligg høgt og bryt med eldre byggjemønster som held seg til dalbotnen og dalsidene.		
<b>Samla verdivurdering</b>		
Samansett område i hovudsak prega av landbruksbusetnad og jordbruk. Elles nokre bustadbusetnad og blanda arealbruk. Frodig vegetasjon med edellausskogar. Vanleg førekommande landskap lokalt. <b>Middels verdi</b>		
<b>Tilrådingar for landskap</b>		
<p><i>Viktige omsyn:</i></p> <p>Småskala kulturlandskap er sårbart for større inngrep som bryt med skalaen. Samanhengen med viktige kulturminneområde på Hatvik og Moldegård.</p> <p>Randsona langs Lonaelva.</p> <p><i>Overordna prinsipp for utvikling:</i></p> <p>Kjerneområde landbruk kan med fordel utvidast-slik at omsyna over vert inkludert, dvs. mot Hatvik og randsona på begge sider av Lonaelva. Potensial for å framheve samanhengen med kulturminne og turområde. Fjernverknad må vurderast før bygging på åsar og toppar.</p>		

Delområde 8 Solstrand – Moldegård





Figur 4-8 Bilde til venstre viser Solstrand og Lyssandfjæra. Bilde til høyre viser Moldefjæra.

Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor- middels- liten)
<b>Landskapets innhold</b>		
Landformer og vatn	Ligg i strandsone som stiger frå sør mot nord. Ope og eksponert mot Fusafjorden i sør. Avgrensa av kolle i vest ved Lurane, fv. 552 i nord og av Bjånesvegen og Moldaneset i aust. Vekslande kystline mellom bratt kyst og fjærer (Solstrandfjæra, Lyssandfjæra, Moldefjæra). Renn elver og mindre bekker gjennom området. Lonaelva renn frå Moldadalen og ut i Moldefjæra. Oppdemma vatn/ dam frå bekk i Moldegård parkanlegg.	Middels
Vegetasjon	Parkvegetasjon på Moldegård, særleg karakteristisk er store, gamle parktre. Store gamle tre på Midtbø. Gras- eng og beite på Lurane, Hauge, Midtbø, Moldegård og Smievågen. Felt med trevegetasjon i bratt terreng, hovudsakleg lauvskog. Noko blandingsskog. Furskog på Moldaneset.	Stor
Arealbruk og busetnad	Området er samansett av jordbruksareal med gardsbruk, parkanlegg, spreidde bustader, hotell og gjestetun. Kjerneområde landbruk frå Midtbø til Smievågen (Moldegård). Tett småhusbusetnad sentralt og vest i området. Viktig nærturområde med kyststi og badeplassar.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Heilskapleg og godt vedlikehalde kulturmiljø og kulturlandskap med Moldegård parkanlegg. Kulturminnelokalitetar på Lurane, Hauge og Solstrand, bl.a. gravminner og busetning-aktivitetsområder. Krigsminner på Haugsneset. Fleire SEFRAK- registrerte bygg på Haugsneset,	Stor

	Hauge (Bjørnefjorden gjesteteun) og langs Midtbøvegen.	
Kulturelle referansar	Moldegård parkanlegg. Solstrand hotell. Begge viktige møteplassar.	Stor
Romlig- estetiske forhold	Opent og eksponert mot Fusafjorden i sør med vidt og inntrykkssterkt utsyn mot Bjørnafjorden og fjordens overordna omkringliggende landskap.	Stor
<b>Endrings- og vedlikehaldsprosessar</b>		
Aktive naturprosessar	Havnivåstigning og klimaendringar.	
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Jordbruksareal avhengig av aktiv drift.	
Bygg- og anleggsverksemd Transport	Innspel om fortetting langs Fv. 552 og i randsonene kring Moldegård, og småbåthamn ved Solstrand/Lyssandfjøra.	
<b>Samanhengar og brot</b>		
Geografiske og romlege	Velhalde og intakt kulturmiljø og kulturlandskap som visuelt vender seg til det store, overordna fjordlandskapet kring Bjørnafjorden.	
Funksjonelle	Moreneavsetning dannar grunnlaget for jordbruksdrifta.	
Historiske		
<b>Nøkkelement</b>		
Naturskapte nøkkelement	Store gamle trær på Midtbø og i parkanlegget på Moldegård.	
Menneskeskapte nøkkelement	Moldegård med bygningar og park, Solstrand hotell med park.	
<b>Landskapskarakter</b>		
Heilskapleg og godt vedlikehalde kulturmiljø og kulturlandskap i strandsona mot Fusafjorden. Vekslande kystline mellom bratt kyst og fjærer. Mangfaldig vegetasjon med parkvegetasjon, store gamle tre, gras- eng og beite, felt med trevegetasjon (både lauv og bartre). Område er samansett av jordbruksareal med landbruksbusetnad, parkanlegg, bustadbusetnad.		
<b>Samla verdivurdering</b>		
Delområdet verdi er knytta seg til det velhaldne og intakte kulturmiljøet og kulturlandskapet. Det nøysamt skjøtta kulturlandskapet og godt vedlikehaldne bygningsmassen på Moldegård har eit heilskapleg visuelt uttrykk som gir delområdet tidsdjupne og karakter. Området har særskilt gode visuelle kvalitetar og mangfald av vegetasjon og vegetasjonsstrukturar som med sitt historiske preg har stor verdi lokalt men og regionalt. <b>Stor verdi.</b>		
<b>Tilrådingar for landskap</b>		
Viktige omsyn:		

Landskapsområdet sitt heilskaplege kulturmiljø og kulturlandskap og samanhengane mellom desse og bustadmiljøa må takast vare på. Opne møte med kulturlandskap / kulturmiljø bør oppretthaldast.

Kulturmiljøa er sårbare for visuell påverknad og bygging som stenger dei inne. Randsoner og overgangssoner mellom byggjeområde og kulturlandskap / kulturmiljø er viktige.

Siktlinjer/siktsoner mot det storskala fjordlandskapet.

*Overordna prinsipp for utvikling:*

Den visuelle samanhengen med overordna fjordlandskap (utsyn) og samanhengen mellom opplevingsverdiar i kulturmiljø, landbruksområde og turområde er området sin viktigaste ressurs og viktig landskapsressurs for Osøyro og bør dyrkast og framhevast. Potensial for skånsam fortetting innafor eksisterande byggjesone og på Hauge/langs Hatvikvegen dersom omsyna over vert ivaretatt.


Delområde 9 Lyssand



Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor- middels- liten)
<b>Landskapets innhald</b>		
Landformer og vatn	Platå/ terrasse avgrensa av Bøkampen/ Skoltane (Furehaugen) i aust. Vidt utsyn mot Fusafjorden og Bjørnafjorden i sør og Liafjellet i vest.	Middels
Vegetasjon	Opne område med golfbane, gras- eng og beite på terrasseflaten er omgitt av lauvskog og barskog i åssidene opp mot Skoltane og nordvestsida av Bøkampen. Spreidde klynger og rekker av tre i kulturlandskap, golfbane og busetnad på flaten.	Stor
Arealbruk og busetnad	Området er prega av jordbruksareal og gardsbruk, og mest heile området er omfatta av kjerneområde landbruk. Bjørnefjorden golfbane vest i området. Busetnad er samla i klynger kring Høgehaugen og gardstuna på Lyssand og Bø og bidreg til det opne kulturlandskapspreget.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Heilskapleg kulturlandskap med eldre gardstun. Fleire SEFRAK- registrerte bygg på Lyssand og Bø. Gravhauger frå jernalder på Lyssand og Bø, Bø kyrkjestad. Gravhaug og gravrøys frå jernalder og bunker på Hauge.	Stor
Kulturelle referansar	Møteplass på Bjørnefjorden golfklubb.	Liten
Romlig- estetiske forhold	Ope jordbrukslandskap på ei terrengflate med vidt utsyn mot sør og vest. Furehaugen avgrensar området mot aust. Meir diffus overgang mot nord. Her avgrensar mindre haugar: Høgehaugen og Holen. Fv 552. avgrensar området mot sør.	Stor
<b>Endrings- og vedlikehaldsprosessar</b>		
Aktive naturprosesser	-	-
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Jordbrukslandskap som er kjerneområde landbruk og i god hevd. Gjengroing i randsoner / overgangssoner som er tidlegare slått og beitemark.	Stor
Bygg- og anleggsverksemd Transport	Det ligg føre innspel om nye byggjeområde langs Hegglandsdalsvegen, i foten av Bøkampen og på Bøtræet.	
<b>Samanhengar og brot</b>		
Geografiske og romlege	Delområdet er ein del av det storskala fjordlandskapet, samtidig som terrassen dannar overgangen mellom fjordlandskapet og Hegglandsdalføret og kystfjella innfor.	Stor

Funksjonelle	Moreneavsetning dannar grunnlaget for jordbruksdrifta. Samanhengande jordbrukslandskap heilt opp til Bøkampen, Stølsskaret og Lyhaugen, som igjen inngår i overordna samheng på tvers av delområde frå fjord til fjell.	Stor
Historiske	Tydelege kulturminne og eldre kulturmark i eit jordbrukslandskap i fortsatt drift som gir tidsdjupne og er historisk leseleg i landskapet.	Stor
<b>Nøkkelelement</b>		
Naturskapte nøkkelelement	Moreneterrassen. Store gamle tre.	Stor
Menneskeskapte nøkkelelement	Kulturlandskapet, kulturminna og gardstuna.	Stor
<b>Landskapskarakter</b>		
<p>Ope, velhalde og intakt kulturlandskap med eldre gardstun på ei terrengflate med vidt utsyn til Fusafjorden og Bjørnafjorden i sør og Liafjellet i vest. Golfbanen har innordna seg denne heilskapen. Tun og innmark har stor visuell innverknad på delområdet, og er også eksponert mot fjorden. Natur- og kulturhistoriske samanhengar er tydelege og av stor betydning for landskapskarakteren.</p>		
<b>Samla verdivurdering</b>		
<p>Delområdets verdi knyter seg først og fremst til jordbrukslandskapet med gardsbruk og dyrka mark som ber preg av å ha vore drive i generasjonar. Samanhengen mellom ressursgrunnlaget og utnyttinga av området frå jernalder og heilt fram til i dag gir stor tidsdjupne. <b>Stor verdi.</b></p>		
<b>Tilrådingar for landskap</b>		
<p><i>Viktige omsyn:</i></p> <p>Landskapsområdet tolerer i liten grad tiltak og nye byggjeområde som bidreg til fragmentering og brot i dei natur- og kulturhistoriske samhengane skildra over. Det opne landskapet, siktlinene og kulturmiljøa er sårbare for både direkte inngrep og visuell påverknad.</p> <p><i>Overordna prinsipp for utvikling:</i></p> <p>Området bør forvaltast slik at omsyna over vert tekne vare på. Kjerneområde for landbruk er eit godt forvaltingsgrep. Golfbana har vist seg å innordne seg dei overordna samhengane som utgjer landskapskarakteren, noko som peikar på at området har ytterlegare potensial som parklandskap tilrettelagt for rekreasjon og aktivitet dersom jordbruksaktiviteten skulle avta.</p>		

Delområde 10 Nordmarka- Hjelle






Figur 4-9 Viser nyare bustadfelt Hjellemarka som strekker seg frå eksisterande gardstun i foten av Borgafjellet og oppover lia.

Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor- middels- liten)
<b>Landskapets innhald</b>		
Landformer og vatn	Markert dal / dalmøte mellom Osdalføret og ytre del av Hegglandsdalen mellom foten av Borgafjellet og Bøkampen /Furehaugen. Vallaelva er eit sentralt element og skjer seg ned i morenemassane i ein bratt ravinedal frå Hegglandsdalen til Oselva. Kammen av Borgafjellet strekker seg ned mot elvemøtet i ein markert landform. Området opnar seg mot Lyssand i sør og mot Osøyro og Liafjellet i vest.	Middels
Vegetasjon	Fulldyrka mark i dalbotn som går over i kulturpåverka lauvskog i delvis gjengroing i dalsidene opp mot Bøkampen og Borgafjellet. Tydeleg kantvegetasjon langs Vallaelva markerer elva sitt forløp der den ligg for djupt i terrenget til at ein ser den.	Middels
Arealbruk og busetnad	Aktivt jordbruk registrert som kjerneområde landbruk sør for Vallaelva. Nord for Vallaelva er jordbruksareala mindre og er i ferd med å verte fragmenterte av nyare bustadfelt, Hjellemarka, som strekker seg frå eksisterande gardstun i foten av Borgafjellet og oppover lia. På same måte ligg det bustadfelt i foten av Bøkampen. To barnehagar og eit par industribedrifter inngår i busetnaden i delområdet. Desse byggjeområda er grunnen til at området ikkje vert karakterisert som ein del av Hegglandsdalen. Det litt eldre bustadfeltet i Nordmarka ligg mellom Oselva og Borgafjellet. Mellom Nordmarka og Hjellemarka ligg framleis eit ope kulturlandskap med turstiar som er innfallsport til Borgafjellet.	Middels

Kulturhistoria i landskapet	Kulturlandskap med eldre gardstun. Fleire SEFRAK- registrerte bygg på Lundetræet, på Hjelle, Borgarvegen, Valle og Høgehaugen Kulturminnelokalitetar på Hjelle, bergkunst på Valle.	Middels
Kulturelle referansar	-	
Romlig- estetiske forhold	Tydeleg avgrensa av Borgafjellet i nord og med Bøkampen i søraust. Utsyn mot Lyssand i sør og mot Osøyro og Liafjellet i vest. Opent jordbrukslandskap på flata langsmed Vallaelva. Mindre koller bryt fleire stader opp det opne landskapet, og mot sør lagar Høgehaugen og Holen avslutning av delområdet. Lite visuell kontakt med Vallaelva pga. vegetasjon.	Middels
<b>Endrings- og vedlikehaldsprosessar</b>		
Aktive naturprosesser	Vallaelva sin graveprosess. Gjengroing langs elva og i randsonene mellom innmark og utmark.	Stor
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Aktiv jordbruksdrift på sørsida av Vallaelva, medan areala på nordsida er prega av gjengroing av tidlegare slått og beite, og fragmentering gjennom utbygging.	Stor
Bygg- og anleggsverksemd Transport	Nyare byggjefelt. Utbygging av eine- og tomannsbustader på Hjella. Innspel om nye byggjeområde i kulturmarka på kammen av Borgafjellet og heilt ned mot Vallaelva.	Stor
<b>Samanhengar og brot</b>		
Geografiske og romlege	Den markerte kantsona langs Vallaelva og randsonene mellom jordbruksareala og skogen i lisene er viktige for vegetasjonsstrukturen i området, men er i ferd med å verte fragmentert av byggjetiltak. Kammen av Borgafjellet er viktig romleg skilje mellom Osdalføret og Heglandsdalen, og er ein del av Borgafjellet som landemerke. Høgaste busetnad opp mot Borgafjellet er framtrudande i landskapet og har stor fjernverknad.	Stor
Funksjonelle	Moreneavsetningar og elva er grunnlaget for jordbruk, busetnad, kraftutvinning og næringsutvikling. Bruer og vegar.	Middels
Historiske	Kulturminne og eldre kulturmark i eit jordbrukslandskap som er i sterk endring.	
<b>Nøkkelement</b>		
Naturskapte nøkkelement	Vallaelva. Borgafjellet. Store gamle tre på Høgehaugen.	Stor

Menneskeskapte nøkkelement	Industribedrifta Lyssand vinduer og dører ligg eksponert til og dominerer landskapet i overgangen mot kulturlandskapet Lyssand.	Middels
<b>Landskapskarakter</b>		
Markert dalmøte som opnar seg mot Lyssand i sør og mot Osøyro og Liafjellet i vest, og med Vallaelva som sentralt element gjennom området. Landskapskarakteren er sterkt prega av endringsprosessar knytt til gjengroing av jordbruksareal og kulturmark og utbygging i randsone mellom jordbruksareal og lisdene.		
<b>Samla verdivurdering</b>		
Jordbrukslandskapet med eldre gardstun er i ferd med å endre karakter. Nyare bustadbygging og industribygg grip inn i overordna vegetasjonsstruktur og gir brot i romlege samanhengar. <b>Middels verdi.</b>		
<b>Tilrådingar for landskap</b>		
<p><i>Viktige omsyn:</i></p> <p>Landskapsområdet er i ferd med å misse karakter gjennom fragmentering og inngrep i overgangssonene mot tilgrensande landskapsområde som endrar romlege avgrensingar. Det er viktig å verne om delområdet sine strukturerande landskapselement.</p> <p><i>Overordna prinsipp for utvikling:</i></p> <p>Vallaelva og kantvegetasjonen langs elva bør sikrast som strukturerande element saman med kammen av Borgafjellet med kulturlandskap og turstiar frå Borgavegen og opp. Saman med kjerneområde landbruk på sørsida av Vallaelva vil desse vil kunne danne hovudgrøntstrukturen i utvikling av området.</p> <p>Tilpassing til terreng og vegetasjonsstruktur i overgangssonene i lisdene, og vurdering av fjernverknad ved bygging.</p> <p>Kulturminne må få liggje fritt i kulturlandskapet og ikkje verte bygde inne for å sikre historisk forankring i utvikling av området.</p>		

Delområde 11 Prestegårdsskogen





Figur 4-10 Bilde til venstre viser Oselva ved Lyssandtræet. Bilde til høgre viser Prestegardsskogen sett frå Nordmarka i aust.

Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor- middels- liten)
<b>Landskapets innhald</b>		
Landformer og vatn	Open og småkupert dalform mellom skogåsar der Oselva er sentralt element. Elva har her eit smalt og buktande forløp med små holmar og kulpar og til dels bratte kantar mot skogsåsane. Banktjørna (21 moh) dannar eit større ope landskapsrom mellom Byvegen og Oselva.	Stor
Vegetasjon	Skogsområde med planteskog av gran. Randsoner med lauvskog og blandingsskog langs Oselva og Banktjørna. Myr og vårmak kring Banktjørna.	Stor
Arealbruk og busetnad	Bymark/ viktig friluftsområde med samanhengande turvegar og stiar. Ei gangbru knyter Prestegardsskogen saman med områda aust for Oselva og stiar mot Tøsdal og Borgafjellet. Rundløype som blir brukt til travtreening. Banktjørnflaten er eit kartlagt friluftsområde med stiar, badebrygge og benkar. Det er også mykje brukt som skøytevatn. Delar av Banktjørnflaten er statleg sikra friluftsområde. Området er utan bygg og busetnad med unntak av gardsbruket på Sveo lengst sør i området, i overgang mot Osøyro. Kraftliner pregar deler av området, men korte siktliner i det småkuperte og skogkledd terrenget gjer at dei ikkje dominerer landskapet i særleg grad.	Liten
Kulturhistoria i landskapet	SEFRAK- registrerte bygg på Sveo.	Liten
Kulturelle referansar	Banktjørna er sosial møteplass/aktivitetsplass når vatnet fryser om vinteren, medan elva har badekulpar som er møteplassar om sommaren.	Stor

Romlig- estetiske forhold	Veksling mellom lukka skog og landskapsrom, og opne rom langs elva og Banktjørna er viktigast for det visuelle inntrykket. Elva gir landskapet lyd, retning og rørsle.	Stor
<b>Endrings- og vedlikehaldsprosessar</b>		
Aktive naturprosesser	Oselva, vassførsel og klimaendringar.	Middels
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Aktiv skogsdrift påverkar landskapet og gir vekslende opne og lukka rom og flater. Nye skogsvegar.	Middels
Bygg- og anleggsverksemd Transport	Inga verksemd i dag, men innspel om nye byggjeområde i overgangen mot Tøsdal på begge sider av elva.	Liten
<b>Samanhengar og brot</b>		
Geografiske og romlege	Oselva med markerte, tett vegetasjonsklede kantsoner er stort sett intakt og dannar både ein romleg samheng og viktig del av vegetasjonsstrukturen. Strekninga har særeigen karakter som overgangssone mellom dei opne, store vatna lenger nord i vassdraget og den flate elveosen og møtet med fjorden.	Stor
Funksjonelle	Elva har danna grunnlag for kraftanlegg og næringsutvikling.	Liten
Historiske	-	
<b>Nøkkelement</b>		
Naturskapte nøkkelement	Banktjørna og Oselva.	Stor
Menneskeskapte nøkkelement	Sveo.	Liten
<b>Landskapskarakter</b>		
Tettstadnært friluftsområde / bymark med skogsåsar, Oselva sitt romlege forløp og Banktjørna som sentrale element med stor betydning for landskapskarakter. Sjølve skogen er tett og samtidig fragmentert av hogsfelt, og lite tilrettelagt for friluftsliv.		
<b>Samla verdivurdering</b>		
Skogsområdet er eit viktig nærturterreng for busetnaden omkring, og dannar ramme om ein del av Osvassdraget som har særeigen karakter. Plantefelt og skogshogst gjer at området likevel ikkje får stor verdi. <b>Middels verdi.</b>		
<b>Tilrådingar for landskap</b>		
<p><i>Viktige omsyn:</i></p> <p>Landskapsområdet er sårbart for tiltak og nye byggjeområde som bidreg til fragmentering og brot i heilskapen og samanhengen langs Oselva som skildra over.</p> <p>Eventuelle byggetiltak i randsonene må ikkje bryte inn i dei romdannande randsonene kring Oselva og Banktjørna, og må sikre gode overgangar/bufferpersoner mot kulturlandskapet kring Sveo og</p>		

Tøsdal. Det vil seie at ein ikkje bør byggje i den smale randsona mellom elva og fjellsida aust for Oselva.

*Overordna prinsipp for utvikling:*

Området har stort potensial for auka tilrettelegging som lett tilgjengeleg nærturterreng. Dagens turstiar følgjer i hovudsak skogsvegane, og Prestegardsskogen har potensial for auka verdi som turområde gjennom skjøtsel og landskapsrestaurering.

Eventuell utbygging bør leggest i tilknytning til eksisterande byggjeområde, og då sikrast gode blågrøne korridorar mellom byggjeområde og skogen/elva.

Delområde 12 Osøyro





Figur 4-11 Osøyro sett frå Smiebakken i vest.


Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor- middels- liten)
<b>Landskapets innhald</b>		
Landformer og vatn	Osøyro markerer slutten av Osdalføret der Oselva møter fjorden og er karakterisert den flate elveosen omgitt av låge kollar. Øyro er tydeleg avgrensa av åsane i aust, vest og nord og opnar seg mot sør og Bjørnafjorden i elveosen.	Middels
Vegetasjon	Hovudgrøntstrukturen i sjølve sentrum er det sentrale parkområdet som er danna av sentrumsparken, skuleområdet på Giskavollen og kyrkjegarden. Sentrumsparken knyter seg til Kuventræ gjennom grøntstrukturen langs Likbrekko og Kvernelva, men er i liten grad knytt mot Oselva, der elvekanten for ein stor del er bygt ned. Småhus med hagar dannar overgangane mot Kuventræ, Prestegardsskogen og Banktjørna, og Lyssand.	Middels
Arealbruk og busetnad	Tettstad med bystruktur og kommunesenterfunksjonar: kommunehus, næring-, kultur-, og offentlege tenester som kyrkje, barne- og ungdomsskule, idrettsanlegg, barnehage. Nyare leilighetsbygg og veg- og	Stor

	parkeringsareal dominerer sjøfronten, elles er øyro omgitt av kollar med småhus/eine- og tomannsbusetnad/rekkehus. Fv. 552 (gamle E39) går gjennom Osøyro og deler seg i sentrum mot ferjekaiene på Hatvik og Halhjem.	
Kulturhistoria i landskapet	Fleire kulturminnelokaliteter, bl.a. Os stasjon, , Osbanetraseen Holst og Osøyro – Linjo og fleire krigsminne. Os Prestegard og Os kyrkjestad er freda kulturminne. Fleire SEFRAK – lokalitetar bl.a. gamle kommunehuset, bygningar knytt til Os stasjon, bustadhus og naust.	Stor
Kulturelle referansar	Ferdselshistorie med Osbanen og Os stasjon, Oselvaren og verkstadene i elva, postvegen og gamle E39. Nyare møteplassar som kulturhuset Oseana.	Stor
Romlig- estetiske forhold	Elveos som opnar seg mot Bjørnafjorden i sør og vert del av det overordna fjordlandskapet. Småskala bystruktur med kortare siktliner og der busetnad på kollane viskar ut overgangane mot landskapet omkring. Oselva har lite å seie for tettstaden sin karakter, den er i liten grad synleg før ved sjølve utløpet ved brua (fv. 552) der den renn ut i Bjørnafjorden.	Middels
<b>Endrings- og vedlikehaldsprosessar</b>		
Aktive naturprosesser	Oselva. Havnivå og klimaendringar.	Liten
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	-	
Bygg- og anleggsverksemd Transport	Ny E39 utanom sentrum har endra området og vil fortsette å påverke utviklinga. Det pågår ikkje byggjeprojekt av vesentleg omfang i dag. Arbeid med kommunedelplan for sentrum pågår.	Stor
<b>Samanhengar og brot</b>		
Geografiske og romlege	Osdalføret har god romleg samanheng heile vegen frå start til Oselva sitt utløp. Visuelt brot med sjølve elveløpet som ligg gøymt og er lite framheva som landskapselement på Osøyro.	Middels
Funksjonelle	Osøyro som tettstad si lokalisering i elveosen er knytt til ferdelsårene på sjø og land. Omlegginga av transport gjer at stadig fleire funksjonar, bustader og næringar trekker ut av det historiske sentrum.	Stor
Historiske	Fram til 1870- åra var Osøyro militær øvingsplass. I 1870 kom Os kyrkje og ein ser byrjinga av Osøyro som bygdesenter. I 1884 vart kommunehuset flytta frå Molda og Osøyro vart	Stor

	det administrative senteret i bygda. I 1894 opna Osbanen med endestasjon på Os. E39, no fv. 552 gjennom sentrum, følgjer til dels same trasé som Trondhjemske postveg. Samanhengande utvikling fram mot dagens sentrum som er godt bevart og tydeleg å lese.	
<b>Nøkkelement</b>		
Naturskapte nøkkelement	Oselva, elveosen og møtet med fjorden.	Stor
Menneskeskapte nøkkelement	Sentrumsstrukturen, ferdselsårene og alle kulturminna og kulturmiljøa knytt til desse. Viktige landemerke er bl.a. Os stasjon, Os Prestegard og Os kyrkjestad. I nyare tid Oseana kunst- og kultursenter, og moloane ut frå Steinneset og Mobergsvika som omfamnar og avgrensar hamnebasenget.	Stor
<b>Landskapskarakter</b>		
<p>Fjordtilknytt tettstad med allsidig arealbruk på elveosen i overgangen mellom Oselva og Fusafjorden. Vidt utsyn mot Bjørnafjorden i kontrast med tettstaden sin gatestruktur med avgrensa siktliner. Historisk knutepunkt for ferdsel, kyrkjestad mm, med mange synlege kulturminne som landemerke. Nyare leilighetsbygg plassert langs fjorden bryt med opphavleg struktur med sentrum på øyro og bustader på kollane omkring. Overgangane mellom nye byggjeområde er dominert av veg og parkeringsareal og manglar til dels gode landskapsamanhengar med det historiske sentrum.</p>		
<b>Samla verdivurdering</b>		
<p>Landskapsverdiane er i stor grad knytt til den historiske tettstaden Osøyro som gir delområdet tidsdjupne og karakter. Landskapsrommet er avgrensa av kollane omkring, der småhus omgitt av hagar gir sentrum ei grøn omramming. Mot fjorden dominerer infrastruktur og harde flater i nyare byggjeområde. <b>Middels verdi.</b></p>		
<b>Tilrådingar for landskap</b>		
<p><i>Viktige omsyn:</i></p> <p>Historiske bygg og parkanlegg, møteplassar og gatenett som er avgjerande for landskapskarakter. Dei sentrale historiske grønstrukturane på Osøyro med kyrkjeflaten, kyrkjegarden, grøntområda ved skulen og ved Oselvarverkstaden, Likbrekko/Kvernelva.</p> <p>Oshaugen og Gamlebrua som landemerke og visuell avgrensing av den tette Osøyro i nord. Møtet mellom tettstaden, elva og fjorden. Siktliner og utsyn.</p> <p><i>Overordna prinsipp for utvikling:</i></p> <p>Tilpassing til kulturhistoriske bygg og anlegg.</p> <p>Forsterke Oselva som nøkkelement/sentralt landskapselement gjennom blågrøne strukturar som knyter elva til eksisterande parkar og gatenett.</p> <p>Forsterke strandpromenaden som blågrøn struktur for å gje dei nyare byggjeområda ved fjorden betre tilknytning til det historiske sentrum. Strandsona bør så langt som mogleg sikrast mot ytterlegare privatisering/nedbygging.</p>		

Sikre og forsterke blågrøne strukturar mellom Osøyro og nærliggande landskapsområde som vil vere ein ressurs for tettstaden, både som visuell ramme, og som funksjonelle bymarker og rekreasjonsområde: Prestegardsskogen og Banktjørna, hamnebassenget, og dei lokalt viktige landskapsområda Ulvenvatnet - Kuventræ- Moberg i vest og Lyssand og Solstrand- Moldegård i aust.

Delområde 13 Ulvenvatnet – Kuventræ – Moberg





Figur 4-12 Sørleg del av Ulvenvatnet med kulturlandskap på Moberg som strekk seg heilt ned til Mobergsvika.

Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor- middels- liten)
<b>Landskapets innhald</b>		
Landformer og vatn	Open dalform omgitt av skogsåsar og med Ulvenvatnet som sentralt element. Vatnet ligg omgitt av store flater danna av lausmasseavsetningar og drenerer mot Oselva via med Kvernelva i ein smal ravinedal. Terrenget fell mot Osøyro og Fusafjorden. Skogafjellet mot nord, Ulvenfjellet mot vest og Liafjellet mot sør avgrensar området, som opnar seg visuelt mot det overordna fjordlandskapet i kanten mot Moberg og Mobergsvikjo.	Stor
Vegetasjon	Ulvenvatnet er omgitt av kantvegetasjon med stort innslag av lauvtre. På Kuventræ og Moberg i sør er det store opne areal med dyrka mark.	Middels til stor
Arealbruk og busetnad	Ulvenvatnet og kjerneområde landbruk på Kuventræ og Moberg dominerer området. Skule og idrettsanlegg samt gravplass ligg som naturleg del av dei opne areala kring vatnet. Spreidde bustader og gardstun. Turstiar og område nytta til organisert og uorganisert friluftsliv/rekreasjon. E39 kryssar Ulvenvatnet og pregar delar av området i stor grad.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Kulturminne i Mobergsbakken (bunker støttepunkt). Fleire SEFRAK-registrerte bygningar på Kuventræ og Moberg.	Liten

Kulturelle referansar	Både Ulvenvatnet, idretts- og badeanlegget på Kuventræ og Mobergsvika med naust og badestrand er ein viktige møteplassar.	Middels til stor
Romleg- estetiske forhold	Det store vatnet dominerer landskapet saman med jordbrukslandskapet i sør, og dannar ein heilskapleg, blågrøn samanheng frå Ulvensletta til Mobergsvikjo.	Stor
<b>Endrings- og vedlikehaldsprosessar</b>		
Aktive naturprosessar	Gjengroing i kantsoner langs vatnet og jordbruksareal.	Liten
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Aktivt jordbruk er ein føresetnad for det opne landskapsrommet i sørleg del av området.	Stor
Bygg- og anleggsverksemd Transport	Ingen aktive prosessar per i dag. Ny E39 Hordfast vil krysse vatnet om lag i same område som i dag. Innspel om nye byggjeområde/fortetting både på Kuventræ og på Moberg.	Middels
<b>Samanhengar og brot</b>		
Geografiske og romlege	Samanhengande opne blågrøne areal frå Ulvenvatnet til Mobergsvikjo og fjorden som både avgrensar Osøyro og knyter det saman med landskapet i vest.	Stor
Funksjonelle	Jordbruksareala er knytt til lausmasseavsetningane som har danna grunnlaget, og som er del av det breforma landskapet i Os. E39 dannar brot i den romlege samanhengen.	Middels
Historiske	-	-
<b>Nøkkelement</b>		
Naturskapte nøkkelement	Ulvenvatnet. Takrør-sivakssump i strandsona. Kvernelva.	Stor
Menneskeskapte nøkkelement	Gardstun på Moberg. Naustmiljø i Mobergsvikjo.	Liten til middels
<b>Landskapskarakter</b>		
Open dalform med god samanheng mellom arealbruk og naturgitte føresetnader. Samanhengande blågrøn struktur frå det indre skogsåslandskapet til fjorden. Ulvenvatnet og store opne jordbruksareal dominerer arealbruken.		
<b>Samla verdivurdering</b>		
Landskapsverdien i området knyter seg til jordbrukslandskapet og Ulvenvatnet og til området sin funksjon som blågrøn struktur og avgrensing av Osøyro. <b>Stor verdi.</b>		
<b>Tilrådingar for landskap</b>		
<i>Viktige omsyn:</i> Strandsona langs Ulvenvatnet, naturmangfald og kulturminne.		

Den opne dalforma og samanhengen heilt til fjorden som er viktig for landskapskarakteren.

*Overordna prinsipp for utvikling:*

På grunn av nærleiken til Osøyro vil delar av området, særleg i overgangane mot eksisterande bustadområde vere under utbyggingspress. Kjerneområde landbruk på Kuventræ og Moberg og grøntdraget ned mot Mobergsvikjo er særleg sårbart for ytterlegare fortetting før det opne preget vert borte og busetnaden framstår som samanhengande frå Osøyro til Kuvågen.

Området mellom E39 og idrettsanlegget på Kuventræ er meir fragmentert og påverka, og har noko større tolevne.

Delområde 14 Kuvågen



Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor- middels- liten)
<b>Landskapets innhald</b>		
Landformer og vatn	Fjordvendt åsside mellom Liafjellet og Fusafjorden der terrenget stig jamt frå Fusafjorden og opp mot Mobergslia i foten av fjellet. Fleire mindre viker og vågar i strandsona.	Middels
Vegetasjon	Det går fleire grøntdrag ned mot fjorden. Lauvvegetasjon dominerer. I eldre bustadfelt finst frodige hagar, medan nyare bustadfelt manglar grøntanlegg og framstår som meir opne og dominert av veg og parkeringsareal.	Middels
Arealbruk og busetnad	Området er i hovudsak prega av tette bustadfelt med småhus, einebustader, rekkehus mm. To barnehagar samt Kuhnletunet dagsenter. E39 går langs Mobergslia, og området har hovudtilkomst frå vegkrysset på Ytre Moberg, der det og ligg butikk og brannstasjon. Lengst sør mot Lekven mindre tett busetnad i overgang mot ope jordbrukskulturlandskap og kjerneområde landbruk.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	På Lekven er det registrert ein steinalderbuplass. Det finst enkelte SEFRAK-registrerte bygg innanfor området.	Liten
Kulturelle referansar	-	-
Romleg- estetiske forhold	Delområdet er vendt mot det storskala fjordrommet kring Fusafjorden og har lange, flotte siktliner mot fjordbassenget og det overordna landskapet som avgrensar det. Grøntstrukturar ned mot fjorden og vikene deler området inn i mindre romlege einingar.	Middels til stor
<b>Endrings- og vedlikehaldsprosessar</b>		
Aktive naturprosesser	-	-
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	-	-
Bygg- og anleggsverksemd Transport	Bustadfeltet er tilnærma ferdig utbygt. Innspel om mindre nye byggjeområde /utviding av byggjeområde langs E39. Ved realisering av ny E39 Stord – Os vil E39 verte lagt i tunnel forbi området.	
<b>Samanhengar og brot</b>		
Geografiske og romlege	Del av det store, overordna fjordlandskapet. Området er regulert med grøntstrukturar som i	Middels

	stor grad følger terrengsøkk ned mot viker og vågar ved fjorden. Strukturane både knyter feltet saman og gir samband med strandsona, og bidreg til å skilje området inn i mindre einingar.	
Funksjonelle	E39 er viktig vegsamband men og stor barriere mellom bustadfelta langs fjorden og Mobergslia og Liafjellet.	Liten
Historiske	-	-
<b>Nøkkelement</b>		
Naturskapte nøkkelement	Viker og vågar som gir ei variert og tilgjengeleg strandsona.	Middels
Menneskeskapte nøkkelement	-	-
<b>Landskapskarakter</b>		
Området vender seg mot Fusafjorden og karakterisert av bustadfelt med god grøntstruktur og tilgjengeleg strandsona. E39 ligg bak støyskjermer og er både fysisk og visuell barriere i landskapet mot Mobergslia og Liafjellet i vest.		
<b>Samla verdivurdering</b>		
Boligområdet har ei vakker lokalisering mot Fusafjorden og er prega av vegetasjon og grønne område. <b>Middels verdi</b>		
<b>Tilrådingar for landskap</b>		
<p><i>Viktige omsyn:</i></p> <p>Oppretthalde områdekvalitetane som ligg i regulert og etablert grøntstruktur og strandsona.</p> <p><i>Overordna prinsipp for utvikling:</i></p> <p>Området er nær ferdig utbygt som bustadområde, men på grunn av nærleiken til Osøyro vil både intern grøntstruktur og overgangssoner mot jordbruksareala i Mobergsvikjo og nord og Lekven i sør lett kome under utbyggingspress med «bit-for bit»-utbygging. Slik fragmentering av randsoner og grøntstruktur bør ikkje tillatast.</p>		

Delområde 15 Liafjellet





Figur 4-13 Skogsåsen Liafjellet ligg omgitt av bygde område og er romleg visuelt skilje mellom fleire landskapsområde.


Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor- middels- liten)
<b>Landskapets innhald</b>		
Landformer og vatn	Karakteristisk skogsås på 259 moh som markerer overgangen mellom det mellom det indre ås- og dallandskapet og kysten. Terrenget stig jamt mot toppen. Åssidene er bratte ned mot Mobergslia i aust og Nore Neset i vest, og litt slakare mot nord. Det er smale bekkeløfter i dei bratte sidene, medan toppen er småkupert med små tjørn og vatn. Langs foten av åsen i vest mot Nore Neset renn Døsjaelva.	Stor
Vegetasjon	Åsen er skogkledd og skrinns furuskog dominerer på toppen og i dei brattaste sidene. Lauvskog i liene mot busetnad og kulturmark i Mobergslia, Skeie og Grindevoll, og langs Døsjaelva, og mot Ulvenvatnet.	Stor
Arealbruk og busetnad	Skogkledd fjell som er viktig lokalt turområde og registrert friluftslivsområde (kommunen). Mindre bustadfelt i Mobergslia. Skytefelt og stort lager/industri ved Rosemyra. Kjerneområde for landbruk i overgangen mot Skeie og Grindevoll.	Liten
Kulturhistoria i landskapet	Kulturminne ifm. Hetlefloten fort, Storevarden og Vetlevarden. SEFRAK-registrerte bygg i Mobergslia.	Liten
Kulturelle referansar	-	-
Romlig- estetiske forhold	Liafjellet er eit lokalt landemerke i overgangen mellom det mellomskala åslandskapet og det småskala, låge kystlandskapet. Betydeleg visuell	Stor

	influens på landskapsområda omkring ved å danne romleg visuelt skilje og vegg i landskapet. Omgitt av bygde område.	
<b>Endrings- og vedlikehaldsprosessar</b>		
Aktive naturprosesser	Gjengroing i eldre kulturmark og utmark.	Liten
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Kjerneområde landbruk mot Skeie og Grindevoll vert nytta som massetak.	Liten
Bygg- og anleggsverksemd Transport	Anleggsområde/masseuttak ved Rosemyra. Innspel om nye byggjeområde i Mobergslia.	Middels
<b>Samanhengar og brot</b>		
Geografiske og romlege	Liafjellet både skiljer og skaper samband mellom indre åslandskap og open kyst, og inngår i overordna landskap. Næringsområdet i Rosemyra ligg i høg skjering i foten av fjellet og skaper eit betydeleg fysisk og visuelt brot i overgangen mellom åsen og Skeismyra.	Stor
Funksjonelle	-	-
Historiske	-	-
<b>Nøkkelement</b>		
Naturskapte nøkkelement	Døsjaelva med kantevegetasjon og kystfuruskog Liafjellet vest er begge karakteristisk trekk.	Middels - stor
Menneskeskapte nøkkelement	-	-
<b>Landskapskarakter</b>		
Markert skogkledd ås som er lokalt landemerke og har fjernverknad. Liafjellet er viktig romleg visuelt dele mellom landskapsområda omkring.		
<b>Samla verdivurdering</b>		
Markert ås som er vanleg førekomande og karakteristisk for skogsåsane i kommunen. <b>Middels verdi</b>		
<b>Tilrådingar for landskap</b>		
<p><i>Viktige omsyn:</i></p> <p>Døsjaelva med randsoner/kantvegetasjon.</p> <p>Liafjellet er romleg visuelt eksponert og nær og fjernverknad er viktig. Unngå byggjetiltak på åskammar for å unngå / avgrense fjernverknad.</p> <p>Terrenginngrep som det ved Rosemyra er både visuelt eksponert og skjemmande, og fysisk barriere. Viktig å ta vare på overgangssona i foten av åsen og unngå ytterlegare irreversible inngrep.</p> <p><i>Overordna prinsipp for utvikling:</i></p>		

Landskapsområdet har, særleg med tanke på utvikling av Nore Neset og senterstrukturen, potensial for styrking av funksjon for biologisk mangfald, rekreasjonsføremål og som nærturområde. Inngår i større rekreasjonsområde kring Ulvenvatnet og Kuventræ.

Bør sikre istandsetting av terreng og landskap kring massetak ved avslutta drift for å sikre gode overgangssoner mellom skogsåsen og kulturlandskap. Nye felt i Mobergslia bør ikkje tillatast høgare enn dagens mtp omsyna over.

Delområde 16 Ulvensletta






Figur 4-14 Ulvensletta opnar seg mot Ulvenvatnet. Skogen i terrassekanten mot vatnet og den lange, flate sletta hindrar visuell kontakt med vatnet.

Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor- middels- liten)
<b>Landskapets innhald</b>		
Landformer og vatn	Open, flat slette ved Ulvenvatnet og mellom Ulvenfjellet og Liafjellet, ein lausmasseterrasse skapt av bre- og breelvavsetningar. Sletta smalnar inn i nordvest mot Ulvenkleivane, og fell i ein bratt terrassekant mot Ulvenvatnet. Omkransa av markerte skogsåsar.	Stor
Vegetasjon	Arealet er ope med vide grassletter. Bar- og blandingsskog i overgangssona mellom sletta og åssidene omkring og i terrassekanten mot Ulvenvatnet.	Middels
Arealbruk og busetnad	Militært område med flyplass, øvingsfelt, skytefelt og bygningar knytt til militær aktivitet (brakker, messer, lager osv.). Fv.161 Lyseklostervegen og fv. 160 Ulvenvegen pregar området.	Middels til stor
Kulturhistoria i landskapet	Ulvensletta militære anlegg med verneverdige bygningar og anlegg.	Middels til stor
Kulturelle referansar	Lyseklostergods, eksersisplass og øvingsleir frå 1800-talet, fangeleir under 2. verdskrig. Arena for landsskyttarstevne.	Middels til stor
Romleg- estetiske forhold	Flat og veldefinert terrasse mellom bratte åssider som ligg i nær samanheng med Ulvenvatnet og det opne daldraget ned mot fjorden. Plasseringa av bygg og anlegg i kanten av sletta gjer den	Middels

	tydelege overgangen mot åssidene noko mindre lesbar.	
<b>Endrings- og vedlikehaldsprosessar</b>		
Aktive naturprosessar	Gjengroing i randsonene/overgangssonene mot vatnet og åsane.	Liten
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	-	-
Bygg- og anleggsverksemd Transport	Ingen aktive prosessar i området. Ny E39 Svegatjørn – Rådal vil påverke ferdsel på vegane i området.	
<b>Samanhengar og brot</b>		
Geografiske og romlege	Den naturgeografiske samanhengen med breavsetningar er tydeleg å lese i Ulvensletta si utforming. Plassering av bygg og anlegg i kanten gir brot i overgangen mot åssidene. Ulvenvegen si plassering i terrasserkanten mot Ulvenvatnet gjer avslutninga av terrassen mindre lesbar.	
Funksjonelle	Den flate sletta er utgangspunktet for etablering av flyplass og leir. Lyseklostervegen og Ulvenvegen er viktige vegsamband.	Liten
Historiske	Samanhengande militær aktivitet sidan eksersisplassen vart flytta frå Osøyro i siste halvdel av 1800-talet.	Stor
<b>Nøkkelement</b>		
Naturskapte nøkkelement	Bre- og breelvavsetninga som dannar den flate sletta.	Stor
Menneskeskapte nøkkelement	Militære bygg og anlegg.	Middels til stor
<b>Landskapskarakter</b>		
Ulvensletta er eit flatt militært område med tydeleg romleg avgrensing i bratte skogkledde åssider. Området er prega av historiske og nyare militære bygningsmiljø/anlegg og opne grassletter.		
<b>Samla verdivurdering</b>		
Landskapsområdet si klare avgrensing, nære samanheng mellom natur- og kulturhistoriske nøkkelement og lang historisk kontinuitet ligg til grunn. Verdien vert trekt ned pga. vegar, bygg og anlegg som gir brot i landskapsamangar. <b>Middels til stor verdi.</b>		
<b>Tilrådingar for landskap</b>		
<p><i>Viktige omsyn:</i></p> <p>Landskapsrommet sin opne karakter og lesbare naturgeografiske historie er sårbar for inngrep. Særleg er overgangssonene i utkanten av sletta i ferd med å verte fragmentert av bygg og anlegg.</p> <p><i>Overordna prinsipp for utvikling:</i></p> <p>Ivareta møtet mellom sletta og åsside eller vatn ved å unngå nye inngrep i overgangen. Sikre god terrenghandsaming. Ta vare på historiske anlegg for historisk identitet og forankring.</p>		

Delområde 17 Skogafjellet



Forhold ved landskapet/ Landskapets innhold	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor- middels- liten)
<b>Landskapets innhold</b>		
Landformer og vatn	Avrunda skogsås på ca. 290 moh mellom Endelausmarka, Heteplot og Ulven. Landskapet omkring fjellet er småkupert, men med jamn stigning mot toppen. Åssidene er bratte ned Svegadalen og mot Ulven. I dalsøkka renner bekkar.	Stor
Vegetasjon	Det er skog i heile området. Tett skog i dei bratte åssidene, meir open kystfuruskog glissen på de høyeste toppene og myrene.	Stor
Arealbruk og busetnad	Delområdet er ubygd med unntak av nokre bustader på Svegane lengs sør mot Ulven og Svegatjørn. Turstiar.	Liten
Kulturhistoria i landskapet	Grensar mot Ulven Leir.	Liten
Kulturelle referansar	-	-
Romleg- estetiske forhold	Åsen dannar eit viktig romleg visuelt skilje mellom dei overordna landskapsromma kring Endeausmarka, Vinddalsvatnet/Osvassdraget og Ulven.	Stor
<b>Endrings- og vedlikehaldsprosessar</b>		
Aktive naturprosessar	Gjengroing i utmark	Liten
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	-	-
Bygg- og anleggsverksemd Transport	Ingen aktive i Skogafjellet, men grensar mot byggjeområda for ny E39 og kryss på Svegatjørn og i Endelausmarka.	Liten
<b>Samanhengar og brot</b>		
Geografiske og romlege	Skogafjellet både skiljer og er knutepunktet mellom dei overordna landskapsromma som omgir skogsåsen.	Stor
Funksjonelle	-	-
Historiske	-	-
<b>Nøkkelement</b>		
Naturskapte nøkkelement	-	-
Menneskeskapte nøkkelement	-	-

<b>Landskapskarakter</b>
Markert skogsås med romleg – estetisk funksjon som landemerke og skilje mellom overordna landskapsrom i området mellom Endeleausmarka og Osøyro.
<b>Samla verdivurdering</b>
Markert skogsås typisk for overordna landformer og vegetasjon i kommunen. <b>Middels verdi.</b>
<b>Tilrådingar for landskap</b>
<i>Viktige omsyn:</i> Åsen sin funksjon som romleg estetisk skilje i landskapet. <i>Overordna prinsipp for utvikling:</i> Unngå at byggjetiltak klatrar oppover åssidene og får fjernverknad, for eksempel ved å etablere «markagrense» i foten av åsen, om lag i avgrensingslinja for landskapsområdet.

Delområde 18 Varåsen - Kolskogen






Figur 4-15 Kolskogen industriområde med tunnelpåsag for ny E39 sett frå Varåsen.

Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor- middels- liten)
<b>Landskapets innhald</b>		
Landformer og vatn	Open dalform med skogsåsar som er del av det overordna Osdalføret. Området ligg mellom Skogafjellet og prestegardsskogen. Terrenget stig mot vest. Småkupert med Varåsen (k+118) som markert topp opp frå dalbotnen.	Middels
Vegetasjon	Varåsen er dekkja av furuskog. Småhusbusetnad med store hagar pregar austre del langs fv. 552 Byvegen, mens vestre del manglar grøntstruktur.	Liten
Arealbruk og busetnad	Varåsen - Kolskogen er tettbygd landskap med bustadområde aust for Varåsen og store næringskontor, forretnings- og industriområde langs E39 vest for Varåsen. I området finst også skular og barnehagar i overgangen mot Kuventræ. Ny E39 avgrensar delområdet i vest, og Byvegen avgrensar området i aust.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Gardstunet Vaktdal på Svegane, med to SEFRAK-registrerte bygningar, minner om tidlegare bruk av området.	Liten
Kulturelle referansar	Byvegen følgjer den gamle Osbanetraseen.	Liten
Romleg- estetiske forhold	Varåsen er romleg skilje mellom den austlege og vestlege delen av delområdet, som har ulike preg som veg- og næringsområde og bustadområde.	Middels

Endrings- og vedlikeholdsprosesser		
Aktive naturprosesser	-	-
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	-	-
Bygg- og anleggsverksemd Transport	Bygging av ny E39 og fleire nye næringsbygg langs Industrivegen.	Middels til stor
Samanhengar og brot		
Geografiske og romlege	Varåsen er romleg visuelt dele, men og knutepunkt mellom ulike delar av området.	Middels til stor
Funksjonelle	E39 er ein vesentleg barriere i området. Busetnaden i Varåsgrenda ligg mellom E39 og Byvegen, som gir brot i samanhengen med dei andre bustadområda.	Middels
Historiske	Etablering av detaljhandel i området og omlegging av E39 er brot med det historiske sentrum på Osøyro og ferdselsårer som tidlegare har følgd Osbanetraseen.	Middels
Nøkkelement		
Naturskapte nøkkelement	Varåsen, landskapsform og naturområde.	Liten
Menneskeskapte nøkkelement	Ny E39 og det store industriområdet langs Industrivegen.	Stor
Landskapskarakter		
<p>Varåsen - Kolskogen er eit tett utbygt område i forlenging av Osøyro oppover Osdalføret. Varåsendeler området i ein vestleg del påverka av store næringsbygg og vegareal, og ein austleg del som er prega av bustadfelt med store hagar og som har noko større landskapskvalitetar. Området er sterkt prega av vegareal og manglar ein bevisst og samanhengande grøntstruktur.</p>		
Samla verdivurdering		
<p>Området er prega av bygde miljø med ulik karakter og kvalitet og dominert av vegareal. <b>Liten verdi.</b></p>		
Tilrådingar for landskap		
<p><i>Viktige omsyn:</i> Varåsen sin funksjon som romleg estetisk skilje i landskapet.</p> <p><i>Overordna prinsipp for utvikling:</i> Unngå at byggjetiltak klatrar oppover åssidene eller ut i Prestegardsskogen i aust. Varåsen bør få ligge som «urørt» landskapselement.</p> <p>Sikre kvalitet i byggjeområda gjennom god terrengtilpassing og etablering av grøntstruktur, som og kan bidra til å redusere veg- og parkeringsareal sin visuelle dominans.</p>		

Delområde 19 Gåssandvatnet- Hetleflotvatnet





Figur 4-16 Kulturlandskap på Gåssand med Gåssandvatnet i front.




Figur 4-17 Hetleflotvatnet med Tyssdalsfjellet som avgrensing i aust.

Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor- middels- liten)
<b>Landskapets innhald</b>		
Landformer og vatn	Dei tre vatna dannar dalbotn i den langstrakte dalen (nord-sør) som utgjer ein sentral del av Os-vassdraget. Hetleflotvatnet og Gåssandvatnet er dei mest markerte vatna. I sør ved Ulven dannar Tøsdalsvatnet ei meir «fliket» avslutning på	Stor

	vassdraget før det går over i den smale Oselva. Daldraget er opent i sør mot Ulven, men smalnar nordover mot Gåssand.	
Vegetasjon	Det står blandingsskog med hovudvekt av gran i dei bratte dalsidene langs Gåssandvatnet. Det er spreidde klynger og rekker av lauvtre i samband med kulturlandskap, strandsone og busetnad.	Stor
Arealbruk og busetnad	I sør ved Hetlefloten og i nord ved Gåssand er det i samband med dyrka mark gardsbruk og spreidde bustadhus. Areala ved Hetlefloten er registrerte som kjerneområde for jordbruk og ligg inntil vatnet. Vatn og skog dekker store deler av området. Langs vatna er det fleire stader sumpig og myrlendt. Austlege landareal som grensar til Gåssandvatnet er del av statleg sikra friluftsområde Raudlio Stokkedalen og del av lokalt viktig friluftslivsområde Gåssand- Tøsdal. Skogsområde med turveger og turstiar. Innfallsport med parkeringsplassen ved Hatlelio. E39 følger langs vestsida av Hetleflotvatnet. To kraftlinjer kryssar gjennom landskapet og går i trippelføring på austsida av Hetleflotvatnet.	Middels
Kulturhistoria i landskapet	Kulturhistoria viser seg i jordbrukslandskapet. Det er registrert fleire SEFRAK- bygningar ved Gåssand, Søfteland, Hetlefloten og Ulven. Før landhevinga gikk fjorden inn til Hetlefloten, og gardane her ligg på grusterrasser som isen la igjen. Ved Hetlefloten er det kulturminner knytt til militær aktivitet. Hetlefloten fort. Gamle Os-jernbanen går langs Hetleflotvatnet inn mot Søfteland.	Middels-stor
Kulturelle referansar	Os-banen.	Liten
Romlig- estetiske forhold	Markert langstrakt daldrag langs Gåssandvatnet. Jordbrukslandskapet ved enden av vatnet (i nord) markerar tydelig avslutning på landskapsrommet. I sør ved Hetleflotvatnet er avgrensinga av landskapsrommet meir utflytende inn mot Galtåsen i vest. Den austre dalsida opp mot Nordre Såta er meir markert.	Middels til stor
<b>Endrings- og vedlikehaldsprosessar</b>		
Aktive naturprosesser	Klimaendringar, vasstandsendingar. Gjengroing i randsoner mot utmark, i utmark og langs vassdraget.	Liten
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Det er aktivt jordbruk i kjerneområde landbruk på Gåssand, Hetlefloten og Tøsdal.	Middels

Bygg- og anleggsverksemd Transport	Ingen aktive endringar per i dag, men fleire innspel om nye byggjeområde både i randsonene til og innafor kjerneområde landbruk.	Liten
<b>Samanhengar og brot</b>		
Geografiske og romlege	Sentral del av Os-vassdraget som dannar ein tydelig samanheng både innafor delområdet, og som overgang mellom kystfjella og kysten, både romleg, visuelt og funksjonelt.	Stor
Funksjonelle	Elveslettene, ausmasseterrassane, våtmarksområde og kantsoner langs vatna har god samanheng med kulturlandskapet.	Middels-stor
Historiske	Os-vassdraget har blant anna vore viktig i høve til fiske (lakseførande) og grunnlaget for bygging av Oselvaren.	Stor
<b>Nøkkelement</b>		
Naturskapte nøkkelement	Vassdraget er det sentrale natur- og landskaps-elementet. Viktige naturtypelokalitetar langs vassdraget..	Stor
Menneskeskapte nøkkelement	Os-banen.	Liten.
<b>Landskapskarakter</b>		
Landskapsområde dominert av Os-vassdraget med fleire store vatn og våtmarksområde i eit definert daldrag med skogkleddedalsider. Store, opne landskapsrom der vatna og dyrka mark i godt samspel definerer golvet.		
<b>Samla verdivurdering</b>		
Markert dalføre med stor variasjonsrikdom og godt samspel mellom naturformer, vegetasjon og kulturlandskap, både romleg og kulturhistorisk. Osvassdraget er sentralt landskapselement med avgjerande betyding for landskapskarakteren. <b>Stor verdi</b>		
<b>Tilrådingar for landskap</b>		
<p><i>Viktige omsyn:</i></p> <p>Området framstår som heilskapleg og er det området der Os-vassdraget er mest synleg og eksponert som identitetsskapande landskapselement. Landskapsverdien er knytt til heilskap og samanhengar som er sårbare for fragmenterande og/eller visuelt dominerande tiltak, både innafor området og i overgangen mot andre område, slik som utbygginga i Hjellemarka. I overgangen mellom Gåssandvatnet og Hetleflotvatnet er landskapsrommet på sitt smalaste, og særleg sårbart.</p> <p><i>Overordna prinsipp for utvikling:</i></p> <p>Kjerneområde landbruk er eit viktig grep for å oppretthalde jordbruksdrift som bidrar til gir heilskap, variasjon og opne område med lange siktliner. Fortsette å styrke samanhengen med kulturlandskap og turområda i fjella omkring.</p> <p>Randsoner langs vatna må vernast. Fjernverknad for delområdet må vurderast for tiltak i overgangane mot andre delområde.</p>		

Delområde 20 Haukeland - Hatleli







Figur 4-18 Gåssandvegen omkransa av myr og skog.

Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor- middels- liten)
<b>Landskapets innhald</b>		
Landformer og vatn	Lang, avsmalnande dal med flat dalbotn og bratte dalsider særleg mot vest og Nordhordalandsnuten. Dalaelva har eit meanderande løp.	Stor
Vegetasjon	Tett blandingsskog i dalsidene, våtmark, myrar og lauvskog i dalbotnen og randsonene mot elva Lona.	Stor
Arealbruk og busetnad	Skogkledd dal. Gåssandvegen følgjer dalbotnen. Lengst nord mot Ytsta Raudlivatnet nokre bustader langs Gåssandvegen. Nyare bustader langs vegen utan tilpassing til terreng og landskap. Dobbel kraftlinje kryssar dalen ved Haukeland.	Liten
Kulturhistoria i landskapet	To SEFRAK-registrerte bygningar ved Hatlelia.	Liten
Kulturelle referansar	Halvardsstølen inst i dalen vitnar om tidlegare stølsdrift.	Liten
Romlig- estetiske forhold	Tydlig avgrensa landskapsrom med korte siktliner.	Middels til stor
<b>Endrings- og vedlikehaldsprosessar</b>		
Aktive naturprosesser	Lonaelva sitt meanderande løp. Gjengroing i myr, utmark og gamle beiter.	Middels

Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	-	
Bygg- og anleggsverksemd Transport	Ingen aktive prosessar. Innspel om mindre byggjeområde ved eksisterande bustader i Hatlelia.	Liten
<b>Samanheng og brot</b>		
Geografiske og romlege	Den smale dalformen er tydeleg del av Bergensbogane og knyter delområdet til kystfjella i nord og Søfteland i sør. Vassdraget med Lonaelva renn ut i Oselva ved Haukeland.	Middels
Funksjonelle	Dalen og Gåssandvegen knyter delområdet saman med Søfteland og Gåssand.	
Historiske	-	
<b>Nøkkeelement</b>		
Naturskapte nøkkeelement	Lona og Lonmyrane; botanisk forekomst av bla. kystmarikåpe.	Middels
Menneskeskapte nøkkeelement	-	
<b>Landskapskarakter</b>		
Markert smalt dalføre med Lona som sentralt landskapselement. Lite prega av kulturpåverknad og aktivitet. Vert opplevd som naturområde som overgang inn mot fjellet.		
<b>Samla verdivurdering</b>		
Einsarta og lite variert dalområde, men heilskapleg og heller ikkje prega av landskapsinngrep i større grad. <b>Middels verdi.</b>		
<b>Tilrådingar for landskap</b>		
<p><i>Viktige omsyn:</i> Lona, elva og naturførekomstane.</p> <p><i>Overordna prinsipp for utvikling:</i> Eventuelle tiltak må gjennomførast med god buffer mot omsyna over og tilpassing til terreng og landskap.</p>		

Delområde 21 Røykenes






Figur 4-19 Bilde til venstre viser Røykenesvatnet. Bilde til høgre viser E39 like før ein kjem til Søfteland.

Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor- middels- liten)
<b>Landskapets innhald</b>		
Landformer og vatn	Del av Os-vassdraget i overgangen mellom dei større, opne dalromma kring Kalandsvatnet (Bergen) og Søfteland. Hovudforma er middels brei dalform med flat dalbotn danna av morenemassar i nord – sør retning. Røykenesvatnet (k+53) er dominerande landskapselement. Frå vatnet renn Oselva sørover mot Søfteland. Elvesletta Tømmernes på austsida av elveløpet, elles bratte dalsider både på aust- og vestsida av dalføret.	Middels til stor
Vegetasjon	Blandingsskog i dalsidene. Dyrka mark og randvegetasjon med lauvskog i overgangssonene langs vassdraget og mot lisdene.	Liten
Arealbruk og busetnad	Jordbruksareal på begge sider av vatnet og mindre felt med beite i dalsidene. Gardstuna er konsentrert til elveslettene. E39 følgjer vestsida av vassdraget. Langs vegen ligg enkelte bustader, bensinstasjon og serveringsstad med parkeringsareal ut mot vannet. Kraftleidning kryssar dalen.	Middels
Kulturhistoria i landskapet	Osbanetraseen følgjer E39. Krigsminne på Tømmernes (eit tysk sjekkpunkt som overvåka trafikken langs Osdalen). Det er to SEFRAK-registrerte gardsbygg i området.	Liten til middels
Kulturelle referansar	Osbanen og Munkestigen over fjellet til Lysekloster.	Middels til stor
Romlig- estetiske forhold	Røykenesvatnet danner ope landskapsrom som gir siktliner mot åsane og fjella omkring.	Middels
<b>Endrings- og vedlikehaldsprosessar</b>		
Aktive naturprosesser	Gjengroing i randsonene langs vassdraget og mot skogsåsane.	Liten

Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Aktiv jordbruksdrift vitnar om kontinuitet i arealbruk med bustadfortetting på gardstun.	Middels
Bygg- og anleggsverksemd Transport	Innspel om nye bustadområde ved Røykenesvatnet og i sør mot Søfteland E39 vil verte avlasta når ny E39 mellom Os og Bergen står ferdig.	Liten
<b>Samanhengar og brot</b>		
Geografiske og romlege	Osvassdraget med vatn, elv og kantvegetasjon er viktigaste romlege og visuelle samanheng gjennom området, frå fjell til fjord.	Middels til stor
Funksjonelle	Jordbrukslandskapet har samanheng med lausmasseavsetningane langs elva. E39 gjennom området.	Middels
Historiske	Restar av Osbanetraseen.	Liten
<b>Nøkkeelement</b>		
Naturskapte nøkkeelement	Osvassdraget. Leveområde for elvemuslingar.	Middels til stor
Menneskeskapte nøkkeelement	E39-traseen.	Middels
<b>Landskapskarakter</b>		
Del av Osvassdraget der Røykenesvatnet er det sentrale landskapselementet. Oselva sør for vatnet er mindre visuelt framtreddende, samtidig som elva er grunnlaget for dalformen, som igjen er utgangspunktet traseen for både historiske og dagens ferdselsårer.		
<b>Samla verdivurdering</b>		
Middels variert og vanleg område med veg, spreidd busetnad og skogkledd åsar, vassdrag og jordbrukslandskap. <b>Middels verdi.</b>		
<b>Tilrådingar for landskap</b>		
<p><i>Viktige omsyn:</i> Strandsona og kantvegetasjonen langs vatn og vassdrag, samt det opne landskapsrommet og heilskapen skapt av vassflata og kulturlandskapet omkring er sårbare for brot, for eksempel i form av utbygging.</p> <p><i>Overordna prinsipp for utvikling:</i> Elveslettene og areal mellom dagens vegar og vassdraget bør ikkje byggast ytterlegare ned.</p>		

Delområde 22 Søfteland





Figur 4-20 Jordbrukslandskapet rundt Søfteland sentrum sett frå Langedalen.



Figur 4-21 Oselva munnar ut i ei vid elveslette der den renn ut i Gåssandvatnet

Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor- middels- liten)
<b>Landskapets innhald</b>		
Landformer og vatn	Søfteland ligg sentralt i hovuddalføret som følgjer Oselva og er ein tydeleg sprekkedal i Bergensbogane. Dalen vidar seg ut i fleire mindre	Stor

	dalmøte ved Søfteland, der elva går i ei elveslynge som munnar ut i ei vid elveslette der Oselva renn ut i Gåssandvatnet (k+38). Vinddalsvatnet (k+39) er knytt til Gåssandvatnet i ein smal kanal som dannar sørleg avgrensing av delområdet.	
Vegetasjon	Stor variasjon i vegetasjonsdekke gir eit mosaikkprega vegetasjonsbilete med tett blandingsskog i overgangane mot skogssåsane som omgir Søfteland, opne jordbruksareal og frodige hagar kring busetnaden. Kantvegetasjonen langs Oselva markerer elveløpet der sjølve elva ligg djupt nedskore og lite synleg.	Middels til stor
Arealbruk og busetnad	Søfteland er ein mosaikk av større offentleg bygg og næringsbygg, bustader og gardstun, dyrka mark, vegetasjon og vassdrag. Som lokalsenter har Søfteland offentlege funksjoner som skole og barnehage. Busetnaden er konsentrert kring elveslynga og E39, og er tettast i området mellom Oselva og Vinddalsvatnet. E39 er både viktig samband og vesentleg fysisk barriere i lokalsenteret. Større, samanhengande areal med dyrka mark ligg nord for Oselva på Sæla og Haukeland og er klassifisert som kjerneområde for jordbruk. Sør og vest for Oselva er jordbruksareala meir fragmenterte og spreidde.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Jordbrukslandskapet omkring «sentrum» og SEFRAK-registrete bygg vitnar om lang tids busetnad og drift. Møbelindustrien har lang historie og er framleis aktiv. Postvegen til Stavanger har gått gjennom Søfteland og kan framleis finnast att i sør der den kryssar kanalen mellom Vinddalsvatnet og Gåssandvatnet i bru. E39 følgjer i stor grad Osbanetraseen.	Middels til stor
Kulturelle referansar	Ferdselshistorie med postvegen, Osbanen med stasjon på Søfteland, og E39. Møbelindustri.	
Romleg- estetiske forhold	Ope dalrom der fleire mindre dalar i Osdalføret møtest i eit mosaikkprega område med samspel mellom naturform, vassdrag, vegetasjon og busetnad. Landskapet opnar seg mot sør og Vinddalsvatnet.	Middels til stor
<b>Endrings- og vedlikehaldsprosessar</b>		
Aktive naturprosesser	Oselva, flaum og klimaendringar, avsetningar. Gjengroing i randsoner.	Liten

Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Aktivt jordbruk omkring tettstaden held landskapet ope.	Middels
Bygg- og anleggsverksemd Transport	Ingen vesentlege byggjearbeid pågår. Innspel om nye byggjeområde i nord mot Sælhaugane, sentralt på Søfteland/Langedalen, og i Eikhaugen. E39 vil verte avlasta når ny E39 opnar.	Liten
<b>Samanhengar og brot</b>		
Geografiske og romlege	Oselva si elveslynge med markerte kantsoner og opne, lange siktliner mot fjell og åsar dannar geografisk og romleg samanheng med Osvassdraget sitt forløp frå fjell til fjord. elveslynga er strukturerande for staden, men vanskeleg å oppfatte. Visuell kontakt med elva er først og fremst knytt til dei store elveslettene og opne jordbruksareala.	Middels til stor
Funksjonelle	Lausmasseavsetningar etter bre og elv er grunnlaget for jordbruksdrifta. Sør og vest for Oselva er jordbruksareala blitt fragmentert av utbygging. E39 er viktig ferdselsåre. Utviding av busetnaden sørover langs E39 i Gåsakilen og Hjellemarka ligg utanfor elveslynga og bryt med dei landskapsstrukturane som er grunnlag og ramme for busetnaden på Søfteland.	Middels
Historiske	Osbanen var grunnlaget for etablering av tømmer- og møbelindustri på Søfteland. Det finst ikkje restar etter Osbanen og stasjonen på Søfteland, men møbelindustrien er framleis aktiv.	Liten
<b>Nøkkelement</b>		
Naturskapte nøkkelement	Osvassdraget.	Stor
Menneskeskapte nøkkelement	Tett busetnad. Kulturlandskapet som dannar overgangssoner mot skogklede fjell. E39.	Middels
<b>Landskapskarakter</b>		
<p>Ope dalrom der fleire mindre dalar i Osdalføret møtest i eit mosaikkprega område med samspel mellom naturform, vassdrag, vegetasjon og busetnad. Osvassdraget med vatna er viktige landskapselement som er karakteristiske og strukturerande for landskapet. Den samansette arealbruk og busetnad kan virke visuelt uoversiktleg. Karakteristisk kulturlandskap på Sæla – Haukeland.</p>		
<b>Samla verdivurdering</b>		
<p>Delområdet sin verdi er først og fremst knytt til Osvassdraget og området sitt mangfald og variasjon: samansett arealbruk og busetnad, og kulturlandskapet på Sæla- Haukeland. Oselva er strukturerande for arealbruken, men samtidig er sjølve elva lite eksponert. E39 dannar ei visuell og fysisk barriere gjennom Søfteland. <b>Middels verdi.</b></p>		
<b>Tilrådingar for landskap</b>		

*Viktige omsyn:*

Oselva si elveslynge med randvegetasjon er eit overordna, strukturerande element som bør sikrast og byggast vidare på.

Kulturlandskapet på Sæla – Haukeland (kjerneområde landbruk) er heilskapleg, står i ein god samanheng med elveslynga og bør ikkje inngå i senterområde for fortetting. Området mellom Oselva og Sæla-Haukeland er allereie prega av bygde miljø og er mindre sårbar, og kan inngå i fortetting innafor avgrensinga av delområde Søfteland, men bør ikkje bryte gjennom Sælhaugane som romleg dele mot Røykenes.

Elvesletta på Fitjane er eit viktig landskapstrekk og overgangssone til Gåssandvatnet som ikkje bør byggjast ned.

*Overordna prinsipp for utvikling:*


Ev. markagrense på Søfteland bør følgje eksisterande busetnad / skoggrensa opp mot Bjørnåsen og Søftelandsfjellet. Over dette er terrenget bratt, og utbygging vil verte eksponert og få uheldige terrenginngrep som vil gå ut over overordna landskapskarakter.

Generelt sikre strandsonene langs vatna mot nedbygging, bl.a. er strandsona langs Vindalsvatnet stort sett urørt strandsona. inkl. Gåsakilen, som har fått uheldige inngrep. Gåssandvatnet-Hetleflotvatnet aust for Søfteland er gitt stor lokal verdi i denne kartlegginga. Gåssandvatnet-Hetleflotvatnet med elvesletta Fitjane bør vere avgrensing av tettstaden Søfteland i aust.

Kulturlandskapet vest for Oselva med området kring butikken framstår som meir fragmentert og usamanhengande. Ytterlegare utbygging her vil ikkje endre strukturerande og overordna karaktertrekk eller landskapsverdiar i vesentleg grad. Området kan inngå i fortetting og med fordel knytast betre saman med skulen og den tettbygde delen av elveslynga for å oppnå eit meir samla og lesebart senterområde.

Hjellemarka og Gåsakilen vil ikkje kunne ligge i god landskapsmessig samanheng med Søfteland. Eksisterande utbygging her bør utgjere ei ytre sone for Søfteland og bør ikkje utvidast vidare sørover av omsyn til det heilskaplege skogsåslandskapet kring Vindalsvatnet. Galtåsen er sårbar som romleg skilje mellom Vindalsvatnet og Hetleflotvatnet (sjå også delområde 23, Gåsakilen – Vindalsvatnet).

Delområde 23 Gåsakilen – Vinddalsvatnet






Figur 4-22 Hjellemarka ved Gåsakilen. Bilde til høgre viser Vinddalsvatnet sett mot Endelausmarka i sør.

Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor- middels- liten)
<b>Landskapets innhald</b>		
Landformer og vatn	Sprekkedal med Vinddalsvatnet (k+39) som sentralt landskapselement omgitt av låge skogsåsar i aust (Galtåsen) og vest (Søftelandsfjellet). Vatnet inngår i Osvassdraget og Galtåsen er ein smal åsrygg som skil Vindalsvatnet og Hetleflotvatnet. Gåsakilen (k+40) er eit mindre vatn på denne terrengforma og som renn ut i Gåssandvatnet.	Middels til stor
Vegetasjon	Åssidene kring Vinddalsvatnet og Gåsakilen er tett skogkledd heilt ned til strandsona. Furuskog dominerer. Myrlendt i søkk.	Middels til stor
Arealbruk og busetnad	Nyare bustadfelt (Hjellemarka) kring Gåsakilen med blokkbebyggelse og barnehage. Tilkomst frå E39. ein bustader i nordenden av Vinddalsvatnet er vurdert som del av busetnaden i delområde Søfteland.	Middels
Kulturhistoria i landskapet	Den Stavangerske postveg går over Galtåsen. Fleire kulturminne sør på Galtåsen, bl.a. rester av skytestillinger.	Liten
Kulturelle referansar	Postvegen.	Liten
Romlig- estetiske forhold	Vinddalsvatnet dannar golvet i eit stort og heilskapleg landskapsrom som framstår som nær urørt, særleg på vestsida. Lange siktliner mot åsar og fjell i lengderetninga av vatnet. Gåsakilen dannar eit meir småskala landskapsrom og er i ferd med å verte dominert av byggjefelt.	Stor
<b>Endrings- og vedlikehaldsprosessar</b>		
Aktive naturprosessar	-	-

Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	-	-
Bygg- og anleggsverksemd Transport	Byggjeverksemd i bustadområde på Hjellemarka og på begge sider av Gåsakilen. Innspel om utviding byggjeområda både kring Gåsakilen og på vestsida av Vinddalsvatnet, mot Endalausmarka.	Middels til stor
<b>Samanhengar og brot</b>		
Geografiske og romlege	Vatna inngår i Osvassdraget og det overordna Osdalføret og er knytt til dei andre vatna med smale kanalar ut mot Gåssandvatnet. Store, samanhengande skogsområde og urørt strandsone har stor visuell verknad.	Middels til stor
Funksjonelle	Dei tette byggjeområda i Gåsakilen og Hjellemarka ligg isolert og bryt med opphavlege byggjemønster og senterstrukturar.	Middels
Historiske	Postvegen er samanhengande og fungerer som turveg gjennom området frå Søfteland til Hetlefloten.	Liten
<b>Nøkkelement</b>		
Naturskapte nøkkelement	Osvassdraget.	Stor
Menneskeskapte nøkkelement	-	-
<b>Landskapskarakter</b>		
Området er prega av skog og det store Vinddalsvatnet som gir området eit heilskapleg naturpreg. Utbygginga kring Gåsakilen er i ferd med å bryte gjennom åsryggane og påverke denne landskapskarakteren.		
<b>Samla verdivurdering</b>		
Landskap utan store variasjonar men med stor heilskap og visuell kontakt med åsar og fjell, og samanheng med det overordna landskapet. <b>Middels verdi.</b>		
<b>Tilrådingar for landskap</b>		
<p><i>Viktige omsyn:</i></p> <p>Postvegen som kulturminne og turveg.</p> <p>Heilskapen i strandsone og skog i landskapsrommet kring Vinddalsvatnet er sårbart for brot. Nye byggjetiltak og infrastruktur vil påverke landskapskarakteren i stor grad.</p> <p>Utbygging i åssidene, strandsoner og på åskammar vil påverke landskapsområdet visuelt og endre landskapskarakteren, og bør unngåast.</p> <p><i>Overordna prinsipp for utvikling:</i></p> <p>Skogsåsane og vatna ligg mellom senterområda Søfteland og Lysefjorden og nye store byggjeområde i senterområda. Landskapsområdet bør vidareførast som ein landskapsressurs som gir avgrensing, rekreasjonsområde og identitet mellom nye, store byggjeområde.</p>		

Utbygginga i Hjellamarka og Gåsakilen er uheldige eksempel på manglande omsyn til viktige karaktertrekk og terrengtilpassing. Vidare utbygging her bør avgrensast, sikre tilgjenge til skog og turstiar og unngå fleire uheldige skjeringar og fyllingar.

Delområde 25 Lyseklosterdalen





Figur 4-23 Bilde til venstre viser Lysekloster hovudgard. Bilde til høyre viser Lysekloster klosterruin.




Figur 4-24. Bilde til venstre viser Lysekloster kapell. Bilde til høyre viser hovudgarden med omkringliggende kulturlandskap sett frå nord.

Forhold ved landskapet	Skildring	Betydning for landskapskarakteren (stor- middels- liten)
<b>Landskapets innhald</b>		
Landformer og vatn	Langsmalt daldrag omgitt av låge skogsåsar og typisk for sprekedalane i kommunen. Dalane vidar seg ut i ei lausmasseterrasse/slette på ca. k+50 rundt garden Lysekloster og fell i ein bratt terrassekant ned mot Holevatnet og Pøyla. Lyseklosterelva renn gjennom dalen mot utløpet i Lysefjorden, og har skore seg ned i terrassekanten i ein karakteristisk ravinedal.	Stor
Vegetasjon	Øvre del av dalen og dalsidene er prega av skog med store granplantefelt og opne hogstfelt som går over i furuskog mot åskammane. Skogen omkransar opne jordbruksareal med eng og beite. Kulturlandskapet har karakteristiske store gamle lauvtre, allear og lundar. I overgangssonene mellom jordbruk og skog. I terrassekanten og langs Klosterelva ligg randsoner med lauvskog og blandingskog.	Stor

Arealbruk og busetnad	Nedre del av dalen med Lysekloster hovudgard er kjerneområde landbruk. Gardstunet, Lysekloster klosterruin og Lysekloster kapell ligg på lausmasseterrassen. Nedanfor terrassekanten ligg spreidde bustader og fritidsbustader og Lysekloster ride- og kjøreklubb. Fv. 161 gjennom området.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Velhalde kulturlandskap og kulturmiljø med lang historisk kontinuitet. Lysekloster klosterruin, hovudgard og kapell. I tillegg finst automatisk freda buplassar på Kalvatræet ved Pøyla.	Stor
Kulturelle referansar	Lysekloster var eldst av fem cistercienserkloster i Norge i middelalderen og grunnlagt 1146 og har nasjonal verdi.	Stor
Romlig- estetiske forhold	Tydeleg avgrensa sprekkedal frå fjell til fjord som opnar seg mot Lysefjorden og Lysøya. Lysekloster klosterruin, hovedgard og kapell med kulturlandskapet omkring er har stor betydning og visuell påverknad i landskapet. Dalen er romleg delt i to i terrassekanten, der nedre del kring Kalvatræet og Pøyla vender seg mot Sørstraumen og Lysfjorden.	Stor
<b>Endrings- og vedlikehaldsprosessar</b>		
Aktive naturprosessar	Lyseklosterelva si graving i lausmassane. Klimaendringar og havnivå. Gjengroing i utmark og randsoner.	Liten - middels
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Jordbruksarealene er i dag i god hevd. Aktiv skogsdrift og opne hogstfelt.	Stor
Bygg- og anleggsverksemd Transport	Ingen aktive endringsprosessar. Innspel om nye byggeområde i Sjøbøhaugane som dersom dei vert gjennomført vil ligge i horisont og påverke heile Lyseklosterdalen visuelt. Press i området pga. ny E39 og utbygging i Endalausmarka.	Stor
<b>Samanhengar og brot</b>		
Geografiske og romlege	Heilskapleg og tydeleg sprekkedal frå fjell til fjord, typisk for Bergensbogene. Dalen er romleg delt i to i terrassekanten, der øvre del er prega av eldre kulturhistorie medan nedre del kring Kalvatræet og Pøyla vender seg mot Sørstraumen og Lysfjorden og er meir påverka av nyare busetnad.	Stor
Funksjonelle	Lausmassane med hav- og strandavsetning og morene er grunnlaget for jordbruksareala som framleis er i drift.	Stor

Historiske	Lang historisk kontinuitet i landskapet og mange kulturhistoriske enkeltelement som er synlege i landskapet.	Stor
<b>Nøkkelement</b>		
Naturskapte nøkkelement	Lausmasseterrassen og Klosterelva. Pøyla er registrert som viktig naturtype. 3 store gamle eiker som står ved Lysekloster hovudgard er registrert som lokalt viktige.	Middels – stor
Menneskeskapte nøkkelement	Lysekloster klosterruin, Lysekloster hovudgard, Lysekloster kapell og brua til hovudgarden.	Stor
<b>Landskapskarakter</b>		
Særleg heilskapleg, samanhengande og velhalde kulturlandskap frå fjord til fjell. Lang historisk kontinuitet og god historisk lesbarheit, fleire kulturminne med både lokal, regional og nasjonal verdi i samspel med naturgitte føresetnader pregar landskapskarakteren.		
<b>Samla verdivurdering</b>		
Delområdet sin verdi er i stor grad knytt til historia i landskapet: det velhaldne kulturlandskapet med Lysekloster klosterruin, Lysekloster hovudgard og Lysekloster kapell. Både naturskapte og menneskeskapte nøkkelement inngår i ein heilskap som gir området tidsdjupne, variasjon og særpreg. <b>Svært stor verdi.</b>		
<b>Tilrådingar for landskap</b>		
<p><i>Viktige omsyn:</i></p> <p>Heilskapen i området gjer at heile landskapsområdet er svært sårbart for tiltak som gir brot i samanhengane. Inngrep i elveløp, terrassekant og randsoner vil gje brot i samanhengen mellom kulturhistorisk utvikling og naturgitte føresetnader og bør ikkje tillatast. Inngrep i åssidene og åskammene vil påverke heile kulturområdet visuelt og bør ikkje tillatast. Kulturminnene må få ligge fritt i kulturlandskapet.</p> <p>Markagrensa i Lyseklosterdalen bør følgje avgrensing av kjerneområde landbruk slik at samanhengen mellom opne jordbruksareal og utmark er ubroten.</p> <p><i>Overordna prinsipp for utvikling:</i></p> <p>Kulturmiljøet og samanhengar mellom kulturmiljø og naturgrunnlag må ikkje brytast. Dersom omsyna over vert ivaretekne vil området framleis vere ein landskapsressurs for lokal identitet, formidling av lokal og nasjonal kulturhistorie, og for friluftsliv.</p> <p>Området nedanfor terrassekanten er mindre sårbart men inngår i ein heilskapleg akse og er knutepunktet mellom dalen og fjordlandskapet. Eventuelle tiltak må underordne seg omsyna og samanhengane skildra over.</p>		


Delområde 26 Endelausmarka



Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor- middels- liten)
<b>Landskapets innhald</b>		
Landformer og vatn	Sterkt vekslende og kupert skogsterreng med mange åsar opp mot k+150 og mellomliggende dalrom som følger Bergensbøgene i nordaust-sørvestleg retning. Tydelegaste og mest skarpskorne sprekke-dalar er Langedalen og Endeleausdalen. Myrlendt med mange små vatn og bekke-drag i dalføra, særleg i sørleg del. Sjøbøelva og Søvikelva viktigaste vassdrag.	Stor
Vegetasjon	Området er prega av tett barskog, med meir open kystfuruskog på toppane, og glissen blandingsskog i myrområda.	Stor
Arealbruk og busetnad	Skog og myr dekker heile området. Langs fv. 161 Lyseklostervegen ligg spreidd busetnad og mindre areal med dyrka mark. Store område regulert til ny E39 med kryss og næringsareal.	Middels
Kulturhistoria i landskapet	-	-
Kulturelle referansar	-	-
Romlig- estetiske forhold	Einsarta og mellomskala landskap der fellestrekket er det vekslende og kupert med mange små landskapsrom og tett skog som gjer det vanskeleg å orientere seg. Korte siktlinjer.	Stor
<b>Endrings- og vedlikehaldsprosessar</b>		
Aktive naturprosesser	Gjengroing i utmark.	Liten
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Noko skogsdrift og mindre jordbruksareal.	Liten
Bygg- og anleggsverksemd Transport	E39 mellom Os og Bergen er under bygging gjennom området. Nytt stort vegkryss og store næringsareal skal etablerast i området mellom fv. 161 Lyseklostervegen og Vinddalsvatnet, med ny lokalveg vestover mot Søvik.	Stor
<b>Samanhengar og brot</b>		
Geografiske og romlege	Samanhengande skogsområde der ny E39 bryt med eksisterande romlege strukturar og dannar nye, bygde.	Stor
Funksjonelle	Nytt vegsystem gir nye funksjonelle samanhengar i relativt urørte område.	Stor
Historiske	-	-

<b>Nøkkelement</b>		
Naturskapt nøkkelement	Kystfuruskog. Rik myr ved Ospelitjørna og Sjøbøelva. Registrert stor torvlibelle ved Ospelitjørna, pluss mange andre sjeldne arter av augestikkerar og libeller. Abbedtjørna viktig bekkedrag.	Middels – stor
Menneskeskapt nøkkelement	Ny E39.	Stor
<b>Landskapskarakter</b>		
Eit kupert og uoversiktlig skogsterreng prega av mange smale sprekkedaler. Store myrområde, tjern og bekkedrag.		
<b>Samla verdivurdering</b>		
Landskapet er einsarta med lite variasjon, men heilskapleg med karakteristiske bratte og smale sprekkedaler. <b>Middels verdi</b>		
<b>Tilrådingar for landskap</b>		
<p><i>Viktige omsyn:</i></p> <p>Vassdraga med randsoner/kantvegetasjon.</p> <p>Ny E39 og byggjeområde omkring vil endre landskapskarakter i vesentleg grad og ny arealbruk vil dominere austre del av landskapsområdet og leggje press på tilgrensande område.</p> <p><i>Overordna prinsipp for utvikling:</i></p> <p>Istandsetting av terreng og landskap kring ny E39 og byggjeområde. Sikre gode grøntkorridorar og buffersoner mellom nye byggjeområde og skogsområde.</p> <p>Unngå byggjetiltak på åskamane for å unngå / avgrense fjernverknad.</p>		

Delområde 27 Søvik - Sperrevik






Figur 4-25 Busetnad med daglegvare ved Sørstraumen.

Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor- middels- liten)
<b>Landskapets innhald</b>		
Landformer og vatn	Fjordlandskap/skrånande fjordside avgrensa av Lysefjorden/Seiasundet i vest og åsryggar i nord og aust. Lysøya som horisont og romleg dele mot Lysefjorden i vest. Variert strandsone/sjølinje med markerte nes, vikar og vågar (Leirvågneset, Bordvikneset, Vetlaneset, Sperrevik og Søvikvågen. Høgareliggande nivå på Revsåsen og Nesjaryggen, som leier innover og austover mot Endalausmarka. Søvikelva renn frå Søvikvatnet og ned til Søvikvågen. Klosterelva renn frå Lyseklosterdalen til Sørstraumen.	Stor
Vegetasjon	Avgrensa av skogsåsar nord og sør i området. Frå Sørstraumen til Søvikvågen meir opent med dyrka mark og spreidd busetnad. Mosaikkprega kulturlandskap som dannar overgangssone mellom fjorden og åslandskapet.	Middels
Arealbruk og busetnad	Samansett arealbruk med jordbruk og spreidd busetnad langs Fv 163 Søvikvegen langs fjorden gjennom delområdet. Daglegvare og post ligg ved Sørstraumen i utløpet av Lyseklosterdalen. Tett busetnad og offentlege bygg som idrettsanlegg, barne- og ungdomsskule og barnehage ligg samla på Hellebakkane, terrengmessig eitt nivå over den meir fjordnære og spreidde busetnaden. Naust i vikane og vågane, tettast i Søvikvågen.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Fleire kulturminnelokalitetar på Nordstraumen og Bordvikneset, i hovudsak krigsminnelokalitetar.	Middels til stor

	Kulturminnelokalitet på Søvikhaugane –gardstun med ulike driftsbygningar.	
Kulturelle referansar	Grensar mot Lyseklosterdalen.	Liten
Romleg- estetiske forhold	Småkupert område avgrensa av meir storforma ås- og fjordlandskap som gir eit lettlest landskapsrom. Lange siktliner mot overordna fjordlandskap og Lysøya. Sørstraumen i utløpet av Lyseklosterdalen og Søvikvågen i utløpet av Søvikelva sentrale romlege dele og del av blågrønne korridorar. Hellebakkane vender seg meir mot aust og skogsåsane i Endalausmarka.	Stor
<b>Endrings- og vedlikehaldsprosessar</b>		
Aktive naturprosessar	Havnivå og klimaendringar. Gjengroing i randsoner og i kulturmark.	Liten
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Små areal som er avhengige av å verte slått for å vare.	Middels
Bygg- og anleggsverksemd Transport	Regulerte bustadfelt på Nordstraumen strekker seg oppover mot Lyshaugane i foten av Lyshornet. Utviding av skuleområdet. Innspel om ytterlegare byggjeområde på Buena og opp mot Søvikfjellet. Fv. 163 Sperrevikvegen og Søvikvegen går gjennom området. Ny E39, byggjeområde i Endalausmarka og ny veg mellom Søvikvegen og Endalausmarka vil endre transportmønster og tyngdepunktet i byggjemønsteret på tvers av delområde.	Middels til stor
<b>Samanhengar og brot</b>		
Geografiske og romlege	Klosterelva sitt utløp i Sørstraumen står i god samanheng med Lyseklosterdalen og siktliner ut mot Lysøya. Søvikelva sitt utløp i Søvikvågen er meir dominert av Søvikvegen og vil med ny veg få store inngrep som ytterlegare bryt samanhengen mot Søvikfjellet og Søvikvatnet.	Middels
Funksjonelle	Funksjonell strandsone er avgrensa i fv. 163 i store delar av delområdet og set den i samanheng med kulturlandskapet, det gir ei brei strandsone som er ein kvalitet i delområdet. Nyare busetnad er lagt til eit høgare terreng som i større grad vender seg mot åslandskapet innafor.	Stor
Historiske	Fleire synlege kulturminne og kulturlandskap som vitnar om lang historisk kontinuitet. Står i visuell samanheng med Lysøya og Ole Bulls villa.	Middels til stor
<b>Nøkkelement</b>		

Naturskapte nøkkelement	Store gamle tre i Sperrevika. Rik edellauvskog i Sørstraumen. Klosterelva og Søvikelva.	Middels
Menneskeskapte nøkkelement	Kulturlandskap. Tunet på Søvikhaugane.	Middels til stor
<b>Landskapskarakter</b>		
<p>Kupert fjordside der åsar og haugar er karakteristisk for landskapet med skarpe søkk, skrentar og elvedalar. Strandsone med variert sjøline og markerte nes, vikar og vågar. Samansett arealbruk og busetnad med tydeleg todeling der tett nyare busetnad med bustadfelt, skule- og idrettsanlegg på ligg opp mot skogsåsane, og tradisjonelle jordbruksareal med spreidd busetnad og naust ligg langs fjorden.</p>		
<b>Samla verdivurdering</b>		
<p>Landskapsområde med mangfald og variasjon og velhalde jordbrukskulturlandskap der miljøet kring Søviktunet er sentralt. Nær samheng med Lyseklosterdalen gjennom Klosterelva sitt utløp i Sørstraumen. Visuell omgjevnad for Lysøya. <b>Stor verdi.</b></p>		
<b>Tilrådingar for landskap</b>		
<p><i>Viktige omsyn:</i></p> <p>Søviktunet og det småskala kulturlandskapet omkring er sårbart og bør ikkje byggjast inne men få ligge fritt i landskapet.</p> <p>Landskapsamhengane med Lysøya og Lyseklosterdalen med Klosterelva sitt utløp til Sørstraumen inngår i overordna verdifullt kulturlandskap og må takast vare på.</p> <p>Kantvegetasjon og randsoner i overgangane mellom fjord, bygde område, skogsåsane og langs elvene bidreg til heilskap og variasjon og er viktige for landskapskarakteren.</p> <p>Sjøbbøelva med tilhøyrande grønstruktur er eit viktig landskapselement som bør sikrast som grøntkorridor. Det er ei markert elvedal og viktig nærturkorridor.</p> <p><i>Overordna prinsipp for utvikling:</i></p> <p>Byggjeområde i åssidene av Sjøbbøhaugane, Storhaugen, Storåsen og Søvikfjellet vil vere eksponert, både mot det storskala fjordlandskapet og mot verdifulle landskapsområde som Lysøya og Lyseklosterdalen og må ikkje leggjast for høgt.</p> <p>Sikre grøntkorridorar som landskaps- og tursamband frå bygde område til skogsområde på Sjøbbøhaugane, Storåsen og Søvikfjellet, og til strandsona.</p> <p>Grøntdraget Søvikvatnet – Søvikelva – Søvikvatnet vert sterkt påverka av vegtiltak. Ytterlegare nedbygging bør unngåast, og vegtiltaket om mogleg gjevast ei grøn omramming som sikrar grøntdraget og samheng med åslandskapet innafor.</p> <p>Strandsona og samhengane med kulturlandskapet bør sikrast mot ytterlegare privatisering/nedbygging, då dette vil endre landskapskarakter og landskapskvalitetar i vesentleg grad.</p> <p>Tilpassing til terreng og vegetasjonsstruktur er viktig.</p> <p>Dersom omsyna over skal følgjast er Søvik-området tilnærma ferdig utbygt. Lysekloster senter må flyttast opp og aust og inn i det mindre sårbare delområde 26 Endelausmarka. Dvs. skilje mellom det kulturhistoriske, fjordvende Søvik, og utvikle eit nytt senterområde i landskap med høgare toleevne for større, nye strukturar. Samstundes bør det ikkje byggjast for høgt i skogsåslandskapet (Sjøbbøhaugane Storhaugen etc), då det både vil endre landskapskarakter lokalt, og få fjernverknad til meir verdifulle landskapsområde som Lyseklosterdalen og Lysøya.</p>		

Delområde 29 Drange






Figur 4-26 Bilde til venstre sett frå Drangneset mot Vassvikatangen og Løholmen. Bilde til høgre frå Balland.

Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor- middels- liten)
<b>Landskapets innhald</b>		
Landformer og vatn	Strandflate med fleire halvøyer og nes som streker seg som ei hand frå foten av Drangsfjellet (delområde 30 Ulvenfjellet) og ut i Lysefjorden. Utanfor fastlandet ligg fleire mindre øyer og holmar. Lysøysundet, Ytredrangsvågen og Skotøysundet skjer seg inn mellom nesa og gir ei oppbroten strandsone. Terrenget er småkupert, høgste punkt på Drangneset opp mot 125 moh.	Stor
Vegetasjon	Grunnlendt terreng gir glissen kystfuruskog i ytre delar mot Lysefjorden. Open, mosaikkprega kulturmark på Drange går over i blandingskog i overgangssona mot Drangsfjellet.	Middels
Arealbruk og busetnad	Skog dominerer. Dyrka mark på Drange/Ytre Drange og i Eidsvika. Spreidd busetnad på Drange. Ytre delar dominert av hytter. Regulert hyttefelt på Drangneset. Spreidde næringsareal. Drange bruk i Ytredrangsvågen. Fv. 163 Drangsvegen går gjennom området.	Middels
Kulturhistoria i landskapet	Registrerte kulturminne langs Skotøysundet. Fleire SEFRAK-registrerte bygningar, flest i Eidsvika.	Liten
Kulturelle referansar	-	-
Romleg- estetiske forhold	Storskala nes ut mot Lysefjorden og opne fjordmøte som er oppdelt av mange vågar og sund som dannar mindre landskapsrom og gjer landskapet vanskeleg å lese, men samstundes variert og mangfaldig.	Stor
<b>Endrings- og vedlikehaldsprosessar</b>		

Aktive naturprosesser	Havnivå og klimaendringar. Gjengroing i kulturmark og utmark.	Liten
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Mindre jordbruksareal, avhengig av aktiv drift for ikkje å gro att.	Middels
Bygg- og anleggsverksemd Transport	Lite framtrekande i landskapet i dag. Innspel om store nye byggjeområde på Drange og utover Drangneset.	Liten
<b>Samanhengar og brot</b>		
Geografiske og romlege	Landskapsområdet er ein del av det samanhengande øy, holme og skjergardslandskapet i ytre del mot Lysefjorden.	Stor
Funksjonelle	Skogsåsane innafor har danna grunnlaget for Drange bruk og Os bygdesag.	Liten
Historiske	-	Liten-
<b>Nøkkelement</b>		
Naturskapte nøkkelement	Kubbholmen er naturreservat for sjøfugl. To mindre lokaliteter med regnskog og en forekomst med rik edellauvskog (Fjærhovda) ved Drange.	Liten
Menneskeskapte nøkkelement	-	-
<b>Landskapskarakter</b>		
<p>Nærleiken til Lysefjorden og det storskala fjordmøtet med Korsfjorden pregar halvøyene som stikk ut i fjorden, medan området elles er småskala og lite eksponert med korte siktliner. Ytre delar av området er prega av hytter, medan indre delar er prega av skog og jordbrukskulturlandskap. Vekslande og variert der arealbruken står i godt samspel med naturgrunnlaget.</p>		
<b>Samla verdivurdering</b>		
<p>Stor variasjon i terrengformer og vegetasjon, veksling mellom ope storskala fjordlandskap og småskala sund, våger og Lysefjorden dannar eit komplekst og opplevingsrikt landskap. <b>Stor verdi</b></p>		
<b>Tilrådingar for landskap</b>		
<p><i>Viktige omsyn:</i>          Variasjonen i landskapsformer, terreng og vegetasjon er viktig for heilskapen. Eventuell utbygging må ta vare på møtet med kulturlandskap og strandsone og sikre gode overgangssoner.</p> <p><i>Overordna prinsipp for utvikling:</i>          Strandsone og høgdedrag som er eksponerte mot overordna landskapsamenhengar bør haldast fri for meir bygging. I det småskala landskapet er skala og terrengtilpassing viktig for å ta vare på omsyna over.</p>		


Delområde 30 Ulvenfjellet



Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor- middels- liten)
<b>Landskapets innhald</b>		
Landformer og vatn	Fjellområde samansett av fleire skogsåsar der Ulvenfjellet er det høgaste med 316 moh. etterfulgt av Vardafjellet på 305 moh. Kupert terreng på åsflata, høgder, trange og bratte dalar med bekkeløp og vatn. Svært bratt fjellsida ned mot Søvikvatnet i nord. Strekker seg heilt til fjorden i sørvest mot Strøno.	Stor
Vegetasjon	Tett blandingsskog og kystfuruskog i heile området. Til dels skrinns furuskog mot toppane, myrlendt i søkk. I foten av skogsåsane overgangssoner med blandingsskog og lauvskog mot bygde område og kulturlandskap.	Stor
Arealbruk og busetnad	Skog dekker arealet. Store deler er registrert som lokalt friluftslivsområde. Hovlandsvatnet turområde Turstiar frå alle sider unntatt den bratte nordsida. På Brekkekampen mot Hagavik er det byggjefelt oppover fjellsida.	Liten
Kulturhistoria i landskapet	-	-
Kulturelle referansar	-	-
Romlig- estetiske forhold	Markert og veldefinert skogsås som dannar «bakveggen» for lågareliggande område frå Hagavik i sør til Søvikvågen i vest, og har fjernverknad langt utover dette.	Stor
<b>Endrings- og vedlikehaldsprosessar</b>		
Aktive naturprosessar	Gjengroing i utmark og randsoner.	Liten
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Avgrensa aktivitet.	Liten
Bygg- og anleggsverksemd Transport	Ingen aktive prosessar per i dag. Innspel om nye byggeområde i foten av fjellet mot Søvik og Hagavik/Hovland. Anleggsveg til Hovlandsvatnet.	Liten
<b>Samanhengar og brot</b>		
Geografiske og romlege	Ulvenfjellet både skil og skapar landskapsmessig samanheng mellom dei lågare landskapsområda omkring, og utgjer ein sentral del av dei indre skogsåsane som kjenneteiknar kommunen. Ubrotten samanhengande skog frå fjord til fjell i sundet mot Strøno.	Stor

Funksjonelle	Skogsområda og toppane er saman med god tilknytning til bygde område omkring utgangspunkt for friluftsbuiken.	Middels
Historiske	-	-
<b>Nøkkeelement</b>		
Naturskapte nøkkeelement	Ulvenfjellet er eit landemerke. Regnskoglokalitet i Gjeldet.	Middels
Menneskeskapte nøkkeelement	-	-
<b>Landskapskarakter</b>		
Skogkledd og kupert fjellparti med fleire toppar som er eksponert landemerke og dannar romleg avgrensing for landskapsområda omkring. Mot nord avsluttes fjellet av en meget bratt og steil fjellvegg mot Søvikvatnet og Ulven.		
<b>Samla verdivurdering</b>		
Ulvenfjellet er karakteristisk for skogsåslandskapet i overgangen mellom kysten og det indre kystfjelllandskapet. <b>Middels verdi</b>		
<b>Tilrådingar for landskap</b>		
<p><i>Viktige omsyn:</i></p> <p>Heilskapleg og samanhengande skogsås som har fjernverknad ut over dei nærast tilgrensande landskapområda.</p> <p><i>Overordna prinsipp for utvikling:</i></p> <p>Landskapsområdet ligg mellom utviklingsområde i Endelausmarka og nærsentra Lysefjorden og Nore Neset, og har potensial for auka friluftsbuik. Ta vare på overgangssoner og grøntstrukturar som fungerer som grøntkorridorar ut i friluftsområder.</p> <p>Nye byggjeområde bør ikkje leggest innanfor avgrensinga av delområdet av omsyn til fjernverknad. Eksponerte åskammar bør haldast inngrepsfrie.</p>		

Delområde 31 Nore Neset



Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor- middels- liten)
<b>Landskapets innhald</b>		
Landformer og vatn	Del av landskapet som omkransar Skeisosen, eit veldefinert indre fjordbasseng omkransa av skogsåsar. Nore Neset er prega av småkupert terreng avgrensa av Skeisosen i vest, Liafjellet i aust, Vardafjellet og Ulvenfjellet i nord. Døsjaelva renn frå foten av Liafjellet i ein ravedal og ut i Skeisleira. Område er prega av store myrområde, bl.a. Skeismyrane.	Stor
Vegetasjon	Mosaikkprega og variert vegetasjonsbilete. Lauvskog og blandingsskog langs Døsjaelva og i randsoner mot myrer. Dyrka mark. Mindre felt med barskog spreidd i bustadområde. Større felt av barskog mot skogsåsane Liafjellet og på Hovereio.	Middels til stor
Arealbruk og busetnad	Veksling mellom jordbruk og spreidd bustader/fritidsbustader, og tettstad med offentlege bygg (barne- og ungdomsskule, barnehagar, næring- og servicebusetnad, kyrkje), og tette bustadfelt, Gardsbruk og gartneri omgitt av jordbruksareal med eng og beite i nord og sør. Jordbruksareala inngår i kjerneområde landbruk mellom kyrkja og Strønevegen (gartneriet) og i overgangen mot Skeie og Sævoll.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Gravfelt med fleire gravhaugar på Døso (Skeie). Opne kulturlandskap og beite.	Middels
Kulturelle referansar	Lokale møteplassar som skule, idrettsanlegg mm.	Liten til middels
Romleg- estetiske forhold	Tydeleg avgrensa av skogkledd dalsider med Vardafjellet og Ulvenfjellet i nord og Liafjellet i aust. Ope horisontlinje mot vest (Skeisosen) og mot sør. Døsjaelva sitt forløp og randsoner er tydeleg også romleg langs foten av Liafjellet, men det er elles lite visuell kontakt med Døsjaelva pga. den smale ravedalen og tett vegetasjon. Hovereio er romleg dele og overgangssone mellom Nore Neset, kulturlandskapet på Skeie og øylandskapet i Søre Øyane.	Middels
<b>Endrings- og vedlikehaldsprosessar</b>		
Aktive naturprosessar	Kvikkleire. Gjengroing i ravedalen og i kulturmark. Døsjaelva si graving i ravedalen.	Liten til middels
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Kjerneområde landbruk er avhengig av aktiv drift for å halde kulturlandskapet i hevd. Utbyggingspress i områda.	Middels

Bygg- og anleggsverksemd Transport	Det pågår bustadbygging på Skeismyra sør for skuleområdet. Fleire innspel om nye byggjeområde både innafør delområdet og i overgangane mot tilgrensande delområde.	Middels
<b>Samanhengar og brot</b>		
Geografiske og romlege	Inngår i heilskapleg landskapsrom kring Skeisosen. Døsjaelva ligg i samanhengande grøntkorridor langs Liafjellet og vidare i ravinedal mot utløp i Skeisleira.	Middels
Funksjonelle	Kjerneområde landbruk og samanhengande kulturlandskap Skeie-Særvoll. Kjerneområde landbruk nord for kyrkja er iferd med å verte omkransa av bygde areal og miste landskapsamanhengar mot fjordlandskap og åslandskap. Nye forretningsbygg/butikk plassert ved Ulvenvegen i overgangen mot Ulvensletta bryt med samlinga av tenesteyting kring skulen og kyrkja.	Stor
Historiske	-	
<b>Nøkkelement</b>		
Naturskapte nøkkelement	Irgenstjørna er registrert som viktig naturtype: Rik kulturlandskapsjø.	Liten
Menneskeskapte nøkkelement	Nore Neset kyrkje med gravplass. Lyssand gartneri.	Liten til middels
<b>Landskapskarakter</b>		
Landskapsområde prega av samansett arealbruk og busetnad, i ferd med å utvikle seg frå spreidd bygd landbruksområde til tettstad. Del av overordna landskapsrom kring Skeisosen, omgitt av skogsåsar, men området ligg småkupert, lite eksponert og nokså skjerma i det store landskapet.. Tettstad med bl.a. skule- og idrettsanlegg, kyrkje, næringsbygg.		
<b>Samla verdivurdering</b>		
Landskapsområdet inngår i eit tydeleg avgrensa landskapsrom typisk for indre skogsåsar og fjordbasseng i overgangen mot kysten. Arealbruken er samansett og variert. <b>Middels verdi</b>		
<b>Tilrådingar for landskap</b>		
<p><i>Viktige omsyn:</i> Døsjaelva med randsoner/kantvegetasjon. Bør vere markagrense mot Liafjellet. Nye byggjetiltak bør ikkje leggest oppover i åssidene der dei vert eksponert i det store landskapet.</p> <p><i>Overordna prinsipp for utvikling:</i> Fortetting i eksisterande byggjeområde der ein sikrar blågrønne strukturar som knyter området til landskapet omkring. Tilpassing til landskap og vegetasjonsstrukturar. Fastsetting av byggjegrense mot skogsåsane (markagrense) og grense mot kjerneområde landbruk. Døsjaelva sitt meanderande forløp og ravinedal er eit viktig landskapselement som bør sikrast mot terreng- og vegetasjonsinngrep med brei grøntkorridor. Om mogleg framheve grøntdraget.</p>		


På Skeie ligg Døsjaelva i kjerneområde landbruk og inngår i eit større kulturlandskap. Dette kjerneområdet ligg i nær samanheng med kjerneområde i delområde 39 Særvoll – Lunde og er viktigare for landskapssamanhengane enn kjerneområdet lengre nord.

Det må sikrast grøntkorridorar med tilgjenge frå bygde område til grøntområde langs Døsjaelva, skogsområde på Liafjellet og Vardafjellet (Ulvenfjellet) og til utmarka/ nærturområde på Hovereio. Strandsona er halde utanfor delområde Nore Neset, og er omtalt under delområde 32 Skeisosen. Det må sikrast grøntkorridorar og randsoner som sikrar gode landskapsmessige overgangar mellom senterområdet og strandsona.

Den skogkledde Hovereio er både romleg dele/landskapsform og overgangssone i vegetasjonsbiletet. Bør unngå nedbygging som endrar romlege forhold og viske ut/flate ut overgangen mellom senterområde, kulturlandskap og øylandskap med strandsone.

Busetnad i lisdene til Liafjellet, Vardafjellet og Ulvefjellet vil vere eksponert, spesielt frå Skeisosen. Sikring av markagrensa er viktig for å ta vare på landskapskarakter.

Delområde 32 Skeisosen





Figur 4-27 Skeisosen sett frå Askvik.

Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor- middels- liten)
<b>Landskapets innhald</b>		
Landformer og vatn	Indre fjordbasseng med øyer og holmar omkransa av skogsåsar med Strøno i vest, Ulvenfjellet og Liafjellet i aust, og Lepsøy i sør. Oppbrotten kystlinje med mange nes, vågar og viker.	Stor
Vegetasjon	Veksling mellom skogkledde øyer og holmar med furuskog heilt i strandsona, til kulturmark med mosaikkpreg i veksling mellom open dyrka mark og kantvegetasjon med lauvskog. Parkvegetasjon ved Kysthospitalet.	Middels
Arealbruk og busetnad	Vestsida av osen mot Strøno i hovudsak skogsprega, medan nordlege og austlege delar er prega av veksling mellom ubygde, spreidd bygde og tettbygde område på Askvik, Hagavik og Nore Neset. Variert arealbruk med bustader, hytter, næring, naust og småbåthamner. Noko jordbruksareal på Askvik. Kysthospitalet med parkområde.	Middels til stor
Kulturhistoria i landskapet	Fleire kulturminnelokalitetar: Kysthospitalet i Hagavik med opparbeida park, ei eldre kraftstasjon og nyare kapell. Fleire krigsminnelokalitetar i Hagavik. Askviknes Voksenpsykiatrisk senter, gravrøyser frå jernalder på Askvikneset og Askvikholmen. Busetting-aktivitetsområde frå jernalder på Ravneberget. Gravrøyser frå eldre jernalder på Geitarøya og på Hjelthamn (Lepsøy), og i Kvernavika på Strøno. Fleire SEFRAK- registrerte bygg i hovudsak på Askvikneset og Geitarøya.	Middels- stor
Kulturelle referansar	Kysthospitalet i Hagavik. Askviknes barneheim.	Stor

Romleg- estetiske forhold	Veldefinert og tydelig avgrensa fjordbasseng som gir eit lettlest landskapsrom. Arealbruken er eksponert mot fjorden og har betydeleg influens på landskapskarakteren. Busetnad på Brekkekampen opp mot Ulvenfjellet i delområde 36 er trekt oppover skogsåsen og har betydeleg fjernverknad i Skeisosen.	Stor
<b>Endrings- og vedlikehaldsprosessar</b>		
Aktive naturprosessar	Havnivå og klimaendringar. Gjengroing i kulturmark og overgangssoner.	Liten
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Avgrensa bruk.	Liten
Bygg- og anleggsverksemd Transport	Avgrensa aktivitet per i dag, men press særleg på strandsona, for bustader, fritidsbustader og naust. Innspel om nye byggjeområde lengst søraust ved Hovereio og Lepsøyvegen.	Liten
<b>Samanhengar og brot</b>		
Geografiske og romlege	Knytt til Lysefjorden gjennom sundet Krokane i nord, og til Bjørnafjorden gjennom Lepsøyosen, Strøneosen og Bjørnarøyosen i sør og vest. Lange strekk med tilnærma naturleg strandsoner.	Stor
Funksjonelle	Fv. 160 Strønevegen er vegsamband til Hagavik, Askvik og Strøno.	Liten
Historiske	Det første kysthospitalet stod ferdig i 1893.	Liten til middels
<b>Nøkkelement</b>		
Naturskapte nøkkelement	Rik edellauvskog i Storumsvågen. Sørvendte berg og rasmarker ved Austre Hølen. Rik sump- og kildskog ved Strussvågen på Lepsøy.	Liten
Menneskeskapte nøkkelement	Kysthospitalet.	Middels
<b>Landskapskarakter</b>		
Tydeleg avgrensa indre basseng omkransa av skogsåsar. Oppbroten kystlinje med nes, våger og viker. Smalsund i vest. Veksling mellom urørte og bygde områder. Blanda arealbruk med bustader, hytter, jordbruk, næring, naust og småbåthamner, samt Kysthospitalet med parkområde som landemerke ved fjorden.		
<b>Samla verdivurdering</b>		
Delområdet er eit tydeleg avgrensa landskapsrom med stor heilskap, lange strekk med naturleg strandsoner, og stort mangfald og variasjon. <b>Stor verdi.</b>		
<b>Tilrådingar for landskap</b>		
<p><i>Viktige omsyn:</i></p> <p>Heilskapen i landform og strandsoner.</p> <p>Parklandskap og kulturminne på Hagavik og Kysthospitalet.</p>		

Fjernverknad av arealbruk i landskapsrommet sine kantar og bakanforliggende romlege avgrensing.

*Overordna prinsipp for utvikling:*

Nye byggjeområde bør leggest i tilknytning til eksisterande byggjeområde, og sikrast grøntstrukturar som gir overgangssoner og samanhengar med skog og strandsoner. Byggjeområde bør ikkje leggest for høgt eller i strandsona, og vurdering av fjernverknad av nye tiltak for både landskap og eksisterande kulturmiljø må inngå.

Delområde 33 Forstrøno - Skorpo



Forhold ved landskapet/ Landskapets innhold	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor- middels- n)
<b>Landskapets innhald</b>		
Landformer og vatn	Øy- holme- og skjergardslandskap kring Skorpeosen, omkransa av vestsida av Strøno og av Skorpo og Forstrøno som dei største øyene. Mange mindre øyer og holmar. Skorpo har høyder opp mot 60 moh, de øvrige er lave mot vannskorpen. Det smale Forstrønosedet og Forstrøno ligg mellom Strøno og Skorpeosen. På øyene er det mange lune og langgrunne vikar og sund i veksling med bratte svaberg i strandsona.	Stor
Vegetasjon	Øyene er skogkledd med furu som dominerende treslag. På Nordstrøno og Forstrøno mindre område med ein mosaikk av opne kulturmarker med randvegetasjon av lauvskog.	Middels til stor
Arealbruk og busetnad	Skog dominerer. Spreidd busetnad på Nordstrøno, enkelte gardsbruk og skule. Regulerte bustadfelt på Nordstrøno. På øyene er det elles i hovudsak fritidsbusetnad. Mange naust i strandsona. Store område i sørleg del inngår i statleg sikra friluftsområde Ervikane og Skorpo.	Middels
Kulturhistoria i landskapet	Kulturminnefunn i strandsona på Strøno, i Ternevågen på Skorpo, på Forstrøno og Storeknappen. SEFRAK-registrerte bygningar på Nordstrøno.	Liten
Kulturelle referansar	Nordstrøno kai. Ervikane.	Liten
Romleg- estetiske forhold	Mange øyer og holmar avskilt med smale og vide sund gir stor variasjon og mangfald. Strandsona med vikar, langgrunne bukter og steile svaberg.	Stor
<b>Endrings- og vedlikehaldsprosessar</b>		
Aktive naturprosessar	Havnivå og klimaendringar. Gjengroing i overgangssoner mellom innmark og utmark.	Middels
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	-	-
Bygg- og anleggsverksemd Transport	Lite framtrekkande i landskapet per i dag, men stor press både for nye bustadområde og fritidsbusetnad, med innspel om nye byggeområde.	Middels
<b>Samanhengar og brot</b>		

Geografiske og romlege	Inngår i øy, holme og skjergardslandskapet i ytre del av kommunen. Store samanhengande urørte skogsområde og strandsoner. Orientert vestover mot store fjordmøte.	Stor
Funksjonelle	Heilskap og variasjonsrikdom som gjer området særleg attraktivt for friluftsliv.	Stor
Historiske	Kulturminna og historisk kontinuitet er lite leseleg i landskapet, med unntak av kulturlandskapet på Nordstrøno og Forstrøno.	Liten
<b>Nøkkeelement</b>		
Naturskapte nøkkeelement	Fleire bløtbunnsområder i strandsonen sør på Strøno, Forstrøno og Storeknappen. Ein forekomst med regnskog på Storknappen. Dei ytste øyene er inngrepsfrie naturområde INON.	Liten
Menneskeskapte nøkkeelement	-	-
<b>Landskapskarakter</b>		
Øyrike med store og små øyer, holmar og skjer som er tett skogkledde, ofte heilt til sjøen. Strandsoner med sund og vikar, langgrunne strender og bratte svaberg. Strekingar med naustmiljø. Spreidd busetnad og fritidsbusetnad pregar særleg Nordstrøno.		
<b>Samla verdivurdering</b>		
Eit spennande og mangfaldig landskap ut mot store fjordmøte og Austevoll i vest. Strandsona er særleg variert med lune vikar med sandstrender, svaberg, tett vegetasjon og områder med naust og fritidsbusetnad. <b>Stor verdi.</b>		
<b>Tilrådingar for landskap</b>		
<p><i>Viktige omsyn:</i></p> <p>Nye byggjeområde vil påverke karaktertrekka med tilnærma urørt strandsoner og samanhengande skogsområde som ligg til grunn for kvaliteten som større, samanhengande friluftsområde, og som er viktig ramme om landskapsopplevinga sett frå sjø.</p> <p>Den særmerkte strandsona med skog heilt ned bør takast vare på. Sørleg del med Ervikane og landskapet omkring er særleg eksponert og sårbar.</p> <p>INON-område.</p> <p><i>Overordna prinsipp for utvikling:</i></p> <p>Landskapskvalitetane i området bør sikrast som grunnlag for større, samanhengande friluftsområde for allment tilgjenge.</p> <p>Ev. nye byggjeområde bør leggest i tilknytning til eksisterande byggjeområde på Nordstrøno, og sikrast grøntstrukturar som gir overgangssoner og samanhengar med skog og strandsoner. Byggjeområde bør ikkje leggest for høgt, vurdering av fjernverknad må inngå.</p>		

Delområde 34 Strøno






Figur 4-28 Strøno og Storfjellet sett frå Røtinga

Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor- middels- liten)
<b>Landskapets innhald</b>		
Landformer og vatn	Området omfattar sentrale og søraustre delar av ei større øy i øy, holme og skjergardslandskapet som karakteriserer ytre del av kommunen. Terrenget stig i ein tydeleg, rund åsform opp mot 208 moh. midt på øya. Markerte sprekkedalar med bekkedrag går på tvers over øya. Vendt mot indre fjordbasseng og osane Skeisosen, Lepsøyosen og Strøneosen i aust, og mot Skorposen i vest.	Stor
Vegetasjon	Øya er karakterisert av tett skog med stort innslag av furu. Mindre areal med open kulturmark på Sørstrøno. Lauvskog i randsoner mot kulturmark og langs bekkedrag.	Stor
Arealbruk og busetnad	Arealet er skogkledd med unntak av eit lite jordbruksareal og spreidd busetnad på Sørstrøno. Sørvest på øyen er Ervikane statleg sikra friluftsområde som er mykje brukt.	Liten til middels
Kulturhistoria i landskapet	Fleire registrerte kulturminne i skogsåsen. To SEFRAK-registrerte bygningar på Sørstrøno.	Liten
Kulturelle referansar	-	-
Romleg- estetiske forhold	Skogsåsen dominerer landskapsformen med stor samanheng og heilskap. Variert strandsone med viker, holmar og skjer, særleg i sør. Der skogen opnar seg er det visuell kontakt med fjordlandskapet.	Stor

Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosesser	Gjengroing. Havnivå og klimaendringar.	Liten
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Lite framtreddande i landskapet.	Liten
Bygg- og anleggsverksemd Transport	Lite framtreddande i landskapet per i dag, men stor press både for nye bustadområde og fritidsbusetnad. Større regulerte bustadområde på Nordstrøno, mindre felt på Sørstrøno. Strøno er knytt til fastlandet i bru nord for Skeisosen.	Liten
Samanhengar og brot		
Geografiske og romlege	Inngår i øy, holme og skjergardslandskapet i ytre del av kommunen. Samanhengande skogsområde. Sørstrøno er landskapsmessig orientert meir mot Søre Øyane enn mot resten av Strøno.	Stor
Funksjonelle	Skogen og strandsona er utgangspunkt for friluftsliv i området.	Middels til stor
Historiske	Kulturminna er lite synlege i landskapet.	Liten
Nøkkelement		
Naturskapte nøkkelement	Kystfuruskog heilt ned til sjøen. Fleire spreidde lokalitetar med regnskog. Ein lokalitet med kystbekkekløft. Kystskriftlav. I Lepsøyosen og på Langøya er det fleire naturreservat for sjøfugl.	Middels til stor
Menneskeskapte nøkkelement	-	-
Landskapskarakter		
Strøno er ei karakteristisk skogkledd øy der furu dominerer vegetasjonsbildet. Strandsonen er prega av ein smal og bratt brem med svaberg, der det veks skog nesten heilt til sjøen. Spreidd busetnad på Sørstrøno meir vendt mot Søre Øyane.		
Samla verdivurdering		
Landskap og vegetasjon er heilskapleg og einsarta og karakteristisk for øy- holme- og skjergardslandskapet i kommunen. <b>Middels verdi.</b>		
Tilrådingar for landskap		
<p><i>Viktige omsyn:</i></p> <p>Nye byggeområde vil påverke karaktertrekka med tilnærma urørt strandsonen og samanhengande skogsområde som ligg til grunn for kvaliteten som større, samanhengande friluftsområde, og som er viktig ramme om landskapsopplevinga sett frå sjø.</p> <p>Den særmerkte strandsona med skog heilt ned bør takast vare på.</p> <p>Sørspissen av øya er særleg eksponert og sårbar.</p> <p><i>Overordna prinsipp for utvikling:</i></p> <p>Landskapskvalitetane i området bør sikrast som grunnlag for større, samanhengande friluftsområde for allment tilgjenge.</p>		

Nye byggjeområde bør leggest i tilknytning til eksisterande byggjeområde på Sørstrøno, og sikrast grøntstrukturar som gir overgangssoner og samanhengar med skog og strandsone. Byggjeområde bør ikkje leggest for høgt, vurdering av fjernverknad må inngå.

Delområde 35 Søre Øyane





Figur 4-29 Bru som binder saman Søre Øyane med Lepsøy, sett frå Vedholmen kai.

Forhold ved landskapet/ Landskapets innhold	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor- middels- liten)
<b>Landskapets innhald</b>		
Landformer og vatn	Øy- og skjergardslandskap i overgangen mellom open storfjord Bjørnafjorden, Skeisosane og Bjørnarøyosen. Lågt relieff med terreng under 25 meter. Oppdelt og småskala strandsone med mange vikar, smale vågar og sund som følgjer retningane i ytre Bergensbogane.	Stor
Vegetasjon	Småskala kulturlandskap med mosaikk av opne enger og små skogsbelte/randsoner av lauvskog. Utmark er skogkledd med blandingsskog/kystfuruskog.	Middels
Arealbruk og busetnad	Senterområde med spreidd busetnad i jordbrukskulturlandskap, butikk, skule, barnehage etc. Nyare felt er tettare. Naust og kaianlegg, både privatiserte og meir allment tilgjengelege.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Kulturlandskap, naust, kaianlegg mm. Mange SEFRAK-registrete bygg. Røtinga fort på Sundøytangen og tysk fangeleir på Lepsøy (krigsminne).	Middels til stor
Kulturelle referansar	Krigsminne.	Liten til middels
Romleg- estetiske forhold	Stor kontrast mellom høgdedrag og opne siktliner til det overordna og storskala storfjordlandskapet, og mange mindre landskapsrom i vågar, sund og vikar gjer landskapet romleg innhaldsrikt og variert.	Stor

<b>Endrings- og vedlikehaldsprosessar</b>		
Aktive naturprosesser	Kulturlandskap i gjengroing. Havnivå og klimaendringar.	Liten til middels.
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Akvakultur, fiske. I liten grad jordbruk, småskala areal som er gått ut av drift.	Liten til middels
Bygg- og anleggsverksemd Transport	Fleire innspel om nye byggjeområde på Røtinga, både som fortetting innafor eksisterande byggjesone / grøntstruktur, og i ubygde område på Sundøytangen. Regulert småbåthamn i Toreidpollen. E39 i bru frå Tysnes vil kome i land på Røtinga og gå i tunnel under Søre øyane. Gang og sykkelveg skal gå på eksisterande vegnett.	Middels til stor
<b>Samanheng og brot</b>		
Geografiske og romlege	Området ligg heilt ytst i Ytre Bergensbogene. Det låge terrenget og dei smale sunda gir visuell kontakt melom øyane og bind dei saman til ein heilskap.	Stor
Funksjonelle	Øyane er bundne saman med bruer over sunda. Og dannar grunnlaget for moderne busetnad. Samanhengande busetnad frå Lepsøya til Røtinga. Tidlegare jordbruk og sjøbruk tilpassa dei naturgitte forholda med småskala strukturar. Nyare bygg og byggefelt bryt med eldre byggeskikk ved å leggje seg på terrenghøgden i staden for i søkka. Gir større inngrep og vert eksponert i det opne landskapet.	Stor
Historiske	Busetnad og kulturlandskap vitnar om lang tids bruk av landskapet. Mange historiske bygg og andre kulturminne gjer området historisk leseleg.	Middels til stor
<b>Nøkkelement</b>		
Naturskapte nøkkelement	Sprekkedalar, vågar, osar og sund. Syndøytangen, rik sum- og kildeskog. Skitnavågen. Rik edellauvskog.	Stor
Menneskeskapte nøkkelement	Bruene som knyter øyriket saman. Vedholmen kai.	Middels
<b>Landskapskarakter</b>		
<p>Ope skjergardslandskap ut mot Bjørnafjorden sterkt prega av vekslinga mellom det småskala og storskala landskapet. Små øyer som er bundne saman av veg som gir grunnlag for moderne busetnad og opplevinga av «øyhopping». Oppdelt og småskala strandsone med mange sund, vikar og smale vågar som skjer inn i terrenget. Jordbrukslandskapet med småskala spreidd busetnad. Småskala, tett busetnad med bustader, fritidsbustader, barnehage, skule- og idrettsanlegg. Visuell kontakt med sjø tilnærma alle stader.</p>		
<b>Samla verdivurdering</b>		

Tettstad med småskala busetnad og kulturlandskap i overgangen mellom skjergard og ope fjordlandskap. Ope landskap med visuell kontakt med sjø tilnærma alle stader. **Middels verdi.**

#### Tilrådingar for landskap

##### *Viktige omsyn:*

Den karakteristiske småskala landskapskarakteren bør vernast om.

Store delar av strandsona er privatisert, bør sikre allment tilgjenge i størst mogleg grad.

Ytre del, og særleg tangane på kvar side av Vestrevågen, er del av overordna fjordlandskap og eksponert mot open fjord. Bør ikkje byggast ytterlegare ned.

Karakteristiske daldrag / grøntkorridorar som bør oppretthalde grøntformål: daldrag frå Vestrevågen og til vågen ved Sundøyhagen, daldrag frå Skitnevågen til Gjelevika.


##### *Overordna prinsipp for utvikling:*

Dersom omsyna over skal følgjast er det lite tilgjengeleg areal for nye byggjeområde i Søre Øyane. Fortetting innanfor dagens byggjesone må gjerast varsamt og i mindre skala, med tilpassing til terreng og grøntstrukturar. Sundøytangen og Røtingatangen bør vere ei ytre sone utan ytterlegare fortetting.

Den småskala karakteren er mindre framtrødande på Lepsøya, som dermed er mindre sårbar for endring enn øyane utanfor. Skitnedalen kan vere ei naturleg avgrensing for utviding av byggjesona på Lepsøya. Det er mogleg å sjå for seg ei indre sone på Sundøya og Bruarøya, med tett utnytting på begge sider av sundet, utan at det vil endre landskapskarakteren.

Ved tiltak i strandsona bør det stillast strenge krav til omfang og utforming av terrenginngrep, og strandsona må som hovudregel vere allment tilgjengeleg.

Delområde 36 Innerøy - Gulholmane






Figur 4-30 Skjerholmen, Ramsholmen, Halhjemsøya og Innerøya sett frå Halhjem.

Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor- middels- liten)
<b>Landskapets innhald</b>		
Landformer og vatn	Landskapet sør i Os ut mot Bjørnafjorden er eit mylder av øyar, holmar og skjær. Terrenget er lågt, stort sett under 25 meter, men med høgste punkt opp mot 50 meter på Røtinga. Strandsonen er flikete med mange vikar, vågar, sund og osar som følgjer sprekkedalsystemet som er typisk for ytre Bergensbøygane.	Stor
Vegetasjon	Øyane er skogkledd med hovudvekt på kystfuruskog.	Stor
Arealbruk og busetnad	Skog og sjø. Øyane og skjergarden er viktig lokalt og regionalt friluftsområde. Spreidde hytter, naust og småbåtbyggjar i strandsona. Tettare, regulerte hyttefelt på Ramsholmen og Ytterøya. Inngrepsfrie naturområde (INON) på Gulholmane, Ytterøya, Kuhlolmen og Kolneset.	Middels
Kulturhistoria i landskapet	SEFRAK-registrerte bygningar på Bjørnarøy. Kulturminne knytt til handels- og gjestgjevarstaden Kvalessund frå 1700-talet.	Middels
Kulturelle referansar	Gjestgjevarstaden Kvalessund. Ferdselsruter til sjøs.	Middels
Romleg- estetiske forhold	Området har stor variasjonsrikdom i mange sund, osar og vikar som dannar mindre landskapsrom mellom øyar, holmar og skjær. Samspel og variasjon mellom småskala skjergardslandskap og vid storfjord. Kvalessundet har særlege kvalitetar.	Stor
<b>Endrings- og vedlikehaldsprosessar</b>		
Aktive naturprosessar	Havnivå og klimaendringar.	Liten
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	-	-

Bygg- og anleggsverksemd Transport	Tomter gjort klar for bygging i hyttefelt på Ytterøya. Ny E39 Stord – Os vil få ilandføring av bru over Gulholmane til Røtinga og vil verte nytt dominerande landskapselement vest i området. Stort utbyggingspress og innspel om store nye hytteområde både i tilknytning til eksisterande felt på Ytterøya og Ramsholmen, og i meir «urørte» område på Innerøya og Haljemsøya.	Stor
<b>Samanheng og brot</b>		
Geografiske og romlege	Heilskapleg skjergardslandskap der osar og sund både skil og bind saman øyar og holmar. I hovudsak naturprega.	Stor
Funksjonelle	Øyene er ikkje landfaste og sund og osar dannar funksjonelle samband. Heilskap og variasjonsrikdom som gjer området særleg attraktivt for friluftsliv.	Stor
Historiske	Leia gjennom Kvalessundet.	Middels.
<b>Nøkkelement</b>		
Naturskapte nøkkelement	Førekomstar av rik sump- og kildeskog, strandeng og strandsump, ålegrassamfunn, kalkskog, regnskog og berg og rasmark.	Liten til middels
Menneskeskapte nøkkelement	Kvalessundet gjestgivarstad.	Liten til middels
<b>Landskapskarakter</b>		
Mange furukledde øyar, holmar og skjer med strøkretning som følgjer ytre Bergensbogane i retning nordaust-sørvest. Mellom øyene er sund og viker. Øyene har tett og frodig furuskog, som går like ned til sjøen. Enkelte grunne viker. Fritidsbusetnad på Ytterøya og Ramsholmen og elles noko spreidd er underordna naturpreget.		
<b>Samla verdivurdering</b>		
Skjergardslandskapet med stor variasjonsrikdom og heilskap med mange øyer, holmar og skjer avskilt med sund og viker. <b>Stor verdi</b>		
<b>Tilrådingar for landskap</b>		
<p><i>Viktige omsyn:</i></p> <p>Ytterlegare utbygging vil påverke karaktertrekk som tilnærma urørt strandsone og samanhengande skogsområde som ligg til grunn for kvaliteten som større, samanhengande friluftsområde, inkl. kontrastane i vekslinga mellom småskala skjergardslandskap og utsyn storslått fjordlandskap.</p> <p>Kvalessundet som ferdselsåre og kulturlandskap må sikrast inkl. vegetasjon og brattkant som gir romleg avgrensing av sundet.</p> <p><i>Overordna prinsipp for utvikling:</i></p> <p>Landskapskvalitetane i området bør sikrast som grunnlag for større, samanhengande friluftsområde for allment tilgjenge. Då bør det ikkje opnast for nye byggjeområde, ev. nye hytter bør avgrensast og leggest til Ytterøya og Ramsholmen som alt er påverka av hyttefelt.</p>		

Delområde 37 Halhjem




Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor- middels- liten)
<b>Landskapets innhald</b>		
Landformer og vatn	Halhjem ligg vestvendt i strandsona ved Halgjemssjøen og vendt mot ope skjergardslandskap i Søre Øyane. Terrenget stig svakt mot åslandskapet i delområde 38 Ferstad – Bjørnen i nord og sør, og har terrengformer prega av sprekkedalsystemet som er typisk for ytre Bergensbogane, der Naustvågen skjer djupt inn i terrenget og deler området i ein nordleg del og ein sørleg del. Sprekkedalen dannar eit landskapsdrag mellom Naustvågen og Vargavågen.	Middels
Vegetasjon	Det veks furuskog heilt ned i strandkanten der denne ikkje er bygd ned. I dalformene meir lauvskog, og Auredalen med kantvegetasjon langs bekk frå Bjørnavatnet dannar eit grøntdrag gjennom sørleg del av området.	Middels
Arealbruk og busetnad	Nord for naustvågen er Halhjem sterkt dominert av E39 og ferjeleie med oppstillingsareal, i tillegg til spreidde småhus og naust. Kring Naustvågen ligg tette naustrekker og flytebrygger, og heile strandsona er bygningspåverka av naust, hus og hytter. Sør for Naustvågen dominerer Halhjemsmarkjo bustadfelt med einebustader og rekkehus. Halhjem barneskule og idrettsanlegg ligg i kanten av bustadområdet, inn mot Bjørnavatnet.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	-	-
Kulturelle referansar	Nyare ferdselshistorie med E39 og ferjekaien.	Middels
Romleg- estetiske forhold	Halhjem er romleg avgrensa av fjorden i vest og Bjørnaåsen i aust. Ein bratt skrent /fjellskjering gir naturleg grense mot kulturlandskapet i delområde 39 i nord. Landskapstrekka er elles sterkt nedbygd, og grøntdraga som sprekkedalane gir er derfor viktig for innhald og variasjon. Utsyn mot overordna fjord- og skjergardslandskap.	Liten til middels
<b>Endrings- og vedlikehaldsprosessar</b>		
Aktive naturprosessar	Havnivå. Gjengroing i kantvegetasjon og randsoner.	Liten

Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	-	-
Bygg- og anleggsverksemd Transport	I sørleg del er nyare bustadfelt med store terrenginngrep i ferd med å verte ferdigstilt. Ny E39 Stord – Os vil på lengre sikt legge E39 utanom Halhjem og frigje areal. Innspel om mindre nye byggeområde inst i Naustvågen og i nord.	Stor
<b>Samanhengar og brot</b>		
Geografiske og romlege	Strandsona er sterkt nedbygd og gir brot i naturgitt samanhengar. Sprekkedalane er naturgitte samanhengar som framleis er leselege i landskapet. Retninga følgjer tydeleg ytre Bergensbogane.	Middels til stor
Funksjonelle	E39 er viktig ferdselsåre men også sterk fysisk og visuell barriere i landskapet. Samstundes er ferjeleiet lokalisert her på grunnlag av osen og skjerminga frå open fjord.	Stor
Historiske	-	-
<b>Nøkkelement</b>		
Naturskapte nøkkelement	Naustvågen og Auredalen. Bekken Bjørnavatnet – Auredalen. Leveområde elvemusling.	Middels til stor
Menneskeskapte nøkkelement	Ferjeleiet.	Stor
<b>Landskapskarakter</b>		
Halhjem er tettbygd og dominert av E39 og ferjeleiet, men har også utsyn til overordna fjord- og skjergardslandskap. Sprekkedalane gir verdifull variasjon i landskapet som blågrønne drag som knyter Halhjem til den meir historiske Vargavågen og vitnar om Bergensbogane som overordna landskapstrekk.		
<b>Samla verdivurdering</b>		
Tettbygd og bearbeida landskap kring Halhjemsosen med viktig knutepunktfunksjon for regional ferdsel. Tett forhold til sjøen og grøntstruktur i viktige landskapsdrag. <b>Middels verdi.</b>		
<b>Tilrådingar for landskap</b>		
<p><i>Viktige omsyn:</i></p> <p>Foten av Bjørnaåsen og overgangssone mot byggjefelt.</p> <p>Blågrønne strukturar i sprekkedalane: Naustvågen – Vargavågen, Bjørnavatnet – Auredalen – Aurevika, Bjørnahiet.</p> <p><i>Overordna prinsipp for utvikling:</i></p> <p>Området nord for Naustvågen har potensial for utvikling som landskapsmessig vil kunne ligge i tilknytning til ev nye byggeområde på andre sida av E39, lengst sør i delområde 39 Særvoll – Lunde. Skala, terreng- og landskapstilpassing er viktige omsyn for at utvikling ikkje skal gje store brot med eksisterande landskap.</p> <p>Ferjekaiområdet er lite eksponert og har større toleevne, og har på lengre sikt potensial for utvikling når E39 vert omlagt.</p>		

Området sør for Naustvågen framstår som ferdig utbygt dersom ein skal ta vare på omsyna over og sikre grøntkorridorar mellom byggjeområde og grønstrukturen i vågane og skogsåsane. Øvre felt i Halhjemsmarkjo har gitt store og eksponerte inngrep i overgangssona mellom busetnad og skogsåsen og det er viktig å forhindre vidare utbygging i foten av Bjørnaåsen for å sikre landemerket sin karakter.

Strandsona bør så langt som mogleg sikrast mot ytterlegare privatisering/nedbygging og sikrast samanheng med annan grøntstruktur.


Delområde 38 Ferstad- Bjørnen



Forhold ved landskapet/ Landskapets innhold	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor- middels- liten)
<b>Landskapets innhold</b>		
Landformer og vatn	Skogkledde åsar som er del av avgrensinga av det overordna, storskala fjordlandskapet mot Fusafjorden og Bjørnafjorden. Fire toppar på kring 100 moh, Bjørnaåsen, Vassliåsen Stordalsåsen og Kattaberget, dannar silhuetten/høgdedraget. Vargavågen går inn mellom åsane i en langstrakt sprekkedal som fortsett mot Naustvågen og Halhjem. Bjørnavatnet på 9 moh ligg mellom Vassliåsen og Bjørnaåsen. Strandsona mot fjorden er bratt og lite tilgjengeleg nord for Vassliåsen.	Stor
Vegetasjon	Tett furuskog pregar området.	Stor
Arealbruk og busetnad	Skog dekker det meste av området. Bustadfelt på Bjørnen ligg for seg sjølv vendt mot Fusafjorden på austsida av høgdedraget. På vestsida har bustadfelta i Halhjemsmarkjo strekt seg oppover mot Stordalsåsen og Bjørnaåsen. Turstiar langs fjordsida og rundt Vargavågen.	Liten
Kulturhistoria i landskapet	Skålgropstein og bergkunst registrert i området Vassliåsen - Stordalsåsen. Ved Vargavågen finst klebersteinsbrot og kolmile.	Liten
Kulturelle referansar	Vargavågen og Katlaberget historisk klebersteinsbrot. Badeplass / friluftsområde Bjørnavatnet.	Liten
Romleg- estetiske forhold	Vidt utsyn til storskala fjordlandskap frå toppane. Vargavågen og Bjørnavatnet dannar lokale landskapsrom i det kuperte landskapet. Bjørnaåsen med Bjørnatrynet landemerke/nes som stikk ut i Bjørnafjorden. Bustadfelt opp mot Bjørnaåsen er	Middels til stor
<b>Endrings- og vedlikehaldsprosessar</b>		
Aktive naturprosesser	Gjengroing i utmark.	Liten
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	-	-
Bygg- og anleggsverksemd Transport	Nyare bustadfelt opp mot Bjørnaåsen. Innspel om nye byggjeområde både på aust og vestsida av Stordalsåsen, kring Vargavågen og opp mot Bjørnaåsen, og Ferstadneset.	Middels
<b>Samanhengar og brot</b>		

Geografiske og romlege	Nesten ubrotten naturleg strandsone/åsside ut mot fjorden. Nyare, høgtliggande bustader i Bjørnaåsen er sterkt eksponerte og bryt med landformen som naturskapt landmerke.	Stor
Funksjonelle	-	-
Historiske	Historiske klebersteinsbrot i Vargavågen – Vargahola og Katlaberget, og bergkunst på Grødalshaugen er synlege spor etter tidlegare bruk av landskapet.	Middels til stor
<b>Nøkkelement</b>		
Naturskapte nøkkelement	Bjørnaåsen landemerke og orienteringspunkt frå fjorden. Vargavågen og klebersteinsførekomstar. Kalkfuruskog ved Ferstadvollen og aust for Bjørnaåsen. To regnskogområde i nordvende åssider. Auredalen bekke drag frå Langavatnet, leveområde elvemusling.	Middels til stor
Menneskeskapte nøkkelement	-	-
<b>Landskapskarakter</b>		
Skogkledd åsrygg danna av fleire toppar som fell bratt i fjorden er ein del av avgrensinga av det overordna landskapsrommet kring Fusafjorden og Bjørnafjorden. Bjørnaåsen og Bjørnatrynet særleg eksponert og markert landform og landemerke som det sørlegaste landarealet i kommunen. Nær urørt strandsone som går bratt ned i Fusafjorden.		
<b>Samla verdivurdering</b>		
Det skogkledd og markerte ryggen er ei viktig «urørt» åsside mot Fusafjorden med betydning for overordna landskap. <b>Stor verdi.</b>		
<b>Tilrådingar for landskap</b>		
<p><i>Viktige omsyn:</i></p> <p>Som en del av «urørt» og eksponert strandsone / romleg avgrensing mot Fusafjorden og Bjørnafjorden, er åsryggen ei viktig landskapsramme både mot Halhjem og ut mot fjorden som ikkje bør byggjast ned.</p> <p>Sprekkedalen Vargavågen – Naustvågen som landskapsdrag.</p> <p>Bjørnaåsen som landform og landemerke</p> <p><i>Overordna prinsipp for utvikling:</i></p> <p>Landskapsområdet har stort potensial og verdi som rekreasjonsområde for nærliggande byggjefelt og Søre Neset lokalsenter. Vidt utsyn mot storskala fjordlandskap og samanhengande skog og strandsone er ein viktig landskapsressurs som ikkje bør byggjast ytterlegare ned ved å tillate nye høgtliggande byggeområde i åsane.</p> <p>Nye byggeområde i vestsidene av Bjørnaåsen, Vassliåsen og Stordalsåsen vil vere eksponert spesielt mot vest og nordvest mot Halhjemsjøen, Hauglandsjøen, Innerøya, Ytterøy og Bjørnarøyosen, medan byggeområde på austsida vil vere eksponert mot Fusafjorden.</p> <p>Forankre avgrensing av Søre Neset lokalsenter i landskapsomsyna skildra over.</p> <p>Strandsone bør sikrast mot ytterlegare privatisering/nedbygging.</p>		

Delområde 39 Særvoll- Lunde





Figur 4-31 Kulturlandskap på Haugland.

Forhold ved landskapet	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor- middels- liten)
<b>Landskapets innhald</b>		
Landformer og vatn	Området ligg i overgangen mellom skogsåsane og kysten og vender seg i mot det overordna fjordlandskapet med Liafjellet i ryggen i nord. Området har låge terrengformer (opp mot k+50) prega av sprekkedalsystemet som er typisk for ytre Bergensbogane, og har mange små kollar og sprekkedalar som delvis strekker seg frå fjord til fjord på kvar side av neset. Lekvenvatnet ligg sentralt i ein slik sprekkedal der Vikadalen fell mot Særvollvika i Hauglandsosen og Vågadalen fell mot Lekvenvågen og Fusafjorden. Strandsona mot Hauglandsosen er variert og dels bratt og dels oppbroten av viker.	Middels
Vegetasjon	Vegetasjonsbiletet er prega av ein mosaikk av småskala jordbrukskulturlandskap og skogklede kollar. Skrinne område har furuskog, elles er det lauvskog og blandingskog i randsoner mot kulturmark, strandsone og bekke drag. Mot Lepsøy dominerer skogen. Bustadmiljø har hovudpreg av velhaldne prydhagar.	Stor
Arealbruk og busetnad	Området er preget av jordbruksareal og beiter med kjerneområde for landbruk ved Særvoll, Lekven og Ferstad. Spreidd busetnad i heile området, men med konsentrasjon i enkelte område og særleg ved Lunde skule. E39 går	Stor

	gjennom området mot Halhjem og fv158 Lepsøyvegen mot Søre Øyane.	
Kulturhistoria i landskapet	Heile landskapet har småskala kulturlandskapspreg som vitnar om lang kontinuitet i busetnad og gardsdrift. Kulturminnelokalitetar og SEFRAK-lokaliteter på Ferstad og Sævoll/Lunde (Lundestølen) og Haugland.	Stor
Kulturelle referansar	Ferstad gard og Nesjabuen.	Middels
Romleg- estetiske forhold	Området er småskala og mosaikkprega med stor variasjonsrikdom og vakkert samspel mellom naturformer, vegetasjon og aktivt kulturlandskap med landbruk og tradisjonell og nyare busetnad. Vert opplevd som ope og samanhengande. Den skogkledde kollen Hovereio er romleg dele mot Nore Neset.	Middels
<b>Endrings- og vedlikehaldsprosessar</b>		
Aktive naturprosesser	Gjengroing i randsoner mellom opne jordbruksareal og kollar og bekkedrag. Gjengroing i område som vert marginale / innestengt pga. spreitt utbygging.	Liten til middels
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annen utmarksbruk	Landbruket er aktivt og held det tradisjonelle kulturlandskapspreget i hevd.	Stor
Bygg- og anleggsverksemd Transport	Ingen aktive byggjeprosjekt. Ny planlagt E39 Stord – Os vil leggje E39 utanfor området. Svært mange innspel om nye byggjeområde. Søre Neset lokalsenter er tenkt lokalisert i overgangen mot landskapsområde 37 Halhjem.	Liten i dag, potensielt stor.
<b>Samanhengar og brot</b>		
Geografiske og romlege	Småkupert landskap med samanhengande jordbruksareal og vegetasjonsstrukturar gir ubrotten heilskap i eit større område som elles ikkje er klart romleg definert	Middels til stor
Funksjonelle	E39 er både samband og visuell og fysisk barriere gjennom området. Busetnaden er i ferd med å verte tett og samanhengande og området står i ferd med å misse den spreitt bygde karakteren.	Middels
Historiske	Kulturlandskap med lang historisk kontinuitet.	
<b>Nøkkelement</b>		
Naturskapte nøkkelement	Rik edellauvskog og store gamle trær på Lunde. Store gamle trær også på Grindevoll. Rik sump- og kildeskog samt kystfuruskog ved Storum. Ålegrassamfunn langs vestre fjordside.	Liten til middels

Menneskeskapte nøkkelement	Heilskapleg kulturlandskap.	Stor
<b>Landskapskarakter</b>		
<p>Ope jordbrukskulturlandskap. Den vestre delen av området, mot Lepsøy, er meir skogkledd og kupert enn det opne jordbrukslandskapet i aust. Ny busetnad er i ferd med å verte tett og pregar enkelte stader kulturlandskapet, som ved Søre Neset skole. Gardstuna ligg langs mindre lokalvegar, følgjer terrenget og skildrar landskapet og dei naturgitte forholda for jordbruksdrifta.</p>		
<b>Samla verdivurdering</b>		
<p>Det opne jordbrukslandskapet med tidsdjupne (fleire synlege kulturminne) og intakte gårdstun er avgjerende for landskapskarakteren. Spreidd bygging i jordbrukslandskapet er i ferd med å verte tett og E39 som barriere gjer at landskapsverdien ikkje vert høgare. <b>Middels verdi.</b></p>		
<b>Tilrådingar for landskap</b>		
<p><i>Viktige omsyn:</i></p> <p>Den opne, småskala og spreidd bygde landskapskarakteren er sårbar for fragmentering både gjennom nye byggjeområde og gjennom fortetting i allereie bygningspåverka miljø. Ytterlegare utbygging vil endre landskapskarakteren.</p> <p>Sprekkedalane og det småkuperte er eit viktig karaktertrekk som ikkje bør byggast att eller flatast ut med nye, større tiltak. Landskaps- og terrengtilpassing er viktig.</p> <p>Bekkedrag i sprekkedalane og kantsoner med vegetasjon langs open kulturmark og bekkedrag er ein landskapsressurs for både handtering av overvatn, biologisk mangfald, og romleg-estetisk.</p> <p><i>Overordna prinsipp for utvikling:</i></p> <p>Kulturlandskapsområdet ligg mellom lokalsentra Nore Neset og Søre Neset. Området er ein viktig landskapsressurs som grøntstruktur mellom fortettingsområde. Mange små gardsvegar gir potensial for utvikling av veg- og stinett for rekreasjon og ferdsel og samband.</p> <p>Lokalsentra og nye byggjeområde bør forankrast i landskapsdrag og vegetasjonsstrukturar som kan gje områda identitet og avgrensing og samtidig danne overordna grøntstruktur. Byggjeområde på Nore Neset bør av den grunn ikkje trekkast inn i Hovereo og kjerneområde landbruk på Skeie. Byggjeområde på Søre Neset bør av same grunn trekkast sørover mot Halhjem. God avgrensing av dei to sentra og fastsetting av eit større, samanhengande kjerneområde for landbruk som også omfattar det småskala kulturlandskapet som kjenneteiknar området kan vere ein god landskapsstrategi som sikrar området sine kvalitetar og ressursar.</p> <p>Eventuell utbygging i randsonene bør tilpassast møtet med overordna kulturlandskap og ta vare på omsyna over. Overgangssoner mellom byggjeområde og kulturlandskap bør sikrast eller reetablerast.</p>		

## 5. OPPSUMMERING

### 5.1. Områdetypar og landsskapsverdiar

I tillegg til dei to landskapsområda med stor regional verdi, Øvredalen og Lysekloster, som i denne analysen er gitt svært stor verdi er det identifisert 11 landskapsområde som er vurdert til stor lokal verdi. Desse landskapsområda er fordelt på fire områdetypar: dei høge kystfjella i indre del, delar av Osvassdraget, skjergarden med øyar og holmar, og særleg heilskaplege tradisjonelle kulturmiljø og kulturlandskap.

Middels verdi er i hovudsak gitt til områdetypar som er vanleg landskap i lokal samanheng. Dei har typisk mindre heilskap, inntrykksstyrke og variasjon enn landskapsområda med stor verdi. Dette er skogsåsane, sprekkedalane med varierende grad av landbruk/gardsbusetnad, område prega av varierende grad av tett og spreidd busetnad, og Osøyro og dei andre nærsenterområda.

Liten verdi er berre gitt eitt område, Ulven, som er dominert av veg- og næringsareal utan / med få landskapskvalitetar og med dårleg samanheng med landskapet omkring.

Verdikartet i figur 4-1 gir ein oversikt over områdeinndeling og landskapsverdi.

### 5.2. Strategisk landskapsplanlegging – bruk av analysen

Overordna føremål med landskapsanalysen er å få eit kunnskapsgrunnlag for langsiktig bruk og vern av areal i kommunen. Landskapsanalysen dekker heile kommunen med inndeling i heile 39 delområde. For kvart av desse delområda er det i kapittel 4 gjort ein grundig gjennomgang av landskapet sine kvalitetar, viktige omsyn og premiss for utvikling i eit landskapsperspektiv.

Kommuneplanarbeidet har definert ein senterstruktur der Osøyro er regionsenter, medan Lysefjorden, Nore Neset, Søfteland, Søre Neset og Søre Øyane er definert som nær-sentra. Det er uttalt at framtidig vekst i byggeområde primært skal skje innanfor senterområda i senterstrukturen til kommunen. I lys av dette er det viktig både å sikre landskapsverdiar og landskapskvalitetar innanfor vekstsonene, og avgrensing av senterområda.

Landskapsanalysen har kartlagt og analysert landskapstypar og landskapsverdiar, og lagt grunnlaget for vidare utvikling av strategiar for dei fire hovudpunkta kommunen har skildra som mål for bruk av analysen:

5. *Grunnlag for fastsetting av byfjell/markagrense i KPA*
6. *Identifisering og avgrensing av særleg verdifulle regionale og lokale landskapsområde*
7. *Grunnlag for sikring av landskapsverdiar mot utbygging i fortettingsområde/sentrumsområde*
8. *Grunnlag for krav til landskapsanalyse på reguleringsnivå*

I tillegg til desse fire bruksområda kan landskapsanalysen nyttast som grunnlag for å vurdere landskapskonsekvensar av innspel til kommuneplan og andre plan- og utbyggingstiltak.

#### Fastsetting av byfjell / markagrense i KPA

Avgrensing av landskapsområde er gjort på eit overordna nivå men gir ein indikasjon på kvar skillet mellom marka og bygde område går. Det er ikkje trekt eit konkret forslag til markagrense i analysen. I eit romleg-estetisk landskapsperspektiv ser det ut som det ligg ei kritisk grense for eksponering på ca. k+100, der byggeområde vert eksponert og får fjernverknad langt ut over det enkelte landskapsområdet, og slik påverkar store område. Eksempel på slike byggeområde er Hjellemarka

opp mot Borgafjellet, Mobergslia mot Liafjellet, og Brekkekampen mot Ulvenfjellet. Markagrense må likevel vurderast for det enkelte området, og i tillegg til eksponering ta omsyn til andre landskapsamanhengar som vegetasjon, vassdrag, overgangssoner i landskapet, og funksjonar for friluftsliv og tilgjenge. Bruk av omsynssoner i arealplanar og tematisk kommunedelplan for natur og friluftsområde kan vere aktuelle strategiar for fastsetting av markagrense.

### Identifisering og avgrensing av særleg verdifulle regionale og lokale landskapsområde

Landskapsområda 2 Øvredalen og 25 Lysekloster er vurdert til svært stor verdi som særleg verdifulle i regional samanheng. Dette er område der omsynet til natur- og kulturlandskap bør vere førande for all arealbruk og utvikling slik at kvalitetar og verdiar ikkje går tapt som ressurs for kommunen. Områda er ein landskapsressurs for lokal identitet, formidling av lokal og nasjonal kulturhistorie, og for friluftsliv.

Lokalt stor verdi er gitt til følgjande område:

1 Svenningen – Møsnuken (kystfjell)

3 Lønningdal, 5 Hegglandsdalen, 8 Solstrand – Moldegård, 9 Lyssand, 13 Ulvenvatnet – Kuventræ – Moberg (spreidd bygde kulturmiljø og kulturlandskap)

19 Gåssandvatnet – Hetleflotvatnet (del av Osvassdraget)

27 Sjøvik-Sperrevik, 28 Lysøya, 29 Drange, 32 Skeisosen, 33 Forstrøno-Skorpo, 36 Innerøya – Gulholmane, 38 Ferstad – Bjørnen (kyst og skjergard med øyar og holmar).

Dette er område med ulik karakter og som særleg godt representerer stadidentitet og viktige overordna karaktertrekk ved landskapet i Os. I desse områda bør arealplanlegginga ta særleg omsyn til at landskapskarakteren og kvalitetane ikkje går tapt som ressurs. Fleire av områda grensar mot Osøyro og nærsentra og utgjer i eit landskapsperspektiv ei viktig omramming og avgrensing av desse fortettingsområda.

### Sikring av landskapsverdiar mot utbygging i fortettingsområde/ sentrumsområde

Analysen peikar på at det er viktig å sikre og utvikle natur- og kulturlandskapsområde som grunnlag for identitet, kvalitet og rekreasjon i og rundt fortettingsområda. I analysen av det enkelte delområdet er det skildra viktige omsyn og prinsipp for utvikling ut frå eit landskapsperspektiv.

På generelt grunnlag er det viktig å oppretthalde samanhengen mellom fortettingsområda og dei overordna landskapstrekk:

- Sikre at store, samanhengande landskapsrom og landskapsamanhengar ikkje vert brotne.
- Sikre blågrøne strukturar og ferdselsårer.
- Underbygge og styrke sentrale landskapselement og karaktertrekk.

Ein bør vere varsam med å byggje på knausar, toppar, og åsar som er eksponerte i landskapet. 3d-modellar og analysar av nær- og fjernverknad er nyttige verktøy for å identifisere særleg eksponerte område. Ved å trekke byggeområde ned i terrenget vil ein i større grad kunne ta vare på overgangssoner i landskapet slik at byggeområda vert landskapstilpassa, og i tillegg ta vare på gode felles grøntkorridorar for tilkomst og ferdsel til fjell, utmark og strandsone.

Randsoner og overgangssoner i landskapet, inkl. strandsona, er også viktige som ressurs for naturmangfald og landskapsøkologiske funksjonar, handtering av overvatn, og for visuelle samanhengar og kvalitetar. I strandsona og i tradisjonelle kulturlandskap med gardstun og spreidd busetnad utanfor definerte fortettingsområde /sentrumsområde bør det ikkje fortettast ytterlegare

utan at verknaden for landskapskarakteren vert vurdert på detaljert nivå. Døme på slike område er kulturlandskapet i delområde 39 Særvoll – Lunde og 35 Søre Øyane.

Lysekloster nærsenter står i ei særstilling, med stor press knytt opp mot ny E39. I eit landskapsperspektiv er det avgrensa moglegheiter for utvikling av områda mot fjorden og mot Lyseklosterdalen, utan at dette går ut over kvalitetar som er ein ressurs for heile området og kommunen. Analysen peikar på at område som ligg vendt inn mot E39 og Endelausmarka er mindre sårbare for utvikling. Samtidig er det viktig å unngå at nærsenterfunksjonane vert endå meir bilbaserte enn i dag. Arealplanlegginga i dette området må ta omsyn både til vern og vekst for at landskapskvalitetane ikkje skal gå tapt som ressurs og sårbare landskapsområde verte redusert i verdi.

### **Krav til landskapsanalyse på reguleringsnivå**

Korleis kommunen og utbyggjarar skal ta omsyn til viktige landskapsverdiar- og landskapsamanhengar i det enkelte fortettingsområdet eller byggjeområdet er spørsmål som krev eit meir detaljert nivå enn det som landskapsanalysen på kommunenivå kan handtere.


I område med etablert busetnad i tradisjonelle kulturlandskap knytt til landbruk eller sjø bør ein være svært varsam med å gje løyve til utbygging utan ei meir detaljert landskapsanalyse.

På generelt grunnlag bør kommunen stille krav om dokumentasjon på verknader for landskap i alle reguleringsplanar. For alle senterområda bør det lagast detaljert landskapsanalyse. Innhaldet i denne analysen og skildringa av det enkelte delområdet kan nyttast som grunnlag for å vurdere kva forhold i landskapet som bør vere med i detaljert analyse / tema for detaljert landskapsanalyse. Nær- og fjernverknad av landskaps- og terrenginngrep er sentrale element og bør inngå i detaljert landskapsanalyse.


### 5.3. Kartvedlegg. Overordna landskapstrekk for senterområda

I det følgjande er det vist temakartutsnitt for regionsenteret og nærsentra. Det er vist verdikart, høgdelagskart, markslag, og kulturminnekart. For alle sentra er det vist ei radius på 1km radius, for regionsenteret Osøyro er det også vist ein radius på 2 km, i samsvar med regional areal- og transportstrategi. Slik vert det tydeleggjort kvar vekstradien kryssar grenser for delområde og kan sjåast i samanheng med landskapet omkring. Til slutt er det vist eit kart med viktige overordna landskapstrekk.

#### Osøyro







Viktige overordna landskapstrekk for Osøyro:




**VIKTIGE LANDSKAPSTREKK**

-  Markete kantar/ åsrygger
-  Mindre landskapsvegger/ koller
-  Viktige grønne samanhengar
-  Viktige blå samanhengar
-  1000 og 2000 meter radius

### Nore Neset





Viktige overordna landskapstrekk for Nore Neset



**VIKTIGE LANDSKAPSTREKK**


- ▬▬▬ Markete kantar/ åsrygger
- ▬▬▬ Mindre landskapsveggar/ koller
- ▨▨▨ Viktige grønne samanhengar
- ▨▨▨ ← Viktige blå samanhengar
- Os
- 1000 meter radius

### Søfteland






Søre Neset







Viktige overordna landskapstrekk for Søre Neset



**VIKTIGE LANDSKAPSTREKK**





-  Markete kantar/ åsrygger
-  Mindre landskapsvegger/ koller
-  Viktige grønne samanhengar
-  Viktige blå samanhengar
-  1000 meter radius

### Søre Øyane






## Lysekloster



### Viktige overordna landskapstrekk for Lysekloster



#### VIKTIGE LANDSKAPSTREKK

-  Markete kantar/ åsrygger
-  Mindre landskapsveggar/ koller
-  Viktige grøne samanhengar
-  Viktige blå samanhengar
-  Sund
-  1000 meter radius

## KJELDER

---

Clemetsen, Uttakleiv og Skjerdal, Aurland naturverkstad, 2011, «*Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke. Med utgangspunkt i Nasjonalt referansesystem for landskap*», Rapport 07-2011.

Aurland Naturverkstad, 2013, Landskapsanalyse for Fjell kommune

Direktoratet for naturforvaltning/Riksantikvaren, 2010, «*Landskapsanalyse. Framgangsmåte for vurdering av landskapskarakter og landskapsverdi*»

Direktoratet for naturforvaltning/Riksantikvaren 2011, «*Metode for landskapsanalyse i kommuneplan*».

Helland-Hansen, William mfl., Bergen Museum, Universitetet i Bergen, 2004, Naturhistorisk vegbok for Hordaland.

Os kommune, Kultureininga, 2018, Kulturminnegrunnlag Osøyro sone 1.

